



St.meld. nr. 11

(1999-2000)

Kredittmeldinga 1998

*Tilråding frå Finans- og tolldepartementet av 29. oktober 1999,
godkjend i statsråd same dagen.*

1 Innleiing

1.1 Oversikt over meldinga

Finansdepartementet legg med dette fram Kredittmeldinga 1998.

I kapittel 1 blir det gitt generell marknadsinformasjon om finansinstitusjonane og verdipapirhandelen i 1998, mens kapittel 2 handlar om forvaltninga av staten sine eigarinteresser i norske bankar gjennom Statens Bankinvesteringsfond og eigarskap og struktur for finansmarknaden. I tillegg omhandlar kapittel 2 òg organiseringa av tilsynsverksemda for finansmarknaden. Dette er ei oppfølging av behandlinga i Stortinget av Smith-kommisjonen sin rapport om ulike årsaksforhold knytt til bankkrisen (Dokument nr. 17 (1997-98)), jf. Innst. S. nr. 141 (1998-99). Kapittel 3 omhandlar forvaltningsarbeidet som departementet og Kredittilsynet har utført på finansmarknadsområdet i 1998. Kapittel 5 omtalar verksemda til Kredittilsynet i 1998. Vidare er det ein omtale av verksemda til Noregs Bank (kapittel 4), Statens Banksikringsfond (kapittel 6) og Statens Bankinvesteringsfond (kapittel 7) i 1998. Omtalen av verksemda til desse institusjonane er pålagd ved lov, jf. sentralbanklova § 28, banksikringsfondslova § 8 og bankinvesteringsfondslova § 6. Omtalen i dei nemnde kapitla byggjer i stor grad på årsmeldingane frå institusjonane. Kapittel 8 tek opp verksemda til Folketrygdfondet i 1998.

Årsmeldingane frå Noregs Bank, Kredittilsynet, Statens Banksikringsfond, Statens Bankinvesteringsfond og Folketrygdfondet følgjer som utrykte vedlegg til meldinga.

1.2 Utviklinga på finansmarknaden

Sjølv om nokre forretningsbankar kunne presentere gode resultat for 1998, hadde forretningsbankane samla svakare resultat i 1998 enn i 1997. Enkelte bankar hadde klart svekte resultat som følgje av utlånstap eller tap på verdipapir. For sparebankane var resultata i 1998 om lag som i 1997. Auka rentenivå førte til at bankane fekk betre netto renteinntekter i andre halvår, og betringa var særleg sterk i siste kvartal. For året under eitt gjekk nettorenta likevel ned både for spare- og forretningsbankane.

Skadeprosenten i skadeforsikringsselskapa gjekk ned i 1998 etter to år med markert auke. Svekte finansinntekter gjer likevel sitt til at resultata blei reduserte i høve til 1997.

Nedgangen i aksjemarknaden i Noreg og internasjonalt førte til at livselskapa fekk svake resultat i 1998. Svingingane i verdipapirmarknadene i 1998 viste kor viktig det er med sterk bufferkapital i livselskapa.

Blant norske finansinstitusjonar er det i første rekkje forsikringsselskapa og pensjonskassene som er utsette for marknadsrisiko. Det var difor også desse institusjonane som var mest utsette for uroa i dei finansielle markna-

dene i andre halvdel av 1998. Delen av forvaltningskapitalen som er plassert i aksjar, har vore aukande dei siste åra.

Resultata til livsforsikringsselskapa for 1998 reflekterte den markerte nedgangen i aksjemarknaden. På grunn av ein solid bufferkapital som er bygd opp gjennom fleire år, var soliditeten til livsforsikringsselskapa ved utgangen av 1998 likevel tilfredsstillande. Det er særleg oppbygginga av tilleggsavsetnader, som det blei opna for ved forskrift i 1993, som har betra bufferkapitalen til livsforsikringsselskapa. Tilleggsavsetnadene set selskapa betre i stand til å møte svingingar i avkastninga frå år til år, og gir dei moglegheit til å gjere ein vesentleg del av ekstraordinært høge årsavkastningar til ei betinga kundetildeling, som kan nyttast til å dekkje avkastningspliktene i åra framover, dersom faktisk avkastning skulle falle under garantert avkastning. Livsforsikringsselskapa var ikkje nøyddde til å selje aksjane sine under uroa i marknadene, og endra heller ikkje si samansetjing av porteføljen vesentleg på annan måte. Dei internasjonale plasseringane i aksjar og obligasjonar var med på å redusere det samla verdifallet på verdipapira til selskapa, ettersom den norske aksjemarknaden fall meir enn dei fleste andre.

Finansdepartementet vil elles vise til Revidert nasjonalbudsjett 1998 der det på side 125 og 126 står:

«Finansdepartementet legger vekt på at aksjeplasseringen må stå i forhold til det enkelte selskaps risikoevne, og at større eksponering for konjunkturavhengige svingninger i bufferkapitalen må følges opp av krav til selskapenes kapitalforvaltnings- og risikostyringssystemer og til det tilsynsmessige apparatet.»

1.2.1 Bank

Nettorenta viste òg i 1998 nedgang for spare- og forretningsbankane, heile året sett under eitt. Renteauken mot slutten av året gjorde likevel at nettorenta var høgare ved slutten enn ved inngangen av året. Fallet i nettorenta, som er differansen mellom renteinntekter og rentekostnader, var ikkje like sterk i 1998 som i dei siste åra. Sparebankane oppnår framleis ei høgare nettorenta enn forretningsbankane, og dei små og mellomstore bankane hadde ei høgare nettorenta enn dei store. Mens dei tre største forretningsbankane oppnådde ei nettorenta på 1,91 prosent i høve til gjennomsnittleg forvalta kapital, var nettorenta til dei andre forretningsbankane 2,38 prosent i høve til same forholdstal. På sparebanksida hadde den største banken ei nettorenta på 2,25 prosent, dei fire mellomstore 3,07 prosent og dei 25 neste i storleik 3,26 prosent i høve til gjennomsnittleg forvalta kapital.

Tap på utlån steig merkbar for både spare- og forretningsbankar i 1998. Forretningsbankane hadde samla tap på utlån og garantiar på 1,7 milliardar kroner, mens dei same bankane i 1997 hadde netto inntektsføring av tap på 363 millionar kroner. Tala for 1998 er i stor grad påverka av tap i Den norske Bank (DnB). For sparebankane auka tapa med 478 millionar kroner til 754 millionar kroner.

Avkastninga på eigenkapitalen, målt ved resultat av ordinær drift føre skatt og ekstraordinære postar som del av gjennomsnittleg forvalta kapital, var for dei tre største forretningsbankane 11,1 prosent i 1998, mot 17,7 prosent i 1997. Forklaringa på fallet er dei auka tapa i DnB. For dei andre forretningsbankane var eigenkapitalavkastninga 13,6 prosent, som er om lag på same nivå som i

1997. For sparebankane samla viser eigenkapitalavkastninga ein nedgang frå 16,8 prosent i 1997 til 16,1 prosent i 1998.

Etter nokre år med svært høg utlånsvekst gjekk veksten noko ned i 1998. Årsveksten i utlån var 3,4 prosent for forretningsbankane. Tala er påverka av at Bolig- og Næringsbanken overførte utlånsporteføljen til det nyoppretta kredittforetaket Bolig- og Næringskreditt. Når ein ser bort frå denne overføringa, hadde forretningsbankane ein årsvekst i utlån på 7,4 prosent. Det var særleg i dei tre største forretningsbankane at veksten avtok, mens utlånsveksten framleis var sterk i dei andre forretningsbankane. Dei tre største hadde ein årsvekst på 4,6 prosent, og for dei andre var veksten på 19,8 prosent. Sparebankane auka sine utlån med 10,2 prosent.

Tabell 1.1: Resultatpostar i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital for forretningsbankar (morbank utanom utanlandske filialar i Noreg og utanom Postbanken)

	1996	1997	1998
Nettorente	2,30	2,08	2,01
Andre inntekter	1,19	0,95	0,86
av dette kursvinstar/-tap verdipapir	0,27	0,29	0,20
Andre kostnader	2,41	2,06	1,92
Resultat av ordinær drift før tap	1,08	0,98	0,94
Tap på utlån og garantiar	-0,18	-0,07	0,29
Resultat av ordinær drift etter tap	1,32	1,06	0,68

Kilde: Kredittilsynet, skjema for hovudtal.

Tabell 1.2: Resultatpostar i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital for sparebankar

	1996	1997	1998
Nettorente	3,32	2,97	2,91
Andre inntekter	1,11	1,02	0,85
av dette kursvinstar/-tap verdipapir	0,16	0,14	0,00
Andre kostnader	2,89	2,62	2,40
Resultat av ordinær drift før tap	1,54	1,37	1,36
Tap på utlån og garantiar	0,08	0,08	0,20
Resultat av ordinær drift etter tap	1,46	1,29	1,22

Kilde: Bankstatistikken

Tabell 1.3: Balanseposter for forretningsbankar (morbank utanom utanlandske filialar i Noreg og utanom Postbanken). Milliardar kroner ved utgangen av året

	1996	Vekst i %	1997	Vekst i %	1998	Vekst i %
Utlån til kundar (brutto)	343	20	408	19	422	3
Innskot frå kundar	245	20	249	2	265	6
Forvaltningskapital	459	28	526	15	570	8

Kilde: Kredittilsynet, skjema for hovudtal.

Tabell 1.4: Balanseposter for sparebankar. Milliarder kroner ved utgangen av året

	1996	Vekst i %	1997	Vekst i %	1998	Vekst i %
Utlån til kundar (brutto)	275	9	313	14	345	10
Innskot frå kundar	226	8	233	3	245	5
Forvaltningskapital	320	11	362	13	403	11

Kilde: Bankstatistikken

Fallet i kjernekapitaldekninga dei siste åra stoppa opp i 1998. For dei største forretningsbankane er nedgangen i utlånsveksten den viktigaste forklaringa på stabiliseringa av kjernekapitaldekninga. Dei andre forretningsbankane henta framleis inn ny aksjekapital ved emisjonar, og var såleis i stand til å auke kjernekapitaldekninga sjølv om utlånsveksten var høg. Ved utgangen av 1998 hadde forretningsbankane ei gjennomsnittleg kjernekapitaldekning på 7,7 prosent, mot 7,6 prosent i 1997. For dei største forretningsbankane var gjennomsnittleg kjernekapitaldekning på 7,3 prosent, som var uendra frå førre året.

For sparebankane er det berekna ei gjennomsnittleg kjernekapitaldekning på 11,7 prosent ved utgangen av 1998. Dette er same nivå som 12 månader tidlegare. Ein emisjon av grunnfondsbevis i Sparebanken NOR på vel 2 milliardar kroner var avgjerande for at kjernekapitaldekninga for sparebankane samla sett heldt seg stabil. Kjernekapitaldekninga blei redusert for 26 av dei 30 største sparebankane. Kapitaldekninga for sparebankane må likevel karakteriserast som god.

Alle forretnings- og sparebankane oppfylte ved utgangen av 1998 lovkravet til kapitaldekning på 8 prosent. Fem forretningsbankar rapporterte ei kjernekapitaldekning på under 8 prosent, og var såleis avhengige av tilleggskapital for å oppfylle minstekravet til soliditet etter lova. Det er i hovudsak ansvarleg lånekapital som utgjør tilleggskapitalen.

Ved slutten av 1998 var det 147 bankar i Noreg. Det var i alt 133 sparebankar, 13 norske forretningsbankar og Postbanken. I tillegg til desse var sju utanlandske bankar representerte med filialar i Noreg. Norske bankar hadde 12 filialar i utlandet. Av desse var seks filialar innanfor EØS-området.

1.2.2 Forsikringsselskap

Skadeforsikringsselskapa hadde i 1998 eit resultat av ordinær verksemd på 1 864 millionar kroner. Dette svarar til 9,1 prosent av opptent premie for eiga rekning. Dette er ein nedgang på 967 millionar kroner, eller 34 prosent, i høve til året før. Svake resultat frå finansforvaltninga er hovudforklaringa til at selskapa hadde nedgang i resultat av ordinær verksemd.

Dei fire største skadekonserna stod for 92 prosent av samla opptent brutto premie i 1998. Dei fekk eit resultat av teknisk rekneskap på 366 mill. kroner, som svarar til 1,9 prosent av opptent premie for eiga rekning. Resultat av den ikkje-tekniske rekneskapen fall frå 1 760 millionar kroner i 1997 til 239 millionar kroner i 1998. Dette gav dei fire skadeforsikringskonserna eit resultat av ordinær verksemd på 604 millionar kroner, 3,2 prosent av opptent premie, mot 1 847 millionar kroner, svarande til 10,5 prosent av opptent premie i 1997. Det svake tekniske resultatet til skadeforsikringsselskapa gjer dei avhengige av god kursutvikling i verdipapirmarknadene for at dei skal oppnå gode resultat samla sett.

Tabell 1.5 viser dei viktigaste resultatpostane i dei fire største skadekonserna.

Tabell 1.5: Resultatpostar i dei fire største skadekonserna. Milliardar kroner og i prosent av opptent premie for eiga rekning (f.e.r.)

	1997		1998	
	Mrd. kr	Prosent	Mrd. kr	Prosent
Opptent premie f.e.r.	17,6	-	18,8	-
Pådregne skadar f.e.r.	14,1	80,4	15,0	79,8
Driftskostnader	5,0	28,5	5,4	28,7
Netto finansinntekter	3,5	20,1	2,3	12,3
Resultat av ordinær verksemd	1,8	10,5	0,6	3,2

Kilde: Kredittilsynet, skjema for hovudtal.

Premieutviklinga innanfor bransjen Yrkesskadeforsikringar har vore urovekkjande dei siste åra. I 1997 og 1998 har dei samla bruttopremiane til selskapa i denne bransjen (nominelt) lege ca. 20 prosent lågare enn i 1995. Korrigerer ein for utviklinga i talet på forsikringar og prisutviklinga, er den reelle premienedgangen om lag 27-28 prosent. Dei store skadeforsikringsselskapa har i 1998 signalisert til Kredittilsynet at det nå kjem til å bli iverksett kraftige premieaukar i denne bransjen. Sidan dei fleste yrkesskadeforsikringskontraktar har hovudforfall pr. 1. januar, får dei signaliserte premieaukane først effekt frå og med rekneskapsåret 1999. Frå Kredittilsynet blir det opplyst at premieauken frå 1998 til 1999 blir på om lag 15 - 20 prosent. Ifølgje Kredittilsynet er ikkje dette ein tilstrekkeleg premieauke for at forsikringsordninga skal gå i balanse, så ytterlegare premieauke må forventast i åra som kjem.

Dei fire skadekonserna auka forvaltningskapitalen sin med 2,2 prosent til 52 milliardar kroner i 1998. Av dette er 13,8 prosent kortsiktige plasseringar i aksjar og fondsdelar, mot 15,7 prosent på same tidspunkt året før. Obligasjonar og sertifikat utgjorde 39 prosent av samla forvaltningskapital.

Alle skade- og kredittforsikringsselskapa oppfylte ved slutten av 1998 minstekravet til kapitaldekning på 8 prosent.

Aksjeselskap utanom skadekonsern og kredittforsikringsselskap fekk òg eit fall i resultatet, mens captive-selskapa (eigenforsikringsselskapa) betra resultatet monaleg, frå 694 til 1 028 millionar kroner.

Ved utgangen av 1998 var det ti tradisjonelle livselskap og seks selskap med konsesjon til å drive livsforsikring med investeringsval.

Det verdijusterte resultatet til livselskapa for 1998 var - 3,4 milliardar kroner, som svarar til - 1,2 prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Det verdijusterte resultatet var 12,2 milliardar kroner eller 4,5 prosent i høve til gjennomsnittleg forvaltningskapital i 1997. Det er i første rekkje den svake utviklinga i verdipapirmarknadene, særleg i den norske aksjemarknaden, som forklarar dei svekte resultata i 1998. Kursreservane til livselskapa fall frå 12,4 milliardar kroner ved utgangen av 1997 til 5,5 milliardar kroner ved utgangen av 1998. Kursreservane auka merkbar fjerde kvartal som følgje av at dei utanlandske aksjemarknadene tok seg kraftig opp. Det bokførte resultatet for 1998 var 3,5 milliardar kroner, som er 1,2 prosent i høve til gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 8,8 milliardar kroner og 3,3 prosent i høve til gjennomsnittleg forvaltningskapital i 1997. Resultata til livselskapa var dei svakaste sidan 1994. Tabell 1.6 syner dei viktigaste resultatpostane i livselskapa i 1997 og 1998.

Tabell 1.6: Resultatpostar i livsforsikring. Milliardar kroner og i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital

	1997		1998	
	Mrd. kr	Prosent	Mrd. kr	Prosent
Premieinntekter	27,6	10,2	30,4	10,3
Inntekter frå finansielle egedelar	32,9	12,2	36,9	12,6
Erstatningar	17,5	6,5	23,9	8,1
Endringar i forsikringsavsetnader	21,8	8,1	17,6	6,0
Forsikringsrelaterte kostnader og adm.kostnader	2,4	0,9	2,5	0,9
Overskot før fordeling og skatt	8,8	3,3	3,5	1,2
Verdijustert resultat før fordeling og skatt	12,2	4,5	-3,4	-1,2

Kilde: Kredittilsynet, skjema for hovudtal.

Ved utgangen av 1998 hadde livselskapa ein samla forvaltningskapital på 305 milliardar kroner. Aksjar utgjorde 23,5 prosent av forvaltningskapitalen, mot 20 prosent ved utgangen av 1997. Utanlandsdelen av aksjebeholdninga til selskapa auka i perioden frå 45,4 til 56,4 prosent. Det var i 1998 ein klar fordel å sitje med utanlandske verdipapir.

Aksjar og store beholdningar med obligasjonar gjer livselskapa sårbare for fall i verdipapirmarknadene. Tilleggsavsetnader og kursreservar er dei viktigaste bufferane mot denne marknadsrisikoen. Soliditeten til livselskapa var tilfredsstillande ved utgangen av 1998. Kursreservar på 12,4 milliardar kroner ved utgangen av 1997 gjorde at det ikkje var naudsynt å belaste tilleggsavset-

nader og ansvarleg kapital i 1998. Alle livselskapa hadde ved utgangen av 1998 ei kapitaldekning som var høgare enn minstekravet på 8,0 prosent.

Selskapa som tilbyr livsforsikring med investeringsval, fekk eit underskot på 26 millionar kroner i 1998. Premieinntektene var 1,1 milliardar kroner, og forvaltningskapitalen ved utgangen av 1998 var 1,8 milliardar kroner. Aksjar og aksjefond utgjorde nær 60 prosent av forvaltningskapitalen. Det er (i all hovudsak) forsikringskundane som sit med risikoen knytt til aksjeinvesteringane i desse selskapa.

Det er i 1998 avvikla 10 pensjonsfond, slik at talet på pensjonsfond under tilsyn er nede i 96 ved utgangen av 1998. Pensjonsfonda blei etablerte under anna lovgjeving og andre samfunnstilhøve, og kan i dei fleste tilfelle avviklast mest formålstenleg ved at midlane og forpliktingane til fondet blir overførte til eit livselskap.

1.2.3 Finansieringsføretak

Gruppa finansieringsføretak er samansett av finansieringsselskap og kredittføretak. Ved utgangen av 1998 var det registrert 34 finansieringsselskap og 12 filialar av utanlandske finansieringsselskap, 10 kredittføretak og ein filial av eit utanlandsk kredittføretak i Noreg.

I eit utval på 29 av finansieringsselskapa auka resultat av ordinær drift før skatt med 106 millionar kroner fra 1997 til 1998, til 939 millionar kroner. Auka nettorente forklarar resultatforbetringa. I høve til gjennomsnittleg forvaltningskapital fall likevel nettorenta med 0,34 prosentpoeng.

Det er i utvalet ein auke i brutto utlån til kundar på 20,0 prosent i 1998. Dei utanlandske filialane auka mest.

Kredittføretaka auka sine brutto utlån til kundar med 32,8 prosent i 1998 (25 milliardar kroner). Den kraftige veksten kjem i første rekkje av etableringa av Bolig- og Næringskreditt og overføringa av utlånsportefølje frå Bolig- og Næringsbanken med 17 milliardar kroner. Resultat av ordinær drift fall frå 662 millionar kroner i 1997 til 595 millionar kroner i 1998. Årsaka var i første rekkje tap på verdipapir og lågare tilbakeføringar av tidlegare bokførte tap enn året før.

Ved utgangen av 1998 hadde utvalet av 29 finansieringsselskap ei kjernekapitaldekning på 11,9 prosent, som er ein nedgang på 2,1 prosentpoeng i høve til utgangen av 1997. Alle selskapa oppfylte minstekravet til kapitaldekning på 8 prosent. Fire selskap hadde ei kjernekapitaldekning på under 8 prosent ved utgangen av 1998.

Kredittføretaka hadde ei kjernekapitaldekning på 12,8 prosent ved utgangen av 1998, eit fall frå 13,7 prosent ved utgangen av 1997. Alle kredittføretaka oppfylte minstekravet til kapitaldekning.

1.2.4 Verdipapirhandel

Uro på børsane, særleg i Asia og Russland, fallet i oljeprisen og uvisse omkring utviklinga her heime som gav høgare renter i Noreg, førte til at den norske verdipapirmarknaden fekk eit tilbakeslag i 1998. Omsetninga på Oslo Børs fall til 322 milliardar kroner, ein nedgang på om lag 5 prosent, mens marknadsv verdien av aksjane fall med om lag 28 prosent. Inntekta til verdipapirføretaka blei redusert med nærare 10 prosent, hovudsakleg som ei følgje av

eit markant fall i talet på emisjonar. Emisjonane hadde i 1998 ein verdi på om lag 11 milliardar kroner, ein nedgang på om lag 47 prosent.

Verdipapirføretak i bankar får i hovudsak inntektene sine frå handel i andre finansielle instrument, særleg valuta og rentederivat. For desse føretaka blei det registrert eit betre resultat samanlikna med 1997.

Den generelle tilbakegangen i verdipapirmarknaden i 1998 fekk òg følgjer for verdipapirfonda. Forvaltningskapitalen fall med 11 milliardar kroner. Det blei likevel registrert ein auke i internasjonale fond på heile 88 prosent. Veksten fann for ein stor del stad i første halvår. Auken kan tyde på at investorane har sett det som ein føremon å spreie risikoen på ulike sektorar og marknader.

Ved utgangen av 1998 var det godt over 1,7 millionar deleigarar i norske verdipapirfond. Talet på personar som har investert i verdipapirfond, var lågare, då mange kundar eig delar i fleire fond. Dei siste åra har det vore ein tendens til at hushaldningane og føretaka i aukande grad kanaliserer den finansielle sparinga si til verdipapirfond, og den tendensen ser ut til å gjelde framleis.

2 Om eige, tilsyn og struktur for finansmarknaden

2.1 Forvaltninga av statens eigardelar i bankane gjennom Statens Bankinvesteringsfond

2.1.1 Bakgrunn

Staten er den største eigaren i Den norske Bank og Kreditkassen. Eigardelane vert forvalta gjennom Statens Bankinvesteringsfond (SBIF). Om føremålet med verksemda i SBIF heiter det mellom anna i St.meld. nr. 39 (1993 - 94) (side 127):

«Formålet med et statlig medeierskap skal være å bidra til å sikre et stabilt eierskap i de to største norske forretningsbankene. Et slikt eierskap forutsettes å sikre at sentrale beslutningsfunksjoner forblir i Norge, og at oppmerksomheten om utviklingsmulighetene i norsk næringsliv ikke svekkes. En statlig eierandel på over 1/3 er tilstrekkelig for å nå de angitte målene for det statlige eierskapet. Med en slik eierandel vil staten kunne utøve en betydelig innflytelse over strategiske veivalg i banken, samt kunne forhindre vedtektsendringer som er i strid med nasjonale interesser. Det forutsettes at det statlige medeierskapet baseres på at bankene skal drives på et ordinært forretningsmessig grunnlag.»

I St.prp. nr. 76 (1998 - 99) fremma Regjeringa forslag om samtykke til godkjenning av plan for fusjon mellom Den norske Bank ASA og Postbanken AS. Forslaget fekk støtte i komiteen, jf. Innst. S. nr. 216 (1998 - 99), og det vart vedteke i Stortinget 15. juni 1999. Den 30. juni 1999 blei det òg klart at generalforsamlinga til DnB gjekk inn for ei slik samanslåing.

Konsesjonssøknaden er blitt behandla av Finansdepartementet på vanleg måte. Det inneber at søknaden er blitt lagd fram for Kredittilsynet for ei førebunde behandling. Som ledd i behandlinga av konsesjonssøknaden er det òg blitt bedd om ei utsegn frå Noregs Bank, samt ei vurdering av Konkurransetilsynet om fusjonen i forhold til konkurranselover. Løyve til fusjon mellom DnB Postbanken ble gjeve av Finansdepartementet 14. oktober 1999.

Strukturen i DnB-konsernet vil i alle høve bli endra som følgje av pålegg frå Finansdepartementet i samband med at DnB kjøpte Vital Forsikring ASA, jf. brev frå Finansdepartementet til DnB av 2.7.1998. DnB blir etter omorganiseringa dotterselskap av eit nyoppretta holdingselskap. Postbanken kjem til å bli fusjonert inn i dette dotterselskapet.

Statens eigardel i det nyoppretta holdingselskapet blir på 60,6 prosent (etter fusjonen). Ved behandlinga av statsbudsjettet 1998 vedtok Stortinget Regjeringa sitt forslag om at den statlege eigardelen i dei to bankane skulle reduserast ned mot ein tredel, jf. Budjett-innst. S. nr. 6 (1997 - 98) og punkt 3.4.14 i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 3 (1997 - 98) om endring av St.prp. nr. 1 om statsbudsjettet medregnet folketrygden. Det framgår av St.prp. nr. 76 (1998 - 99) at statens uttrykte intensjon om å redusere eigardelane ned mot ein tredel

står ved lag, òg etter at Postbanken er fusjonert inn i DnB-konsernet. Statens eigardel i Kreditkassen blei elles redusert til 34,67 prosent i mars 1999.

I St.prp. nr. 76 (1998 - 99) står det under punkt 6.2 på side 20 følgjande:

«Det legges til grunn at statens eierandel i den fusjonerte banken vil bli samlet i Statens Bankinvesteringsfond. Retningslinjene for Statens Bankinvesteringsfonds utøvelse av eierrollen vil i den forbindelse bli vurdert, bl.a. sett i lys av at fusjonspartene har foreslått at de styrende organer i det nyopprettede holdingselskapet skal bli sammensatt på en måte som tar hensyn til partenes relative størrelse, jf. omtale i kap 5.1.»

I kap. 5.1 går følgjande fram:

«Partene er likevel enige om at man vil foreslå at de styrende organer i det nyopprettede holdingselskapet skal bli sammensatt på en måte som tar hensyn til partenes relative størrelse, dog slik at med hensyn til aksjonærvalgte representanter i styret i holdingselskapet bør to representanter nomineres fra Postbankens side. Det vises for øvrig til kommentarene i kap. 6.2.»

Den nomineringa av styrerepresentantar som er omtala i St.prp. nr. 76 (1998 - 99), refererer seg til representasjon i det nyopprettede holdingselskapet som DnB er pålagt å opprette, slik som nemnt ovanfor.

I neste avsnitt, avsnitt 2.1.2, blir det drøfta kva for retningslinjer ulike lovforarbeid legg for korleis staten skal forvalte eigardelane sine i bankane gjennom Statens Bankinvesteringsfond. I avsnitt 2.1.3 er det ein omtale av forholdet mellom Bankinvesteringsfondet og Statens Banksikringsfond. I avsnitt 2.1.4 finn ein så departementet si vurdering.

I avsnitt 2.2 er det ei omtale av organiseringa av tilsynsverksemda for finansmarknaden, og avsnitt 2.3 omhandlar eigarskap og struktur for finansmarknaden.

2.1.2 Forvaltninga av statens eigarinteresser i bankane

Det følgjer av lov 29. november 1991 nr. 78 om Statens Bankinvesteringsfond § 1 (formålsparagrafen) at:

«Statens Bankinvesteringsfond (Investeringsfondet) har til formål å bidra med ansvarlig kapital til norske banker med utgangspunkt i forretningsmessige vurderinger.»

Vidare følgjer det av § 4 første ledd i lova at:

«Styret forestår forvaltningen av Investeringsfondets midler.»

Det er fastsett generelle retningslinjer for staten si eigarrolle i bankane i ulike proposisjonar og meldingar. Det er vidare gitt retningslinjer i SBIFs vedtekter som er fastsette av Finansdepartementet 29. november 1991 med heimel i bankinvesteringsfondlova § 3 tredje ledd.

I Ot.prp. nr. 8 (1991 - 92) «Om lov om Statens Bankinvesteringsfond, endringer i lov 15. mars 1991 nr. 2 om Statens Banksikringsfond m.v.» er det sagt følgjande om verksemda til fondet på side 4:

«Fondet vil utøve sine eierfunksjoner i generalforsamling og forstanderskap, herunder medvirke ved oppnevning av styre. Fondet vil medvirke til solid og nøktern bankdrift.»

Og på side 31 heiter det:

«Formålet (med SBIF) er i første rekke å bidra til å styrke den ansvarlige kapital i norske banker. Formålet med Investeringsfondet innebærer at de bevilgede midlene kan variere. Styrets arbeid vil i hovedsak bestå i å beslutte når Investeringsfondet skal kjøpe og selge aksjer og grunnfondsbevis, samt når det skal yte lån eller stille garanti. I tillegg vil Investeringsfondet utøve alminnelige rettigheter som aksjeeier og kreditor.»

I Innst. O. nr. 14 (1991 - 92) «Om lov om Statens Bankinvesteringsfond, endringer i lov av 15. mars nr. 2 om Statens Banksikringsfond og endringer i lov av 24. mai 1961 nr. 2 om forretningsbanker m.v.» uttala fleirtalet i finanskomiteen på side 14:

«Flertallet mener at det i den nåværende situasjonen er viktig å reise debatten om den eierrolle staten skal ha i et mer langsiktig perspektiv. Flertallet mener at dette bl.a. må sees i lys av den faktiske utviklingen fremover i finansmarkedet. Flertallet vil understreke at det er et viktig mål å sikre solide norskeide banker med langsiktig eierskap. Flertallet mener at dette kan gjøre det nødvendig med et langsiktig statlig medeierskap av banker av særskilt betydning i norsk økonomi. Flertallet mener at en vurdering av omfanget av statlig eierskap bør foretas i større sammenheng. Flertallet mener at staten må utøve slikt eierskap på en profesjonell og forretningsmessig måte og kunne stille krav i kraft av sin eierrolle. Det legges i alle høve til grunn at staten som eier av bankaksjer ikke skal gripe direkte inn i den daglige forretningsmessige drift av banken.»

I Ot.prp. nr. 33 (1994 - 95) «Om lov om endringer i lov 29. november 1991 nr. 78 om Statens Bankinvesteringsfond m.v.» (jf. òg Revidert nasjonalbudsjett 1997) blei det foreslått endringar i lov om Statens Bankinvesteringsfond som understreka at verksemda i fondet skal skje etter forretningsmessige vurderingar. I Ot.prp. nr. 33 (1994 - 95) står det på side 6 mellom anna at:

«Investeringsfondet vil utøve sin eierfunksjon i generalforsamlingen, herunder medvirke ved valg til de styrende organer. Fondet skal som medeier søke å bidra til at bankene driver bankdrift som er forretningsmessig fundert, og slik at statlig og privat eierkapital kan få en forretningsmessig avkastning. Herunder skal fondet ta stilling til at kapitaltransaksjoner som berører aksjonærene, så som kapitalforhøyelse, kapitalnedsettelse og utbytte, også er i samsvar med eiernes interesser. Ved eventuelle kapitalutvidelser i markedet skal Investeringsfondet ivareta statens eierinteresser, slik at den statlige eierandel utvikles som forutsatt i St.meld. nr. 39 (1993 - 94). <...>Fondet skal ikke gripe inn i forhold til den løpende bankdrift. Fondet skal derfor etter dette opplegg heller ikke være direkte representert i bankenes styre. Opplegget bygger på at eiernes interesser reflekteres på en tilfredsstillende måte, i første rekke i styrets beslutninger. Dette gjelder særlig krav til lønnsom drift og avkastning på investert kapital.»

Av innstillinga til Ot.prp. nr. 33 (1994 - 95); Innst. O. nr. 56 (1994 - 95), går det fram at Stortinget ikkje slutta seg til endringa av formålsføresegna som departementet foreslo. Komitéfleirtalet hadde elles ingen merknader til at fondet skal arbeide for forretningsmessig fundert drift, eller til at fondet ikkje skulle vere representert i styra i bankane.

I Innst. O. nr. 56 (1994 - 95) er det vidare lagt til grunn at SBIF kan vere medlem av mellom anna representantskapa i bankane. I innstillinga (side 7) heiter det:

«Også behovet for å kunne medvirke på en passende måte ved valg til styrene i bankene tilsier at Investeringsfondet bør være direkte representert i representantskapet samt i generalforsamlingen og representantskapets valgkomiteer.»

SBIF kan såleis ta del i dei avgjerder som skal gjerast av representantskapet. I dag har Bankinvesteringsfondet berre ein medlem i representantskapet i dei to bankane. Det er likevel ikkje noko til hinder for at Bankinvesteringsfondet kan ha fleire medlemmer i representantskapet.

2.1.3 Forholdet mellom Statens Bankinvesteringsfond og Statens Banksikringsfond

Det er SBIF som forvaltar aksjane til Statens Banksikringsfond (SBF). Av forvaltningsavtalen av 12. januar 1995 § 2 følger det at:

«Aksjene skal forvaltes på forretningsmessige vilkår og i samsvar med det regelverk som gjelder for de to fond. Forvaltningen skal for øvrig skje i samsvar med vedtak og retningslinjer som er eller måtte bli vedtatt av Stortinget, regjeringen og Finansdepartementet. Det vises i denne forbindelse særlig til Stortingsmelding nr. 39 for 1993 - 94 og finanskomiteens innstilling i saken Innst. S. nr. 213 for 1993 - 94 og stortingets behandling av disse dokumentene.»

I St.meld. nr. 39 (1993 - 94) er det sagt på side 127:

«Det statlige eierskapet i Den norske Bank og Kreditkassen skal utøves av Statens Bankinvesteringsfond. Fondet skal utøve sine eierfunksjoner i generalforsamlingen og medvirke ved oppnevningen av de styrende organer. Fondet skal - som et statlig styringsinstrument - medvirke til at bankene driver solid og nøktern bankdrift som er forretningsmessig fundert, og slik at statlig og privat eierkapital kan oppnå en forretningsmessig forrentning.»

Tilsvarende formuleringar finn ein i Innst. O. nr. 56 (1994 - 95) der det går fram at (side 2) «Komiteens flertall <...>har merket seg at statens eierinteresser skal forvaltes av Statens Bankinvesteringsfond...». Departementet kan ikkje sjå at forarbeida eller forvaltningsavtalen indikerer at det skal leggjast andre prinsipp til grunn for forvaltninga av aksjane i SBF enn aksjane i SBIF. Departementet legg såleis til grunn at det som ovanfor er sagt om forvaltninga av aksjane til SBIF, òg gjeld for forvaltninga av dei aksjane som SBF eig.

2.1.4 Departementet si vurdering

Det er viktig å ha eigarar i bankane som har god kjennskap til norsk økonomi, og som veit kva slags behov norske aktørar har for finansielle tenester. Slike eigarar kan vere med på å skape ei strategiutvikling i bankane som støttar opp under utviklinga i norsk økonomi, og såleis skape stabile marknadsforhold for bankane. Etter departementet si oppfatning er det brei semje om at staten skal gjere sitt til dette gjennom forvaltninga av statlege eigarinteresser, og at ein skal leggje avgjerande vekt på forretningsmessige omsyn.

Ut frå retningslinjene for utøvinga av eigarinteressene, som det òg har vore brei semje om, legg departementet til grunn at den økonomiske styringa av offentlig forretningsverksemd er skild reelt og formelt frå moglege spørsmål av meir politisk eller samfunnsmessig art. Dette legg departementet vidare til grunn i samband med utøvinga av statens eigarinteresser.

Ved utforminga av lovverket for både Kredittilsynet og Statens Bankinvesteringsfond er det lagt vekt på å skilje staten si rolle som konsesjonsmyndighet og som utøvar av eigarskapen i bankane. Departementet viser til at eventuelle søknader om fusjonar må leggjast fram for Finansdepartementet (jf. avsnitt 2.1.1). I tillegg til soliditets- og konkurransemessige forhold, kan ein leggje vekt på andre viktige strukturelle omsyn i konsesjonsbehandlinga. Om fusjonspolitikken og anna står det i Kredittmeldinga 1997 mellom anna dette:

«I den samla konsesjonsvurderinga vil departementet såleis leggje opp til å følgje ei restriktiv linje med omsyn til oppkjøp og konsentrasjon av dei størst norske finansinstitusjonane og grupperingane. Ein vil i denne samanheng leggje vekt på at det finst solide og konkurransedyktige institusjonar og grupperingar med regional forankring heimehørende her i landet og å søkje å unngå utflytting eller svekking av finansmiljøet i Noreg.»

Retningslinjene for utøvinga av eigarinteressene inneber såleis at eit selskapsorgan som styret, og eventuelle medlemmer der nominert av staten, får konsentrere seg om forretningsmessige oppgåver. Dersom det er ønskeleg å få oppfylt andre offentlege målsetjingar, bør ein nytte andre meir direkte verkemiddel enn eigarforholdet i bankane til dette. Dette blir òg understøtta av omtalen i St.prp. nr. 76 (1998 - 99) der det står følgjande:

«Postnettet anses fra partenes side å være en attraktiv og kostnadseffektiv distribusjonskanal for enkle banktjenester, og det er et mål at fusjonen skal bidra til å styrke bruken av postnettet. Den inngåtte forretningsavtalen har varighet frem til 1. mai 2002. Ut over dette har ikke partene forpliktet seg til å tilby grunnleggende banktjenester i hele landet gjennom postnettet. Det er like viktig nå som før å sikre personkunder og bedrifter i hele landet et godt tilbud av bank- og betalingstjenester. Samferdselsdepartementet anser imidlertid ikke lenger eierskapet til Postbanken som et nødvendig virkemiddel for å sikre dette. Regjeringen har imidlertid i Ot.prp. nr. 53 (1998 - 99) foreslått at Posten Norge BA pålegges å inngå en avtale med en finansinstitusjon hvor denne gis enerett og pålegges plikt til å tilby grunnleggende banktjenester gjennom hele Postens ekspedisjonsnett.»

I Stortinget si behandling av St.prp. nr. 76 (1998 - 99), går det fram at fleirtalet i finanskomiteen sluttar seg til Samferdselsdepartementet si vurdering. Departementet legg difor til grunn at forretningsmessige omsyn skal vere avgjerande òg i framtida.

Stortinget har i Innst. O. nr. 14 (1991 - 92) lagt til grunn at staten som eigar av bankaksjar ikkje skal gripe direkte inn i den daglege forretningsdrifta av banken. Fondet har ikkje vore direkte representert i bankstyra.

Ein viktig del av retningslinjene for staten som aksjeeigar er at staten i første rekkje bør opptre finansielt ved å stille krav til avkastning. Dersom staten ønskjer å opptre som ein finansielt aktiv eigar, er dei styrande organa særskilt viktige, og spesielt styret. Styret si formelle rolle i eit aksjeselskap er å fungere

som eit bindeledd mellom eigarane og leiinga av selskapet. Det skal ta hand om eigarane sine interesser og formidle deira syn, samtidig som styret skal ha kontrollfunksjonar overfor leiinga. Føresetnaden for å kunne ha ei finansielt aktiv eigarrolle er at sjølve drifta blir overlaten til leiinga, mens eigarane kan delta i større strategiske avgjerder.

Statens eigarskap har likskapstrekk med eigarskapane til private institusjonelle investorar. Desse eigarane er i mange tilfelle forretningsmessig passive. Dersom dei er misfornøgde med leiinga for selskapet, kan eit alternativ for dei vere å selje aksjane sine. Statens eigarskap skil seg likevel frå ordinær porteføljeforvaltning, ettersom føremålet er å sikre ein stabil, langsiktig eigarskap. Når omfanget av den langsiktige eigarskapen no er avklara, kan difor behovet for å medverke til dei val som har noko å seie for dei strategiske avgjerdene, vere viktigare enn tidlegare. Departementet meiner såleis at det er fleire argument for at staten som eigar skal kunne nominere representantar til styret i DnB og Kreditkassen.

I St.prp. nr. 76 (1998 - 99) er det lagt opp til at to representantar skal bli nominerte frå Postbanken si side. Dette må ein sjå på som ei overgangsordning knytt til sjølve infusjoneringa av Postbanken i DnB-konsernet. Deretter bør det vere Statens Bankinvesteringsfond som, slik ein generelt frå no av legg til grunn, foreslår eit tal representantar ut ifrå staten sin eigardel i DnB og Kreditkassen. St.meld. nr. 39 (1993 - 94) legg opp til at ein representasjon i styret bør bli praktisert ut ifrå kva representanten/representantane som representerer staten, meiner er til beste for banken. Ein legg til grunn at dette best blir gjort ved at representantane som er nominerte frå Bankinvesteringsfondet, rettar seg etter dei generelle retningslinjene som Statens Bankinvesteringsfond har, og som legg vekt på den forretningsmessige drifta. Etter omstende skal desse retningslinjene, eller endringar i dei, leggjast fram for departementet.

Departementet ser det som nødvendig at det er medlemmer i styret og representantskapet i bankane som har ein kompetanse og ein allsidig bakgrunn, som ivaretek det langsiktige forretningsmessige synet og interessene til Bankinvesteringsfondet, slik dei er trekte opp i retningslinjene frå Stortinget og regjeringa. Styremedlemmer bør vere profesjonelle og i minst mogleg grad knytte til grupper med andre interesser enn eigarane. Ein viser her til det som er sagt om val av styremedlemmer til Statens Banksikringsfond og Statens Bankinvesteringsfond. Av Ot.prp. nr. 20 (1990 - 91) (side 10) «Om lov om Statens Banksikringsfond» går det fram at medlemmene i styret til SBF må vere høgt kvalifiserte innanfor fagområda økonomi og jus og rå over rekneskaps- og revisjonsrettsleg kompetanse. I Ot.prp nr. 8 (1991 - 92) «Om lov om Statens Bankinvesteringsfond <...>m.v.» viser ein til side 10 i Ot.prp. nr. 20 (1990 - 91), og frå Ot.prp nr. 8 (1991 - 92) følgjer det at òg styret i SBIF bør ha kompetanse særleg innanfor fagområda jus og økonomi. Når ein set saman styret i Bankinvesteringsfondet, skal det dermed leggjast vekt på kvalifikasjonar som etter departementet si vurdering i første rekkje er nødvendige for å ivareta dei forretningsmessige sidene ved forvaltninga.

I ulike samanhengar er det òg - jf. mellom anna i Bankkrisemeldinga (St.meld. nr. 39 (1993 - 94)) - slått fast at ingen medlemmer i styret eller representantskapet som er oppnemnde direkte eller indirekte av Bankinvesterings-

fondet, har noka rapporteringsplikt til Bankinvesteringsfondet. Dei tillitsvalde skal ivareta bankens generelle interesser. Departementet er difor av den oppfatning at Bankinvesteringsfondet skal prøve å finne fram til kompetente kandidater som har den nødvendige tyngda og erfaringa til å vere aktivt med i dei styrande organ. Dei bør vere med å syte for ei positiv, men kritisk vurdering av resultatlar og dei strategiske vegvala banken gjer, og medverke til at banken driv solid og nøktern bankdrift som er forretningsmessig fundert.

I bankinvesteringsfondlova § 4 er det gitt særskilde reglar om plikt til å leggje saker fram for departementet og reglar om departementet sin instruksjonsrett overfor fondet. Etter omstende skal slike saker såleis leggjast fram for departementet.

2.2 Organiseringa av tilsynsverksemda for finansmarknaden

2.2.1 Innleiing

Ein viser til Innst. S. nr. 141 (1998 - 99) «Innstilling fra kontroll- og konstitusjonskomiteen om rapport til Stortinget fra kommisjonen som ble nedsatt av Stortinget for å gjennomgå ulike årsaksforhold knyttet til bankkrisen», Dokument nr. 17 (1997 - 98). Innstillinga blei behandla i Stortinget 6. mai 1999. Kontroll- og konstitusjonskomiteen tilrår at «Stortinget oversender rapport fra kommisjonen som ble nedsatt av Stortinget for å gjennomgå ulike årsaksforhold knyttet til bankkrisen til Regjeringen for oppfølging, i samsvar med kontroll- og konstitusjonskomiteens merknader». Ein gjennomgang av innstillinga viser at kontroll- og konstitusjonskomiteen føreset følgjande vurdering/oppfølging frå Regjeringa:

1. gjennomgang av dagens tilsynsregelverk med sikte på eventuelle endringar dersom dagens regelverk ikkje synest tilstrekkeleg.
2. vurdering av dagens reglar for tapsavsetning med sikte på eventuelle forbetringar av desse reglane, for å førebyggje kriser under nedgangskonjunkturar.
3. vurdering av om det er grunnlag for endringar i reglane om eigarskap i finansinstitusjonane, på bakgrunn av mellom anna det kommisjonen og banklovutvalet peikar på etter å ha gått gjennom desse forholda.
4. vurdering av om det er grunnlag for å etablere eit system der bankaksjonærar får fastsett verdien av aksjane sine gjennom eit uavhengig organ, slik som granskingskommisjonen foreslår.

Kontroll- og konstitusjonskomiteen er samd med granskingskommisjonen i at det er viktig å skape og halde ved like klare førestellingar om det rettslege og politiske ansvaret for å følgje med og varsle om eventuelle faresignal med omsyn til framtidige bankkriser. Dette ansvaret er i dag delt mellom Finansdepartementet, Kredittilsynet og Noregs Bank, og slik bør det etter komiteen si meining også vere i framtida. Komiteen understreka i denne samanheng at det er viktig at systemansvaret blir fordelt på ein slik måte at råd og åtvaringar kan kome fram i tide, uavhengig av dei underliggjande forhold.

Granskingskommisjonen har òg meint at banktilsynet bør utviklast «i retning av større aktivitet», til dømes med bakgrunn i den danske modellen med regelmessig og intensivt tilsyn gjennom inspeksjonar og anna, og eit løyve for Kredittilsynet til mellom anna å fastsette individuelle minstekrav til eigenkapitaldekninga.

Komiteen ber om at Regjeringa «i samsvar med de respektive organer» går gjennom dagens regelverk på dette området, for å kome tilbake til Stortinget med eventuelle endringar dersom dagens regelverk ikkje synest tilstrekkeleg.

I tillegg understrekar komiteen «viktigheten av at Regjeringen i samarbeid med de berørte aktører gjennomgår kommisjonens råd og anbefalinger på best mulig måte».

Noregs Banks formål, virkeområde og forhold til statsmyndighetene følger av sentralbanklova. Der går det fram at banken skal vere eit utøvande og rådgjevande organ for penge-, kreditt- og valutapolitikken, overvake penge-, kreditt- og valutamarknaden, samt mellom anna fremme eit effektivt betalings-system innanlands. Sentralbanken har mellom anna gjennom betalingssystemet eit ansvar for å medverke til eit robust og effektivt finansielt system. Banken gjer sitt til dette, ved å overvake og analysere finansinstitusjonane og finansmarknadene med sikte på effektiv kapitalformidling og finansiell stabilitet, ved å arbeide for å redusere risikoen i betalings- og oppgjerssystema og gjere dei meir robuste overfor sjokk, og ved å ivareta funksjonen som «lender of last resort» for det finansielle systemet.

Det er regelmessig kontakt mellom Noregs Bank, Finansdepartementet og Kredittilsynet for å utveksle informasjon om den finansielle stabiliteten. Gjennom utøvinga av pengepolitikken har Noregs Bank eit utgangspunkt for å vurdere og varsle om faktorar som kan true den finansielle stabiliteten. Noregs Bank presenterer sine vurderingar i ein halvårleg rapport om finansiell stabilitet, kalla «Finansielt utsyn», jf. avsnitt 4.1.2.2.

I dette kapitlet er dagens tilsynsregelverk gjennomgått, jf. punkt 1 ovanfor. I brev 30. juni 1999 bad Finansdepartementet Kredittilsynet om å gi merknader til dei synspunkta og forslaga som kjem fram i Innst. S. nr. 141 (1998 - 99) frå kontroll- og konstitusjonskomiteen om granskingskommisjonen sin rapport om årsaksforholda knytte til bankkrisa. Dei andre forholda som Stortinget har bedd Regjeringa vurdere, jf. punkt 2, 3 og 4 ovanfor, blir lagde fram for Stortinget på eit seinare tidspunkt.

2.2.2 Kredittilsynet si vurdering

2.2.2.1 Forholdet mellom dei ulike myndigheter og verdien av klare ansvarsforhold

I Kredittilsynet sitt brev til Finansdepartementet av 16.08.99 uttalar Kredittilsynet at det er samd med kommisjonen i at det er viktig med klare ansvarsforhold mellom Kredittilsynet og Finansdepartementet. Kredittilsynet sitt brev følgjer denne meldinga som uttrykt vedlegg. Kredittilsynet meiner at det i tillegg til det som følgjer av eksisterande lovgiving, i dei seinare åra er utvikla retningslinjer og praksis som gir eit klart ansvarsforhold. Finansdepartementet har ansvar for lover, reglar og dei økonomiske rammene for Kredittilsynet si verksemd. Departementet står òg for utnemninga av styret og tilsetjinga av kredittilsynsdirektør. Innanfor desse rammene har Kredittilsynet eit sjølvstendig fagleg ansvar for utføringa av verksemda.

Kredittilsynet viser til at Finansdepartementet gir uttrykk for sine retningslinjer og prioriteringar i tildelingsbrevet som er knytt til det årlege budsjettet. På grunnlag av dette tildelingsbrevet og strategiplanen som trekkjer

opp retningslinjer for ein lengre periode, utarbeider Kredittilsynet ein konkret plan for verksemda for kvart enkelt år. Planen vert sendt til departementet for eventuelle merknader. I tillegg til at det blir utarbeidd ei grundig årsmelding for verksemda, blir det gitt rapportar til departementet om ressursbruken og forvaltninga av den myndigheita som Finansdepartementet har delegert til Kredittilsynet.

I samband med det finansielle systemansvaret har Kredittilsynet utvikla eit program for makroøkonomisk overvaking og analyse. Formålet med programmet har mellom anna vore å gi ei vurdering av utsiktene til moglege finansielle stabilitetsproblem i norsk finansnæring på bakgrunn av utviklinga i norsk og internasjonal økonomi. Som nemnt ovanfor er det regelmessig kontakt mellom Noregs Bank, Finansdepartementet og Kredittilsynet for å utveksle informasjon om den finansielle stabiliteten. Kredittilsynet har òg regelmessig kontakt med andre offentlege institusjonar og økonomiske fagmiljø nasjonalt og internasjonalt.

Kredittilsynet meiner at organiseringa av tilsynet i Noreg er i samsvar med den internasjonale utviklinga, og konkluderer i samband med ansvarsforholda at:

«Generelt er Kredittilsynet av den meining at den praksis som er etablert, gir klare ansvarsforhold mellom departement og tilsyn, og at det såleis ikkje er noko stort behov for nye retningslinjer. <...>

Kommisjonen reiser også spørsmål om det er hensiktsmessig å ha eit eige styre for Kredittilsynet. Styret i Kredittilsynet er ein del av Kredittilsynet og ikkje noe sjølvstendig organ fråskilt frå tilsynet elles. Det er Kredittilsynet si generelle erfaring at grundig førebuing til og oppfølging av saker i eit kompetent styre bidrar til kvalitetssikring av tilsynets vurderingar og vedtak og underbygger tilsynet sitt faglege sjølvstende. Eit fleirtal av tilsvarande tilsynsorgan i andre land har også funne det hensiktsmessig med eit eige styre eller ein «kommisjon» som bidrar til å understreka uavhengigheita og seriøsiteten til tilsynets saksbehandling.

Når det gjeld spørsmålet om tilknytning til Noregs Bank, synes det som om trenden internasjonalt er at tilsynsorgana vert skilt ut frå sentralbankane samtidig som tilsynet med områda bank, forsikring og verdipapirområdet vert slått saman. Eit velorganisert samarbeid mellom tilsynsmyndigheita og sentralbanken, slik ein nå har det i Noreg, er viktig for å kunne førebygge finansielle kriser, <...>»

2.2.2.2 Hovudreglar i gjeldande kapitaldekningsregelverk

I Kredittilsynet sitt brev av 16.08.99 vart spørsmål om individuelle minstekrav til kapitaldekning teken opp. I brevet heiter det mellom anna:

«Etter Kredittilsynsloven kan Kredittilsynet pålegge de institusjoner det har tilsyn med, «å ha en høyere ansvarlig kapital enn de lovbestemte minstekrav». Ut fra forarbeidene kan bestemmelsen bare nyttes overfor enkeltinstitusjoner og etter en konkret vurdering. Loven gir Kredittilsynet hjemmel til å stille vilkår om tiltak for å sikre et nivå ut over de lovbestemte minstekrav for egenkapital dersom det foreligger en reell trussel for at utviklingen og risikoen i de samlede utlån kan sette en finansinstitusjon i fare ved at den ikke lenger vil tilfredsstille de lovbestemte minstekrav.»

Frå Basel-komiteen ligg det no føre eit utkast til nytt rammeverk for kapitaldekningsreglar som er sendt på høyring med frist 31. mars 2000. Det byggjer ifølgje Kredittilsynet på tre grunnpilarar, der den første er nye reglar om minimumskrav til kapitaldekning. Den andre grunnpilaren er at tilsynsmyndigheitene skal vere i stand til å overprøve om kapitaldekninga er tilstrekkeleg i kvar enkelt bank. I denne vurderinga meiner Kredittilsynet at det må takast omsyn den totale risikoprofilen for kvar enkelte bank og evna til å handtere risiko. Formålet er ifølgje Kredittilsynet å kunne gripe inn på eit tidleg tidspunkt. Den tredje pilaren er marknaden sin eigen disiplin ved at det blir oppmuntra til openheit omkring banken si økonomiske stilling.

EU arbeider parallelt med Basel-komiteen med desse spørsmåla. Dersom dette forslaget får tilslutning, og blir ein del av EU-regelverket, får det òg konsekvensar for Noreg. Kredittilsynet skriv at denne saka kan takast separat, eller i samband med oppfølginga av nytt internasjonalt regelverk.

2.2.2.3 Nærare om den danske modellen og ei samanlikning med Kredittilsynet sin arbeidsmetode

I motsetning til Noreg, Sverige og Finland opplevde ikkje Danmark noka bankkrise i første halvdel av nittiåra, trass i at dei samla tapa i danske bankar ikkje var særleg mindre enn i norske bankar. I Innst. S. nr. 141 (1998-99) under punkt 4.4 om handteringa av bankkrisa i andre land, står det på side 50 følgjande:

«Komiteen har merket seg kommisjonens påpeking av at Finanstilsynet i Danmark har gått langt grundigere til verks enn tilsynet i Norge. Komiteen registrerer at Finanstilsynet blant annet har ført meget aktivt tilsyn med at bankene løpende foretok avsetninger til forventede tap slik at bankenes regnskaper på best mulig måte avspeilet den reelle situasjon, herunder jevnlig oppsøkt bankene og foretatt gjennomgang på stedet.

Komiteen viser til at en særskilt utarbeidet rapport om Finanstilsynets tilsyn med danske bankers låneengasjementer fant sted på en hensiktsmessig måte konkluderer med at Finanstilsynets arbeid var en viktig årsak til at danske banker kom gjennom nedgangskonjunkturen uten større problemer.»

Ifølgje Kredittilsynet sitt brev av 16.08.99 er den største ulikskapen mellom Danmark og Noreg når det gjeld stadleg tilsyn, at det i Danmark blir brukt meir ressursar på banksida. Det blir ifølgje Kredittilsynet nytta meir tid på kvar enkelt bank, særleg når det gjeld å gå gjennom enkeltengasjement. Elles seier Kredittilsynet at forskjellen i tilsynsmetodikken i Danmark og Noreg neppe er så stor som kommisjonen synest å gi uttrykk for. Kredittilsynet peiker på at det òg gjennomfører regelmessige inspeksjonar. Kredittilsynet skriv vidare:

«Hovudforskjellen er at ein i Danmark legg mykje større vekt på å vurdere om eigendelane er rett vurderte i rekneskapen, og om tapsavsetningane er tilstrekkelege. Dette inneber at Finanstilsynet bruker mykje tid og ressursar på å gjennomgå enkeltengasjement og vurdere tapsavsetningar. Ein har fått opplyst frå Finanstilsynet i Danmark at det for 1997 vart brukt 15,7 årsverk på stadleg tilsyn i bankar. Ved gjennomgang av ein større bank, vil eit inspeksjonsteam i Danmark bruke opptil eit par månader i banken. I tillegg vert noko ressursar nytta på

stadleg tilsyn i kredittforetak. På andre område som forsikring og verdipapirverksemdar vert det brukt svært lite ressursar på stadleg tilsyn.

Ved stadleg tilsyn i Noreg vert det lagt vekt på internkontroll innan alle aktivitetsområde, medan ein har avgrensa engasjementsgjennomgangen til eit utval enkeltengasjement; dei største, dei største misleghaldne og dei mest tapsutsette blant ikkje misleghaldne. Normalt vil eit inspeksjonsteam vere to - tre dagar i banken. Føre- og etterarbeid vil normalt ta 3 - 5 gonger så lang tid. Dersom det vert avdekt mangelfulle tapsavsetningar i desse gjennomgangane, vert dette påpeika overfor styret i ei form som ligg svært nær eit formelt pålegg. Formålet har likevel i første rekke vore å teste om bankane sine retningslinjer for kredittgiving, klassifisering, oppfølging, tapsavsetning osv. fungerer og er fylgde; altså teste internkontroll på kredittområdet.

Ein slik tilsynstilnærming har vore grunna i at hovudansvaret for den enkelte institusjon og verksemda der ligg hos styret og leiinga i institusjonen, og som skal sørge for at det økonomiske grunnlag er tilfredsstillande, at lover og regler blir fylgd og at verksemda vert driven på forsvarleg måte.»

2.2.2.4 Kredittilsynet sin konklusjon

Kredittilsynet er i brevet av 16.08.99 samd med Smith-utvalet i at bankane sin soliditet er heilt avgjerande for å hindre at auka tap skal utvikle seg til nye finanskriser. Kredittilsynet skriv vidare at i ein situasjon der bankane sine tap blir liggjande på eit høgt nivå over ein lang periode, er det viktig at det finst støytputer som kan absorbere tapa etter kvart som dei oppstår. I prinsippet kan bankane sjølv berre dekkje tapa sine ved å nytte driftsresultat, tapsavsetningar eller ansvarleg kapital. Heile den ansvarlege kapitalen kan heller ikkje brukast til dekning av tap. Ifølgje Kredittilsynet er det difor viktig for tilsynsmyndigheitene å sjå til at bankane har tilstrekkeleg lønsemd, tilstrekkelege tapsavsetningar og overskot av kjernekapital.

I brevet frå Kredittilsynet går det òg fram at den danske tilsynspraksisen truleg fører til at tapsavsetningane blir noko høgare enn etter den norske modellen. Dersom det er eit generelt ønske å auke tapsavsetningane, kan dette ifølgje Kredittilsynet gjennomførast også ved regelendringar, og ikkje åleine ved å innføre den danske tilsynsmodellen i Noreg. Ei dansk løysing har etter tilsynet si oppfatning den ulempa at tilsynet blir direkte ansvarleg for at tapsavsetningane er tilstrekkelege, både for institusjonane som heilskap og for dei ulike delane av verksemda deira, som følgje av at tilsynet kan gi pålegg om kor store dei skal vere.

I brevet frå 16.08.99 hevdar Kredittilsynet at det ikkje er sikkert at den danske modellen er løysinga i dag, og meiner det truleg er betre å byggje tilsynet på internasjonalt kjende standardar for tilsynsarbeid framover. Den internasjonale utviklinga synest å gå i retning av å leggje vekt på det totale risikobiletet og ikkje berre på kredittrisiko. Det blir lagt vekt på krav til kjernekapital utover minimumsnivå, sjølv om det blir understreka at tilstrekkelege tapsavsetningar òg er viktig.

2.2.3 Departementet si vurdering

Erfaringar frå mange land har vist at det er store kostnader knytta til bankkriser og andre kriser i det finansielle systemet. Etter departementet si vurdering

er det viktig å prioritere ein løpande overvaking av makroøkonomiske forhold og sannsynlege verknader for finanssektoren av endringar i utforminga av den økonomiske politikken med sikte på å førebyggje slike kriser. Erfaringar frå mange land har såleis vist at det er viktig å ha eit godt tilsyn med utviklinga i finansmarknaden. Dei siste åra har det skjedd ei generell opprusting av tilsynsverksemda i Noreg. I samband med dette arbeidet har Kredittilsynet fått auka ressursar. Tilsynet hadde i 1992 99 fast tilsette medarbeidarar, mens talet ved utgangen av 1998 var på 139. I tillegg til at talet på tilsette er auka dei siste åra, har dei auka ressursane òg medført meir satsing på IT, informasjon og eit auka internasjonalt engasjement. Dei samla utgifter til Kredittilsynet var i 1998 på 86,9 millionar kroner. Dette var ein auke på 10,7 prosent frå 1997. Vedtekte budsjett var i 1999 på 91,9 millionar kroner. Det svarar til ein auke på 5,7 prosent frå 1998.

Finansdepartementet er samd med Kredittilsynet i at det er viktig med eit klart ansvarsforhold mellom Finansdepartementet og Kredittilsynet. Departementet meiner, som Kredittilsynet, at dette blir godt ivareteke av eksisterande praksis og retningslinjer. Det er i dag etablert ein ryddig styringsdialog mellom Finansdepartementet og Kredittilsynet. Ramma for verksemda i Kredittilsynet er lagt i kredittilsynslova. Sentrale retningslinjer for den faste verksemda blir trekte opp av Finansdepartementet i dei årlege tildelingsbrev for budsjettet. Det er òg eit fast etablert system for skriftleg og munnleg kontakt mellom tilsyn og departement om faglege og administrative saker.

Etter departementet si vurdering er det ei generell tilsynsoppgåve å vurdere soliditeten i finansinstitusjonane, og eventuelt treffe tiltak dersom soliditeten blir vurdert som uforsvarleg. Etter bankkrisa har tilsynsmyndighetene difor lagt stor vekt på å sikre soliditeten i mellom anna bankane. Kapitaldekninga er sentral for soliditeten i finansinstitusjonane. Kapitaldekningsregelverket har såleis ein viktig plass i tilsynsarbeidet. For ein gjennomgang av det gjeldande regelverket viser ein til Revidert nasjonalbudsjett 1998, der det står på side 112 at:

«Hovedhensikten med regelverket for kapitaldekning er at finansinstitusjonene skal ha en støtpute i form av ansvarlig kapital for å stå imot den risiko for tap som de påtar seg ved sin virksomhet. I tillegg til å tjene som en buffer og vern for innskyltere og andre kreditorer, samt et vern for kunder generelt, er kapitaldekningsregelverket en del av et sikkerhetsnett som er etablert for å sikre stabiliteten i det finansielle systemet. For bankene må reglene også ses i sammenheng med deres spesielle rolle i betalingsformidlingen og som mottakere av innskudd og ytere av utlån, og den nasjonale og regionale betydningen av at de enkelte banker kan møte etterspørselen etter finansielle tjenester fra andre sektorer i samfunnet.

Kapitaldekningsregelverket er internasjonalt harmonisert gjennom den omforente internasjonale standarden fra Basel-komiteen (komiteen for bankreguleringer og tilsynspraksis i regi av Bank for International Settlements - BIS) og EU-direktiver. Formålet med standarden fra Basel-komiteen som kom i 1988, er å styrke soliditeten og stabiliteten i det internasjonale bankvesen og å redusere ulikheter i konkurransevilkår som følge av ulike kapitaldekningskrav. Det var et nært samarbeid mellom EU og BIS med sikte på samordning av regelverket, men i motsetning til BIS-standarder gjelder EU-direktivene alle kredittinstitusjonene og ikke bare internasjonale banker. Norge

har i hovedsak samme krav til kapitaldekning som andre land innenfor EØS-området.»

Etter departementet si vurdering er det viktig at kapitaldekningsreglane har ein generell karakter. Dette er med på å gi ei likebehandling av aktørane i marknaden. I Revidert nasjonalbudsjett 1998 blir det lagt vekt på at det er ei generell oppgåve for tilsynet å vurdere soliditeten i finansinstitusjonane og eventuelt treffe tiltak dersom soliditeten blir vurdert å vere uforsvarleg. Med bakgrunn i den liberaliseringa av internasjonale vare- og kapitalstraumar som har skjedd dei siste åra, har finansinstitusjonar i aukande grad blitt integrerte over landegrensene. Stabiliteten i innanlandske finansmarknader er difor i større grad avhengig av utviklinga i utanlandske marknader. Dette medfører auka behov for internasjonale minstestandardar og samordning av tilsyn med finansmarknadene mellom land. Departementet ser det difor som viktig at Noreg aktivt deltek i internasjonalt arbeid omkring tilsyn og regulering av finansmarknadene, og at ein støttar arbeidet med å gjennomføre dei anbefalte minstestandardane.

Departementet legg stor vekt på Kredittilsynet si rolle som eit sjølvstendig tilsynsorgan for finansmarknadene. Finansmarknaden består av ei mengd aktørar, og funksjonane deira kan vere komplekse. Det kan til tider føre til at marknaden framstår som uoversiktleg. Departementet vurderer det difor som formålstenleg at Noregs Bank og Kredittilsynet legg uavhengige vurderingar til grunn for sine oppfatningar omkring saker som gjeld finansmarknaden. Departementet viser her òg til Stortinget si behandling av St.meld nr. 48 (1991 - 92) «Organisering av det offentlige tilsynet med finansnæringen», jf. Innst. S. nr. 246 (1991 - 92) side 9:

«Komiteen mener at det prinsipielt er en fordel med flere, sterke, uavhengige institusjoner ved reguleringen av finansmarkedene. Det sikrer hver enkelt institusjon uavhengighet i utøvelsen av sin oppgave uten at andre interesser kan innvirke på institusjonens beslutninger. Det sikrer videre mulighet for i større grad å bringe frem alternative analyser og synspunkter på utviklingen av finansnæringen. <...>

Komiteen mener at man må opprettholde Kredittilsynet som eget forvaltningsorgan.»

Eit slik sjølvstende mellom sentralbanken og tilsynet synest å vere i samsvar med den internasjonale utviklinga. Samtidig meiner departementet at det er viktig at det eksisterer eit velorganisert samarbeid mellom dei to, slik det synest å vere i dag.

Departementet meiner òg at styret i Kredittilsynet er viktig for å gi Kredittilsynet styrke og integritet. Eit slikt styre er etter departementet si oppfatning med på å sikre at arbeidet som blir gjort av tilsynet, har den kvaliteten ein forventar av eit nasjonalt tilsynsorgan. Departementet vil her òg vise til Innst. S. nr. 246 (1991 - 92) side 9, der det står følgjande:

«Komiteen mener det er viktig at Kredittilsynet får et styre som kombinerer faglig innsikt og bredde. Hensynet til Kredittilsynets uavhengighet bør etter komiteens mening bl.a. føre til at ingen oppnevnes som medlem av styret som representant for andre institusjoner.»

Kredittilsynet peikar på at nivået på tapsavsetningane er viktige for soliditeten til finansinstitusjonane. Departementet sluttar seg til denne vurderinga, og

understrekar at tapsvurderingane er ei viktig oppgåve for finansinstitusjonane. Departementet vil vise til Revidert nasjonalbudsjett 1998 side 123, der følgjande står:

«I tilknytning til Norges Banks synspunkter om at det bør nedsettes et utvalg som kan utrede en ordning med tilleggsavsetninger sett i sammenheng med regelverket for tapsavsetninger, kan det nevnes at Kredittilsynet nylig har sendt en utredning om regnskapsmessig behandling av tap på utlån, garantier mv. på høring. En hovedkonklusjon i denne utredningen er at det norske tapsregelverket er på linje med det som i hovedsak gjelder internasjonalt. Det framgår videre av utredningen at det ut fra en regnskapsfaglig vurdering foreløpig er lite hensiktsmessig å endre gjeldende tapsforskrift.»

Sitatet ovanfor er knytta til Noregs Bank sin omtale av eit opphavleg forslag frå Kredittilsynet, jf. brev frå Noregs Bank til Finansdepartementet av 1. april 1998. I brevet går det fram at Noregs Bank uttrykker skepsis til at slike avsetningar skal gi skattefritak.

Departementet legg vekt på at den internasjonale utviklinga synest å gå i retning av å leggje vekt på det totale risikobildet. Difor er det viktig å fokusere arbeidet omkring eit samla regelverk, i staden for dei ulike delane isolert. Det vil òg bli lagt fram for Stortinget ei nærare vurdering av tapsregelverket (jf. punkt 2 i avsnitt 2.2.1) på eit seinare tidspunkt.

Departementet vil til slutt understreke at det først og fremst er bankane sjølve, som er ansvarlege for ei forsvarleg drift. Ein viser i denne samanhengen til Innst. S. nr. 141 (1998 - 99) side 15:

«Komiteens flertall, <...>, viser vidare til at konjunkturuomslaget - som utløste mislighold av banklån i stort omfang - ble forsterket av bankenes egen adferd. Flertallet konstaterer at dermed vil heller ikke en argumentasjon som legger vekt på betydningen av den innenlandske konjunktur nedgangen, frita bankene fra hoveddelen av ansvaret for de store tapene.»

2.3 Om eigarskap og struktur for finansmarknaden

2.3.1 Bakgrunn

Sidan først på 1980-talet har hovudmålet for strukturpolitikken vore å leggje til rette for ein velfungerande og solid finansiell sektor i Noreg, med høg konkurranse mellom dei enkelte institusjonane. Samtidig har det òg vore ei målsetjing å ha eit godt tilbod av finansielle tenester i alle regionar. Dei noverande retningslinjene for strukturpolitikken finn ein i Kredittmeldinga 1997. Av dei går det òg fram at det blir sett på som viktig å ha sentrale finansinstitusjonar med hovudkontor plasserte i Noreg.

Formålet med den statlege eigarskapen, slik det går fram av St.meld. nr. 39 (1993-94), er å vere med og sikre ein stabil langsiktig eigarskap i dei to største forretningsbankane. I meldinga går det vidare fram at målet med ein slik eigarskap er å sikre at sentrale avgjerdsfunksjonar blir verande i Noreg.

Strukturen på finansmarknaden har endra seg raskt dei siste åra. Mellom anna har meir internasjonal integrasjon og bransjegliding auka konkurransen mellom finansinstitusjonane, og særleg innanfor banksektoren har konkurransen medverka til å drive marginane nedover og tvinga aktørane til å effek-

tivisere og redusere kostnadene. Dette har ført til restrukturering og konsolidering i finanssektoren. Det har òg vore ei utvikling i retning av blanda finanskonsern med bank og forsikring.

Deregulering, teknologiske innovasjonar og endra sparemønster, med ei dreining frå tradisjonelle bankinnskott over mot forsikringsprodukt og verdipapirfonddelar, er viktige drivkrefter bak den utviklinga ein har sett i finanssektoren. Vidare har gjennomføringa av den indre marknaden i EU og EØS-reglane om mellom anna etableringsrett for filialar og grensekryssande verksemd ført til auka integrasjon og konkurranse i dei europeiske finansmarknadene. Truleg har òg innføringa av fellesvalutaen «euro» frå 1. januar 1999 påskunda prosessen omkring restrukturering og konsolidering av det finansielle systemet i Europa. Desse drivkreftene bak endringane i strukturen på finansmarknaden kjem truleg til å gjere seg gjeldande også i tida framover.

Den raske endringa i finansmarknaden gjer at Regjeringa ser eit behov for å vurdere kva utviklinga i den finansielle sektoren kan ha å seie for korleis ein kan oppfylle måla for strukturpolitikken, slik dei er presenterte i Kredittmeldinga 1997. Bodet frå MeritaNordbanken på aksjane i Kreditkassen har ytterlegare aktualisert dette spørsmålet.

2.3.2 Utviklinga i finansmarknaden

2.3.2.1 Nokre generelle trekk ved finansmarknaden internasjonalt

Den utviklinga som den finansielle sektoren for tida gjennomgår i mange land, har særleg gitt seg utslag i oppkjøp/fusjonar mellom bankar, men også mellom bankar og forsikringsselskap. Fusjonane og oppkjøpa har i første rekkje vore mellom konsern heimehøyrande i same land, men det er òg tilfelle av transaksjonar på tvers av landegrensene. Dei store marknadsleiarane i Europa har såleis sikra seg posisjonar som dominerande aktørar i sine heimemarknader.

Av tabell 2.1 går det fram at talet på bankar er redusert sidan starten på 1990-talet, men samstundes viser tabellen at det har skjedd ei viss oppbremsing i reduksjonen, og at talet på fusjonar og oppkjøp er redusert i løpet av 1990-åra. I ein del land, som til dømes Noreg og Sverige, har etableringa av utanlandske filialar i heimlandet vore ei årsak til denne oppbremsinga, og det har i perioden 1995-1997 isolert sett medverka til ein auke i talet på institusjonar.

Tabell 2.1: Talet på institusjonar og transaksjonar i banksektoren for nokre sentrale land

	Talet på institusjonar ¹⁾			Talet på transaksjonar ²⁾			
	1990	1995	1997	1991-92	1993-94	1995-96	1997-98
USA	27 897	23 854	22 140	1 354	1 477	1 803	1 052
Storbritannia	665	560	537	71	40	25	17
Frankrike	786	593	567	133	71	50	36
Tyskland	4 721	3 487	3 577	71	83	36	45
Sveits	499	-	394	47	59	28	22
Italia	1 067	-	909	122	105	93	55
Finland	498	352	341	51	16	7	7

Tabell 2.1: Talet på institusjonar og transaksjonar i banksektoren for nokre sentrale land

Sverige	498	112	124	38	23	8	8
Noreg	165	148	154	23	24	9	5

¹⁾ Institusjonar som tek imot innskot. Det inkluderer forretnings- og sparebankar, og dessutan andre typar av gjensidige og kooperative bankar.

²⁾ Transaksjonar er her anten fusjonar eller oppkjøp. Tala er klassifiserte etter sektoren til målselskapet, og gjeld ferdige eller pågåande avtalar fram til 30. oktober 1998.

Kilde: BIS 1996 og 1999.

Dei samla verdiane av fusjonane og oppkjøpa har likevel auka kraftig dei siste åra for landa som inngår i tabell 2.1, både målt i nominelt beløp og målt som prosent av fusjonar og oppkjøp i alle sektorar. Verdien på transaksjonane har òg auka kraftig, mellom anna i dei nordiske landa i tabellen, om ein justerer tala for kursutviklinga i verdipapirmarknaden for finansaksjar i same periode. Sett i lys av at talet på transaksjonar har vore fallande i same periode, tyder desse tala på at utviklinga dei siste åra har vore i retning av konsolidering mellom større institusjonar (målt etter forvaltningskapital) enn tidlegare.

Rentenettoen kan vere ein indikator på konkurransen i bankmarknaden. Tabell 2.2 viser utviklinga i rentenettoen i bankar i ulike land som prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Ein kan for dei fleste europeiske landa sjå ein gradvis reduksjon av rentenettoen, noko som tyder på auka konkurranse i bankmarknaden. Nivået på rentenettoen varierer elles ein del mellom landa i tabellen, men reduksjonen i rentemarginane som dei fleste av landa har opplevd, kan likevel tyde på at konkurransen utviklar seg i same retning.

Tabell 2.2: Rentenettoen som prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital¹⁾

	1979-84	1985-89	1990-92	1994	1996	1998
USA	3,0	3,3	3,6	3,57	3,44	3,03
Storbritannia	3,2	3,0	2,8	2,45	2,24	2,18
Frankrike	2,5	2,3	1,7	1,60	1,09	0,63
Tyskland	2,2	2,1	1,9	1,82	1,37	0,98
Sveits	-	-	-	-	0,91	0,80
Italia	2,7	2,9	3,2	-	2,15	2,06
Finland	-	-	-	-	1,57	1,79
Sverige	-	-	-	2,34	1,99	1,46
Noreg	-	-	-	2,96	2,48	2,17

¹⁾ Tala er baserte på eit utval av bankar.

Kilde: Davis, BIS 1996 og 1999.

Av tabell 2.3 ser ein at talet på banktilsette er redusert for dei fleste landa sidan 1990. I same periode har marknadskonsentrasjonen auka for fleire av landa. Når det gjeld utviklinga i marknadsdelane til dei største institusjonane, så går det fram av tabellen at Noreg er eit unntak i dette utvalet, med ei utvik-

ling i retning av lågare marknadskonsentrasjon for dei fem og ti største institusjonane for perioden sett under eitt.

Tabell 2.3: Tal på tilsette (i tusen) i bankane og marknadskonsentrasjonen til dei fem (ti) største bankane målt som prosent av total forvaltningskapital

	Talet på tilsette ¹⁾			Konsentrasjonen til dei fem (ti) største		
	1980 ²⁾	1990	1997	1990	1995	1997
USA	1 900	1 979	1 929	9 (15)	13 (21)	17 (26)
Storbritannia	324	423	356	49 (66)	57 (78)	47 (68)
Frankrike	398	399	382	52 (66)	47 (63)	57 (73)
Tyskland ³⁾	533	696	751	-	17 (28)	17 (28)
Sveits	84	120	107	45 (57)	-	49 (62)
Italia	277	324	314	24 (39)	-	25 (38)
Finland	42	50	26	65 (69)	74 (83)	77 (80)
Sverige	39	45	43	70 (82)	86 (93)	90 (93)
Noreg	24	31	24	68 (79)	58 (71)	59 (71)

¹⁾Institusjonar som tek imot innskot. Det inkluderer forretnings- og sparebanker, og dessutan andre typar av gjensidige og kooperative bankar.

²⁾Talet for Sverige er frå 1984 og for Frankrike 1985.

³⁾Talet for Tyskland i 1980 inkluderer berre Vest-Tyskland. Det høgste talet på tilsette for Tyskland i perioden 1980-1997 var 758 000 (i 1994).

Kilde: BIS 1996 og 1999.

Den fallande rentenettoen som fleire land har hatt i ein periode med fusjonar, oppkjøp og auka marknadskonsentrasjon, kan så langt tyde på at konsolideringa ikkje har svekt konkurransen innanfor tradisjonell bankverksemd vesentleg.

Tabellane ovanfor viser at finansmarknaden i dei nordiske landa har utvikla seg i same retning som i andre land. Likevel er dei nordiske konserna små i internasjonal samanheng. Som det går fram av tabell 2.4, som viser storleiken på dei største nordiske og norske finanskonserna målt ved forvaltningskapital, og sju store europeiske konsern, er det eit solid sprang mellom dei større europeiske og dei største nordiske konserna når det gjeld storleiken på forvaltningskapitalen. Handelsbanken, som er størst i Norden, er til dømes nummer 44 i Europa målt ved forvaltningskapital.

Tabell 2.4: Forvaltningskapitalen i dei største nordiske og norske finanskonserna (og sju store europeiske) per 31.12.98 ¹⁾ i milliardar kroner

Finanskonsern	Mrd. NOK
Deutsche Bank	5 560
UBS	5 206
HypoVereinsbank	4 088
ABN AMRO	3 826
HSBC Holding	3 678

Tabell 2.4: Forvaltningskapitalen i dei største nordiske og norske finanskonserna (og sju store europeiske) per 31.12.98 ¹⁾ i milliardar kroner

Credit Suisse	3 598
CAG	3 459
Handelsbanken ²⁾	872
MeritaNordbanken	850
Den Danske Bank	704
SEB	681
FöreningsSparbanken	678
UniDanmarkgruppen	532
DnB Postbanken ³⁾	374
Gjensidige NOR ⁴⁾	271
Kreditkassen	201
Sparebank 1/Samarb. spb.	147
Storebrand	127

¹⁾ Tala er henta frå The Banker juli 1999.

²⁾ Fleire finanskonsern som ikkje inngår i tabell 2.4 har høgare forvaltningskapital enn Handelsbanken.

³⁾ Tabellen gir ingen uttømmende rangering av dei norske og nordiske finanskonserna. Den samla forvalta kapitalen til DnB-konsernet omfattar egedelane til konsernet, eigarar i Vital, formuesforvaltning i DnB Investor og anna kapitalforvaltning (ifølgje årsrapporten). Forvaltningskapitalen til DnB Postbanken per 31.12.98 er ikkje konsoliderte konserntal, men er summen av forvaltningskapitalen til DnB og Postbanken på same tidspunkt.

⁴⁾ Forvaltningskapitalen til Gjensidige NOR per 31.12.98 er summen av forvaltningskapitalen til Sparebanken NOR og Gjensidige (holdingselskapet) på same tidspunkt.

Det synast som internasjonaliseringa ikkje har kome så langt på forsikringsmarknaden som på bankmarknaden. Samstundes har internasjonaliseringa førebels kome lenger for produkt innanfor skadeforsikring enn innanfor livsforsikring. Det heng mellom anna saman med at produkt innanfor skadeforsikring er enklare å selje på tvers av grenser, medan livsforsikring i større grad må tilpassast skattereglane i kvart enkelt land.

Tabell 2.5 viser dei største skadeforsikringsselskapa i Europa og Norden målte etter brutto premie. Som det går fram av tabellen, er dei største nordiske konserna små jamført med dei europeiske i denne marknaden òg.

Tabell 2.5: Bruttopremien i dei største europeiske og dei største nordiske skadeforsikringsselskapa per 31.12.98 i milliardar kroner

Skadeforsikringsselskap	Mrd. NOK
Allianz	202,0
AXA-UAP	124,7
Generali	102,0
CGU	56,0
Royal Sun	42,0
Skandia ¹⁾	14,5
Storebrand Skade	8,3

Tabell 2.5: Bruttopremien i dei største europeiske og dei største nordiske skadeforsikringsselskapa per 31.12.98 i milliardar kroner

Gjensidige Skade ²⁾	5,5
--------------------------------	-----

¹⁾ Fleire skadeforsikringsselskap som ikkje inngår i tabell 2.5 har høgare bruttopremie enn Skandia. Tala er inklusive Vesta Forsikring og Skandia Danmark.

²⁾Tabellen gir ingen uttømmende rangering av dei norske og nordiske skadeforsikringsselskapa.

Kilde: Innovation og dei nordiske tilsynsmyndighetene.

2.3.2.2 Nærare om utviklinga i bank- og forsikringsnæringa i Norden og Noreg

Utviklinga i den norske finansmarknaden har dei siste åra trekt i retning av at blanda finanskonsern og samarbeidande grupper har fått ein sentral plass. I tabell 2.6, som viser marknadsdelane til finanskonsern i ulike segment av finansmarknaden målt i prosent av forvaltningskapitalen, går det fram at meir enn to tredelar av dei innanlandske finansielle tenestene blir distribuerte av blanda konsern (grupperingar).

Tabell 2.6: Marknadsdelane til finanskonserna i ulike segment av finansmarknaden per 30.06.99 i prosent av forvaltningskapital

	Bank	Finansieringsforetak ¹⁾	Verdipapirfond	Skadeforsikring ²⁾	Livsfor-sikring	Total-marknad
DnB Postbanken ³⁾	26	6	20	-	18	21
Gjensidige NOR	15	13	23	27	16	16
Kreditkassen	14	18	8	-	3	12
Sparebank 1/Sam. spb.	13	2	10	0	1	9
Storebrand/Finansbanken	2	0	7	23	32	8
Fokus/Den Danske Bank	4	0	2	-	-	3
VÅR	1	0	0	5	2	2
Handelsbanken	1	1	0	-	-	1
Sum utvalde bankar	78	39	71	56	73	72

¹⁾ Finansieringsselskap og kredittforetak

²⁾Marknadsdelane for skadeforsikring er medrekna kredittforsikring og brannkassar, og er målte som del av forvaltningskapital. Marknadsdelen målt i prosent av opptent premie for eiga rekning er 36 prosent for Storebrand og 30 prosent for Gjensidige NOR.

³⁾Tala for DnB Postbanken er ikkje konsoliderte konserntal, men tal for dei to respektive bankane per 30.06.1999.

Kilde: Kredittilsynet

Som det går fram av tabell 2.6, er finanskonserna særskilte i struktur og samansetnad. DnB-konsernet er det største av finanskonserna totalt sett, og konsernet har særleg ein sterk posisjon innanfor banksektoren. Gjensidige NOR har den største marknadsdelen innanfor skadeforsikring (litt større enn Storebrand), målt i forhold til forvaltningskapital. Om ein ser på marknadsdelar målte etter premie for eiga rekning, er Storebrand størst, jf. figur 2.2. Sto-

rebrand er klart størst i livsforsikring. Tabellen viser òg at grupper av sparebankar til saman har opparbeidd seg marknadsdelar, særleg innan bankverksemd, som er på nivå med posisjonane til dei store forretningsbankane.

Den faktiske marknadsstrukturen er av interesse når ein skal vurdere konkurransen i marknaden. Konsentrasjonen i marknaden kan seie noko om konkurranseforholda, og dermed kva slags endringar i strukturen som kan vere i samsvar med konkurransemessige omsyn. Dei åtte største konserna har i høve til tabell 2.6 ein marknadsdel som varierer frå i underkant av 40 prosent for finansieringsføretak til over 70 prosent for bank og livsforsikring.

Ein alternativ måte å måle marknadskonsentrasjonen på er å samanlikne dei største bankane sin del av totale bankutlån og utlån fordelte etter publikumssektor, jf. tabell 2.7.

Tabell 2.7: Marknadsdelane til finanskonserna per 30.06.99 i prosent av brutto utlån

	Brutto utlån totalt	Brutto utlån til hushaldningar	Brutto utlån til ikkje-finansielle føretak ¹⁾	
	Prosentdel	Prosentdel	Prosentdel	Justert prosentdel
DnB Postbanken	24	21	28	16
Gjensidige NOR	15	17	14	11
Kreditkassen	13	9	16	12
Sparebank 1/ Sam. spb.	14	19	11	6
Storebrand/Finansbanken	2	2	2	1
Fokus/Den Danske Bank	5	4	6	4
VÅR	2	2	1	1
Handelsbanken	2	1	2	1
Sum utvalde bankar	77	75	80	53

¹⁾ Prosentdel er marknadsdel av utlån frå norske bankar og utanlandske bankfilialar i Noreg. Justert prosentdel er marknadsdel av utlån frå alle finansinstitusjonar (norske og utanlandske), og inkluderer òg utlån frå andre finansinstitusjonar enn bankane i finanskonserna.

Kilde: Kredittilsynet

Tabell 2.7 viser at dei fleste av finanskonserna har ei ujamn fordeling av utlån mellom hushaldningar og føretak. Dette kjem mellom anna fram hos dei to største forretningsbankane. Isolert sett har DnB (utanom Postbanken) til dømes ein marknadsdel i brutto utlån til ikkje-finansielle føretak som ligg ti prosentpoeng høgare enn tilsvarende tal for utlån til hushaldningar. Ser ein på utlånsveksten DnB og Kreditkassen har hatt frå 2. kvartal 1998 og ut 2. kvartal 1999, har begge bankane i denne perioden hatt ei fordeling av nye utlån som truleg har forsterka profilen til utlånsporteføljen i retning av auka prosentdel lån til ikkje-finansielle føretak. Kreditkassen hadde til dømes i denne perioden eit fall i brutto utlån til hushaldningar med ein prosent, medan utlåna til ikkje-finansielle føretak steig mens 13 prosent. Samtidig kan ein vente at dei strukturendringane som har skjedd, har auka konkurransen i sektoren ikkje-finansielle føretak.

I vurderingane av bankstrukturen kan det òg ha interesse å sjå på konsentrasjonen innanfor geografiske regionar. I tabell 2.8 er landet delt inn i seks geografiske regionar. Konsentrasjonen er målt ved at ein har sett på kor stor del av totale utlån dei til kvar tid tre største bankane har innanfor kvar einskild region. I tabellen er sektoren «publikum» delt inn i utlån til lønsmottakarar (personmarknaden) og utlån til sjølvstendig næringsdrivande, ikkje-finansielle føretak og kommunar (næringsmarknaden). Av dei totale utlåna til sektoren «publikum» frå forretnings- og sparebankane utanom Postbanken og dei utanlandske filialane til norske bankar, har forretningsbankane ein prosentdel på om lag 52,5 prosent ved utgangen av 1998. Ser ein på forretningsbankane sin prosentdel av totale utlån til alle sektorar, er den på om lag 56,7 prosent på same tidspunkt.

Sparebankane har ein vesentleg større del av sine utlån til personkundemarknaden enn forretningsbankane. Sparebankane hadde ved utgangen av 1990 ein marknadsdel tilsvarande 24,9 prosent av utlåna i personkundemarknaden. Dette talet var ved utgangen av 1998 auka til 25,8 prosent. Dei tilsvarande tala for forretningsbankar i same periode er høvesvis 21,6 og 20,8 prosent.

Tabell 2.8: Utlån til person- og næringsmarknaden etter region frå dei tre største bankane (DnB, Kredittkassen og Sparebanken NOR) på landsbasis. Prosent av alle bankare sine utlån i regionen.

	1993	1994	1995	1996 ¹⁾	1997	1998
<i>Personmarknaden</i>						
Heile landet	43,0	42,1	42,6	42,5	42,5	40,9
Oslo/Akershus	68,1	67,2	67,9	66,4	63,3	60,0
Austlandet elles	54,3	53,5	53,7	53,8	55,0	53,5
Agder/Rogaland	31,4	29,5	29,6	28,1	26,9	25,0
Vestlandet elles	30,4	30,1	29,7	30,0	31,1	29,8
Trøndelag	11,8	12,0	13,4	14,8	15,7	14,5
Nord-Noreg	22,5	23,0	24,4	25,0	25,8	24,6
<i>Næringsmarknaden</i>						
Heile landet	60,2	57,3	55,5	50,2	50,5	51,3
Oslo/Akershus	70,5	68,4	66,2	62,1	62,7	66,8
Austlandet elles	68,7	67,2	66,7	59,0	60,3	61,4
Agder/Rogaland	53,6	46,9	44,2	44,5	43,3	41,5
Vestlandet elles	58,7	54,3	53,1	46,3	44,2	43,9
Trøndelag	36,4	39,1	34,9	29,6	29,7	29,8
Nord-Noreg	34,9	34,1	35,0	28,6	30,7	29,8

¹⁾ Tala for 1996 avvik frå tilsvarande tal i Kredittmeldinga 1997. Det kjem av korrigeringar av data og endra spesifisering av sektorar særleg innanfor næringsmarknaden.

Kilde: Kredittilsynet

Tabell 2.8 viser at marknadsdelen til dei tre største bankane i perioden 1993 til 1998 har felle i personmarknaden og næringsmarknaden, når ein ser heile perioden under eitt. Dette gjeld både i landet som heilskap og i alle regi-

onar med unntak av Nord-Noreg og Trøndelag. Der har marknadsdelane til dei tre største bankane auka svakt i personmarknaden. Det framgår av tabellen at marknadsdelen til dei tre største bankane er størst i Austlands-området.

Konkurransen frå utanlandske institusjonar har auka dei siste åra innanfor banksektoren, og ved utgangen av 2. kvartal 1999 var det åtte filialar av utanlandske bankar i Noreg. Denne utviklinga har særleg samanheng med føresigner i EØS-avtalen som gir bankar og kredittinstitusjonar som er etablerte i eit anna EØS-land rett til å tilby banktenester i Noreg utan å måtte etablere dotterselskap her. Slik verksemd kan skje anten i form av grenseoverskridande verksemd eller gjennom filialetablering, jf. omtalen i Kredittmeldinga 1997.

Den grenseoverskridande verksemda frå utanlandske finansinstitusjonar har i den norske finansmarknaden særleg vore retta mot sektoren ikkje-finansielle føretak. For å få eit heilskapleg inntrykk av konkurransen på utlånsmarknaden kan det difor vere av interesse å ta omsyn til denne grenseoverskridande verksemda frå utanlandske finansinstitusjonar. Dette har ein gjort i kolonnen «justert prosentdel» i tabell 2.7. Som det går fram der er marknadskonsentrasjonen på utlånsmarknaden til ikkje-finansielle føretak vesentleg lågare når ein tar med alle norske og utanlandske finansinstitusjonar som har utlån til denne sektoren. Marknadsdelane for brutto utlån til ikkje-finansielle føretak for dei utvalde finanskonserna i tabell 2.7 fell med heile 27 prosentpoeng når ein justerer for grenseoverskridande verksemd.

Når det gjeld dei utanlandske bankane og filialane som er etablerte i Noreg, er deira del av det totale utlånet til publikum framleis liten, jf. tabell 2.9. Ved utgangen av 1998 var talet på fire prosent. Likevel går det fram av tabellen at talet var dobbelt så høgt når ein ser isolert på prosentdelen av utlån til ikkje-finansielle føretak på same tidspunkt. Det går òg fram av tabell 2.9 at prosentdelen av utlån til publikum frå dei utanlandske bankane og filialane, og prosentdelen til dei ikkje-finansielle føretaka og hushaldningane, har auka i heile perioden.

Tabell 2.9: Utlån til publikum frå utanlandske bankar og filialar etablerte i Noreg, rekna i prosent av det totale brutto utlånet til publikum, og fordelt på ikkje-finansielle føretak og hushaldningar¹⁾

	1995	1996	1997	1998
Publikum	2,6	2,9	3,2	4,0
Ikkje-finansielle foretak	5,0	5,9	6,2	8,0
Hushaldningar	1,5	1,5	1,6	1,9

¹⁾ I 1995 og 1996 var Chase Manhattan Bank og Banque National de Paris etablerte som bankar i Noreg. I 1998 var begge to omdanna til filialar, slik at alle utanlandske bankar i Noreg ved utgangen av 1998 var filialar. Tala i tabellen er såleis utanom utlån frå utanlandske bankar som ikkje er gjorde via filialen i Noreg. Lån formidla direkte frå dei utanlandske bankane i utlandet står for største delen av utlåna frå utanlandske bankar. Publikum inkluderer hushaldningar, ikkje-finansielle føretak og kommunar.

Kilde: Kredittilsynet

Ved utgangen av 1998 hadde dei nordiske bankane ein prosentdel av utlåna til ikkje-finansielle føretak på om lag 6 prosent. Av denne delen stod Handelsbanken for nesten halvparten.

Som det går fram av tabell 2.1, har talet på bankar blitt redusert gjennom fusjonar og oppkjøp både nasjonalt og internasjonalt. Mens det i 1980 var 24 forretningsbankar i Noreg, var talet ved utgangen av 2. kvartal 1999 redusert til 14. Talet på sparebankar blei i same periode redusert frå 322 til 132. Det har òg vore ein sterk nedgang i talet på skadeforsikringsselskap. Ved utgangen av 1998 var talet 52, og det svarer til ein reduksjon på om lag 55 prosent sidan 1980. Talet på livselskap har vore meir stabilt, og ved utgangen av 1998 var det ti livselskap i Noreg - to færre enn i 1980. I tillegg har seks livsforsikringsselskap med investeringsval løyve til å drive verksemd.

Strukturen i den norske finansmarknaden er påverka av fleire større hendingar i 1999. Den 22. januar fekk FöreningsSparbanken AB løyve av Finansdepartementet til å overta 25 prosent av aksjane i Sparebanken 1-gruppa. Den 7. mai fekk Den Danske Bank løyve av Finansdepartementet til å kjøpe alle aksjane Fokus Bank ASA, gjennom det norske holdingselskapet DDB/Fokus Invest. Konsesjonen byggjer på at Fokus Bank blir halden oppe som eigen bank. Den 4. juni gav departementet Sparebanken NOR, Gjensidige Skadeforsikring og Gjensidige Livsforsikring løyve til å etablere finanskonsernet Gjensidige NOR. Finanskonsernet er basert på samarbeidsavtalar og felles vedtektsfesta selskapsorgan. I slutten av juli fekk Storebrand konsesjon av Finansdepartementet til å kjøpe alle aksjane i Finansbanken, og den 14. oktober godkjende Finansdepartementet fusjonen mellom Den norske Bank ASA og Postbanken AS.

For tida vurderer Finansdepartementet Storebrand sin søknad av 30. juli 1999 om å etablere eit felles nordisk skadeforsikringskonsern beståande av Storebrand Skade og det heilåtte dotterselskapet Europeiske Reiseforsikring, svenske Skandia og finske Pohjola. Søknaden er på visse punkt endra og vesentleg utvida i forhold til opphavleg søknad frå Storebrand og Skandia av 16. april same år. Departementet vurderer òg ein søknad frå Vesta Forsikring og selskap i Skandia-konsernet av 26. mai 1999 om løyve til fisjon av Vesta Forsikring og endringar av konsernstruktur. I tillegg vurderer departementet for tida ein søknad av 11. juni 1999 om løyve til oppkjøp av Bergensbanken frå den svenske Handelsbanken.

MeritaNordbanken offentleggjorde 20. september eit tilbod om kjøp av alle aksjane i Kreditkassen. Prisen som er tilboden er 44 kroner per aksje, og bodfristen går ut 29. oktober 1999.

Det har særleg vore dei største nordiske finanskonserna som har teke aktiv del i utviklinga av den norske finansmarknaden i 1999. Det kan difor vere av interesse å sjå nærare på kor store marknadsdelar dei største nordiske bankane har i sine heimland, i kor sterk grad dei er etablerte i andre nordiske land, og når banken blei etablert i Noreg, jf. tabell 2.10.

Av tabell 2.10 går det fram at Finland er det landet der ein enkelt bank, MeritaNordbanken, har den største marknadsdelen av dei nordiske bankane i sine heimland, målt som prosentdel av utlån til publikum frå bankar, kredittforetak og finansieringsselskap. Marknadsdelen på 34 prosent er om lag som den samla prosentdelen til DnB og Kreditkassen. Av tabellen går det òg fram at Sverige har tre bankar som kvar for seg har marknadsdelar som er større enn den største norske. Størst marknadsdel målte i prosent av utlån til publi-

kum har Handelsbanken. Banken hadde ved utgangen av 2. kvartal 1999 16 kontor i Noreg, og etablerte første kontor i Noreg i 1988.

Det går fram av tabell 2.10 at Den Danske Bank er den banken med størst marknadsdel i Danmark, målt i prosent av utlån til publikum. Ein gjer oppmerksom på at kredittforetak har ein monaleg del av utlånsmarknaden i Danmark. Den Danske Bank er elles den banken som har etablert flest kontor i andre nordiske land.

Dei nordiske bankane sin marknadsdel som prosent av utlån er noko forskjellig frå marknadsdelen som prosent av forvaltningskapital, men hovudtrekka er dei same.

Tabell 2.10: Marknadsdelane i heimlandet til dei største nordiske finanskonserna per 31.12.97 som prosentdel av det bankar, kredittforetak og finansieringsselskap har lånt ut til publikum ¹⁾

Bank	Prosentdel	Talet på kontor ⁴⁾	Tidspunkt for etablering ⁵⁾
Handelsbanken	26	33	1988
MeritaNordbanken	34 (F), 15 (S)	2	1999
FöreningsSparbanken	23	1	1998
SEB	22	3	1994
Den norske Bank ²⁾	19	2	-
Den Danske Bank ³⁾	19	40	1997
Kreditkassen	14	2	-
Unibank	13	5	1997

¹⁾ Ein tar atterhald om at det til dels samanliknast ulike storleikar i dei ulike land. For Noreg og Finland er det del av utlån til publikum frå bankar, kredittforetak og finansieringsselskap, for høvesvis morbankar og konsern. For Danmark er det konserntal for del av utlån til publikum frå pengeinstitut (bankar) og realkredittinstitut, medan for Sverige er det morbanktal for del av utlån frå bankar.

²⁾ Den norske Bank utanom Postbanken.

³⁾ Den Danske Bank utanom Fokus Bank.

⁴⁾ Talet på kontor i andre nordiske land.

⁵⁾ For bankar som tidlegare har lagt ned og seinare opna filial eller dotterselskap, gjeld årstalet for reetablering. For FöreningsSparebanken er strategiske alliansar og deleigarskap tatt med. Den norske filialen til FöreningsSparbanken vil starte si verksemd i år 2000.

Kilde: Noregs Bank 1999 og dei andre nordiske sentralbankane.

Tabell 2.3 viste mellom anna at Noreg hadde ein noko lågare marknadskonsentrasjon enn dei andre nordiske landa i tabellen, målt ved dei fem og ti største bankane sin del av total forvaltningskapital. Tabell 2.10, som viser marknadsdelane til dei største nordiske bankane i heimlanda deira, målte i prosent av utlån til publikum, gir det same inntrykket.


I motsetning til det som gjeld for marknadskonsentrasjonen for bankar, er den norske forsikringsmarknaden jamt over meir konsentrert enn marknadene i Sverige, Danmark og Finland.

Tabell 2.11 viser mellom anna kor stor marknadsdel, målt etter opptent premie, dei fem og ti største livselskapa har i kvart enkelt nordisk land. I figur 2.1 blir dei fem største nordiske livsforsikringsselskapa samanlikna med dei største norske selskapa, målt etter opptent premie.

Tabell 2.11: Talet på livsforsikringsselskap (medrekna livsforsikringsselskap med investeringsval) og marknadsdelen til dei fem og ti største livselskapa, målt etter opptent premie per 31.12.98.

	Tal på selskap	Konsentrasjonen til dei fem (ti) største
Noreg	16	87 (98)
Sverige	37	75 (96)
Danmark	89	36 (53)
Finland	14	77 (98)

Kilde: Dei nordiske tilsynsmyndigheitene.



Figur 2.1 Dei fem største livsforsikringsselskapa i Norden samanlikna med dei største norske selskapa målte etter opptent premie per 31.12.98

Kilde: Dei nordiske tilsynsmyndigheitene.

Det går fram av tabell 2.11 at dei fem største norske livselskapa har ein høgare marknadsdel enn kva tilfellet er for dei største selskapa i dei tre nabolanda våre. Samstundes går det fram av figur 2.1 at det største norske livselskapet, Storebrand Livsforsikring, er om lag halvparten så stort som dei to største nordiske selskapa, målt etter opptent premie.

Tabell 2.12 viser mellom anna kor stor marknadsdel, målt etter opptent premie, dei fem og ti største skadeforsikringsselskapa har i kvart enkelt nordisk land. I figur 2.2 blir dei fem største nordiske skadeforsikringsselskapa samanlikna med dei største norske selskapa, målt etter opptent premie.


Tabell 2.12: Talet på skadeforsikringsselskap og marknadsdelen til dei fem og ti største skadeforsikringsselskapa, målt etter opptent premie per 31.12.98

	Tal på selskap	Konsentrasjonen til dei fem (ti) største
Noreg ¹⁾	52	79 (89)
Sverige ²⁾	113	82 (91)
Danmark	143	59 (75)
Finland	30	67 (91)

¹⁾ Talet er eksklusive 53 brannkassar og sjøtrygdslag.

²⁾ Talet er eksklusive 309 mindre lokale selskap.

Kilde: Dei nordiske tilsynsmyndigheitene.



Figur 2.2 Dei fem største skadeforsikringsselskapa i Norden målte etter opptent premie per 31.12.98

*Storebrand Skadeforsikring Storebrand har i sin søknad av 30. juli 1999 søkt om løyve til å etablere eit felles nordisk skadeforsikringskonsern bestående av Storebrand Skade og det heilatte dotterselskapet Europeiske Reise-forsikring, svenske Skandia og finske Pohjola. Tala for Skandia i figuren er inklusive Vesta Forsikring og Skandia Danmark.

Kilde: Dei nordiske tilsynsmyndigheitene.

Av tabell 2.12 går det vidare fram at marknadskonsentrasjonen i skadeforsikring, målt etter dei fem største selskapa, er vesentleg høgare i Noreg enn i

Finland og Danmark, men litt lågare enn i Sverige. Av figur 2.2 går det fram at Noregs største skadeforsikringsselskap målt etter opptent premie, Storebrand Skade, er nest størst i Norden, etter Skandia.

2.3.3 Tidlegare behandling av den statlege eigarskapen

2.3.3.1 Om statleg eigarskap

Statens Bankinvesteringsfond forvaltar statens eigarinteresser i bankane. Det følgjer av lov 15. mars 1991 nr. 2 om Statens Banksikringsfond og lov 29. november 1991 nr. 78 om Statens Bankinvesteringsfond. Som det òg går fram av avsnitt 2.1, er formålet med Statens Bankinvesteringsfond i første rekkje å styrke den ansvarlege kapitalen i norske bankar, og verksemda i fondet skjer etter forretningsmessige vurderingar.

Ein politikk for den statlege eigarskapen i banknæringa blei første gong formulert i Revidert nasjonalbudsjett 1992, der det heiter:

«Statens eierskap i forretningsbankene er basert på to ulike roller med tilhørende institusjoner: Statlig eierskap som ledd i krisehåndtering. Dette er tilfeller der statlig eierskap er en hensiktsmessig måte å sikre innskyterne og det finansielle system. Statens Banksikringsfond ivaretar denne rollen. Staten som investor på forretningsmessig grunnlag sammen med private investorer. Denne rollen er fortrinnsvis tillagt Statens Bankinvesteringsfond. <...>Det legges opp til at statens eierskap med basis i Statens Bankinvesteringsfonds investorrolle skal ha et mer langsiktig siktemål. Fondet vil, sammen med øvrige statlige og private norske investorer, bidra til å sikre et vesentlig nasjonalt eierskap i norske banker. Fondet kan legge et forretningsmessig langsiktig tidsperspektiv til grunn for sine investeringsvalg.»

Formålet med den statlege eigarskapen er seinare utdjupa i Bankkrisemeldinga, St.meld. nr. 39 (1993-94):

«Formålet med det statlige medeierskapet skal være å bidra til å sikre et stabilt eierskap i de to største forretningsbankene. Et slikt eierskap forutsettes å sikre at sentrale beslutningsfunksjoner forblir i Norge, og at oppmerksomheten mot utviklingsmulighetene i norsk næringsliv ikke svekkes. En statlig eierandel på over 1/3 er tilstrekkelig for å nå de angitte målene for det statlige eierskapet. Med en slik eierandel vil staten kunne utøve en betydelig innflytelse over strategiske veivalg i banken, samt kunne forhindre vedtektsendringer som er i strid med nasjonale interesser. Det forutsettes at det statlige medeierskapet baseres på at bankene skal drives på et ordinært forretningsmessig grunnlag. På mellomlang sikt og i innværende stortingsperiode tas det sikte på å beholde en statlig eierandel på over 50 pst. i disse to bankene. Før det ev. blir aktuelt å redusere eierandelen under 50 pst., vil Regjeringen legge spørsmålet om omfanget av det statlige eie fram for Stortinget til fornyet vurdering.»

I Bankkrisemeldinga la ein òg retningslinjer med omsyn til korleis fondet skulle tilpasse sine eigardelar til målsetjinga ovanfor:

«Salg av aksjer vil skje med henblikk på at Statens Bankinvesteringsfond skal ivareta det langsiktige statlige eierskapet i disse bankene. Transaksjoner mellom de to statlige fondene skal utelukkende finne sted til ordinære markedsmessige vilkår. De øvrige bankaktiva i fonde-

ne vil bli realisert fortløpende. Ethvert salg av statlig eide aktiva vil bli tatt under hensyn til forretningsmessige vurderinger.»

I innstillinga til Bankkrisemeldinga, Innst. S. nr. 213 (1993-94), slutta eit fleirtal i finanskomiteen seg til at det i den aktuelle stortingsperioden skulle takast sikte på å behalde ein statleg eigardel på over 50 prosent i DnB og Kreditkassen.

Den planlagte fusjonen mellom Storebrand og Kreditkassen gjorde at spørsmålet om lågare eigardel enn 50 prosent blei aktualisert tidlegare enn det som var lagt til grunn i Bankkrisemeldinga. Utan ytterlegare oppkjøp ville ein slik fusjon gitt staten ein eigardel på vel 25 prosent i den fusjonerte eininga. Regjeringa la i samband med dette avgjerande vekt på at ein skulle føre vidare ein politikk som legg vekt på ein stabil nasjonal eigarskap. I Revidert nasjonalbudsjett 1997 heiter det:

«En nasjonal forankring innebærer at forretningskontor og sentrale beslutningsfunksjoner forblir i Norge. Utflagging av et aksjeselskap slik at forretningskontoret blir lokalisert utenfor Norge fordrer endring i vedtektene. Etter aksjeloven §2-2 skal bl.a. lokalisering av selskapets forretningskontor og selskapets formål framgå av vedtektene. Også selskapets aksjekapital skal framgå av vedtektene. Beslutning om å endre vedtektene fattes av generalforsamlingen, jf. aksjeloven § 9-14. Det er ikke foreslått vesentlige endringer i reglene om hvilke beslutninger som krever kvalifisert flertall og kravene til kvalifisert flertall i allmennaksjeselskaper i forslaget til ny allmennaksjelov. Aksjeeiere som representerer minst en tredjedel av stemmene og aksjekapitalen representert på generalforsamlingen har såkalt negativ kontroll fordi de kan hindre vedtektsendringer. Negativ kontroll innebærer også mulighet til å forhindre reduksjon av eierandelen gjennom aksjekapitalutvidelser og fusjon. Den statlige eierandelen bør ved en eventuell fusjon være så stor at vedtektsendringer kan hindres, dvs. at uønskede beslutninger om fusjon, aksjekapitalendringer og utflagging kan stoppes. Eierandelen bør dermed være så stor at det kan påregnes kontroll med om lag en tredjedel av stemmene på generalforsamlingen i en eventuelt fusjonert finansinstitusjon. Hvilken faktisk eierandel Statens Bankinvesteringsfond ut fra dette bør ha, må vurderes bl.a. ut fra eierstrukturen for øvrig.»

Regjeringa Jagland la i Statsbudsjettet 1998 opp til sal av aksjar i DnB og Kreditkassen ned mot 1/3 eigardel. Dette forslaget inngjekk også i Regjeringa Bondevik sitt budsjettforslag som blei fremma same haust, jf. omtale i avsnitt 2.1. I retningslinjene for dei sala som er gjorde av Bankinvesteringsfondet, har det vore lagt vekt på god spreing av salet, og at småinvestorar når alt anna er likt, blir prioriterte ved tildelinga.

I samband med at Regjeringa behandla omdanning av Postbanken til eit aksjeselskap og ein fusjon mellom DnB og Postbanken AS, blei det vedteke at Samferdselsdepartementet sin eigardel i den fusjonerte eininga skal først over til Bankinvesteringsfondet, og at statens samla eigardel i dette føretaket skal reduserast ned mot 1/3, jf. St. prp. nr. 76 (1998-99) «Om samtykke til godkjenning av fusjonsplan for fusjon mellom Den norske Bank ASA og Postbanken AS» og omtala av fusjonen i avsnitt 2.1.

2.3.3.2 Om strukturpolitikken for finansmarknaden

Med strukturpolitikken for finansmarknaden meiner ein dei retningslinjene som myndighetene følgjer når dei behandlar mellom anna konsesjonssøknader om samanslåingar og omdanningar. Sidan starten på 1980-talet har utforminga av strukturpolitikken i første rekkje vore innretta mot å sikre tilfredsstillande konkurranse og soliditet. Samtidig har det heile tida vore eit mål å sikre eit godt tilbod av finansielle tenester i alle regionar. Retningslinjene har gjerne lege fast ein del år inntil endringar i marknadsforhold eller skifte av regjering har ført til ei fornya drøfting.

I Kredittmeldinga 1997, avsnitt 2.6, er det gitt ei oversikt over utviklinga i strukturpolitikken tilbake til først på 1980-talet. Frå den oversikta kan ein få inntrykk av at det til tider har vore ein viss konflikt mellom målsetjinga om å sikre ein god tilgang på finansielle tenester i hele landet, og å halde oppe ein viss grad av konkurranse. I St.meld. nr. 39 (1993-94), side 128, heiter det mellom anna:

«Formålet med strukturpolitikken har særlig vært å sikre hele landet en god tilgang på finansielle tjenester, samtidig som man opprettholdt en viss grad av konkurranse. Inntil begynnelsen av 80-tallet syntes det å være en viss konflikt mellom disse to målene. Den geografiske dekning av banktjenester ble sikret ved opprettholdelsen av et nett av banker med lokal forankring. Disse lokale og regionale bankene måtte i en viss utstrekning skjermes mot konkurransen fra store landsdekkende forretningsbanker, med hovedsete i Oslo eller Bergen. Samtidig la myndighetene vekt på at bankkundene skulle ha en valgmulighet mellom flere banker også utenom de sentrale strøk. Resultatet var at etablering av nye ekspedisjonssteder og filialer var gjenstand for en omfattende offentlig regulering.»

I Bankkrisemeldinga går det òg fram at strukturpolitikken for alle typar finansinstitusjonar blei drøfta i samband med vedtak av ny lov om finansieringsverksemd, jf. Ot.prp. nr. 41 (1986-87), der det mellom anna står at:

«En struktur på finansmarkedet med et tilstrekkelig antall selvstendige og gjensidig uavhengige finansinstitusjoner er et hovedvilkår for at konkurransen på finansmarkedet er effektiv på varig basis. Det bør til enhver tid være et rimelig stort antall reelt konkurrerende enheter på markedene for finans- og forsikringstjenester, slik at en unngår at enkeltelskaper kan utøve betydelig markedsmakt.»

I Ot.prp. nr. 41 (1986-87) blei det stadfesta ein restriktiv praksis for dei tilfella der ein av dei tre største forretningsbankane ønskte å fusjonere med ein annan bank. Det blei òg lagt til grunn ein restriktiv praksis for fusjonar der ein av dei fire største forsikringskonserna/gruppedanningane er involverte.

På slutten av 1980-talet fekk mange finansinstitusjonar store innteningsproblem. Det førte til at dei måtte redusere kostnadene. I Nasjonalbudsjettet 1993 heiter det mellom anna:

«Strukturendringer vil kunne vise seg å være nødvendig for å redusere overkapasiteten i banknæringen. Konkurrans hensyn og hensynet til den geografiske dekning av banktjenester og bankkompetanse må ivaretas.»

Dermed blei det lagt vekt på at strukturelle endringar kunne kome som følge av moglege stordriftsfordelar. Samstundes gjekk ein over frå kvantitative til meir kvalitative retningslinjer.

I Nasjonalbudsjettet 1996 blei det lagt fram ei vurdering av konkurranseforholda og strukturpolitikken på finansmarknaden. Det blei mellom anna uttala (s. 165-166):

«Hovedinntrykket er at fusjoner og fisjoner foretas fordi eierne finner dette lønnsomt. Myndighetene har adgang til å gripe inn, hvis disse strukturendringene går på tvers av de spesifikke hensyn som skal ivaretas gjennom strukturpolitikken. Myndighetene tar gjennom konsesjonsbehandlingen ikke stilling til om en fusjonsplan er forretningsmessig lønnsom. Dette er hensyn som det tilligger den enkelte institusjons styrende organer å vurdere. Den enkelte institusjons soliditet vil imidlertid bli tillagt vekt. Myndighetene har heller ikke nødvendigvis et ønske om å bestemme at det skal være et bestemt antall tilbydere i markedet. De hensyn som myndighetene skal ivareta, og som er regulert gjennom lovgivningen, er å bidra til at konkurransen og soliditeten er forsvarlig. Tilstrekkelig konkurranse må være et premiss for den videre utvikling av strukturen på finansmarkedet. Men det er også viktig at finansinstitusjonene har et godt inntjeningsgrunnlag.»

Samanhengen mellom den statlege eigarskapen og strukturpolitikken blei nemnt av finanskomiteen i innstilling til forslag frå Einar Steensnæs om praktiseringa av eigaravgrensingsregelen i finansieringsverksemdslova, Innst. S. nr. 287 (1996-97). Der uttalar fleirtalet:

«Flertallet finner det ikke ønskelig at staten ved sitt bankeierskap skal bidra til en ytterligere sentralisering og eierkonsentrasjon i norsk finansnæring.»

Noverande retningslinjer blei lagde fram for Stortinget i Kredittmeldinga 1997 som blei lagd fram hausten 1998. I meldinga heiter det mellom anna:

«Hovudmålet i strukturpolitikken blir framleis å sikre at Noreg har vel fungerande og solide finansinstitusjonar, og at det er høg konkurranse mellom institusjonane. Konkurransesyn tilseier såleis at ein bør unngå at enkeltinstitusjonar får ein dominerande posisjon, totalt eller i marknadssegmenta sine. Det er dessutan eit mål å halde ved like spredd aktivitet og kompetanse i næringa med sjølvstendige institusjonar utafor Oslo. <...>Departementet meiner og at det er viktig å ha sentrale finansinstitusjonar med hovudkontor plasserte i Noreg. Som nemnt ovafor (jf. tabell 1.8) er norske finansinstitusjonar små i internasjonal målestokk. Hovudkontoret i eit eventuelt fusjonert selskap blir dermed sannsynlegvis lagt til utlandet, og såleis også leiings-, strategi- og utviklingsfunksjonar. I så fall aukar det avstanden til den staden dei strategiske avgjerdene blir fatta, noko som kan innebære at det blir lagt mindre vekt på kunnskap om lokale forhold i Noreg og spesielle behov norske kundar måtte ha. Det har truleg mest å seie for hushaldningar, små og mellomstore bedrifter og kommunar, som i mindre grad enn større bedrifter har den internasjonale marknaden som eit reelt alternativ.»

Vidare heiter det:

«I den samla konsesjonsvurderinga vil departementet såleis leggje opp til å følgje ei restriktiv linje med omsyn til oppkjøp og konsentrasjon av dei største norske finansinstitusjonane og grupperingane. Ein vil i denne samanheng leggje vekt på at det finst solide og konkurransedyktige institusjonar og grupperingar med regional forankring heimehørande her i landet og å søkje å unngå utflytting eller svekking av finansmiljøet i Noreg.»

Fleirtalet i finanskomiteen sluttar seg til retningslinjene, men kommenterer i si innstilling til meldinga, Innst. S. nr. 66 (1998-99), ikkje den nasjonale eigarskapen i finansnæringa.

2.3.4 Departementet si vurdering av retningslinjene for struktur- og eigarskapspolitikken

Finansnæringa har ein sentral plass i ein moderne økonomi, der effektiv formidling av finansielle tenester er nødvendig for å sikre utvikling og stabilitet. Bankane har som oppgåve å transformere kortsiktige innskot til langsiktige utlån, dei utferdar pengar og dei står for oppgjør av betalningar. Slik sett er finansnæringa meir integrert i økonomi og samfunnsliv enn mange andre næringar. Skadeverknadene kan òg bli store om tilgangen på relevante tenester skulle svikte, med smitteeffektar til andre aktørar og med realøkonomiske konsekvensar.

Eit hovudmål i strukturpolitikken er, slik det er nemnt i innleiinga til dette avsnittet, å sikre at Noreg har velfungerande og solide finansinstitusjonar, og at det er høg konkurranse mellom institusjonane. Ein føresetnad for ei konkurransedyktig og velfungerande finansnæring er effektiv drift av institusjonane, og at institusjonane har finansiell og kompetansemessig styrke til å hevde seg i konkurransen.

Det skjer ei rask internasjonalisering av finansmarknaden, mellom anna som følgje av den teknologiske utviklinga og opprettinga av ØMU-området, der det blei innført ein felles valuta frå 1. januar 1999. Konkurransen over landegrensene aukar. Tilfanget av nye produkt, tenester og aktørar er truleg også med på å auke konkurranseintensiteten. Det har mellom anna skjedd endringar i sparemønsteret, med ei dreining frå tradisjonelle bankinnskot over mot verdipapirfonddelar og forsikringsprodukt. Institusjonelle investorar som forsikringsselskap og verdipapirfond har såleis blitt stadig viktigare som konkurrentar til bankar og andre tradisjonelle kredittinstitusjonar.

Kundane har dermed fått fleire valmoglegheiter, og auka konkurranse er med på å halde prisane lågare enn dei elles ville ha vore. Dette gjeld særleg for store kundar som har den internasjonale marknaden som eit reelt alternativ.

For å vere konkurransedyktig i den nye marknaden står finansnæringa overfor krav til effektivisering og reduksjon av kostnader, samtidig som det er behov for utvikling av drift og strategi. Dette er nødvendig for å sikre ei tilfredsstillande inntening, og for å kunne tilby dei produkt og tenester som kundane spør etter i ein stadig meir utvikla marknad.

Som det går fram av avsnitt 2.3.2.1, er det både i Noreg og internasjonalt ei utvikling i retning av stadig større einingar innanfor bank og forsikring gjennom oppkjøp og fusjonar. Moglege stordrifts- og breiddefordelar i bank- og forsikringsdrift er eit motiv. Empirisk har det vore vanskeleg å finne klare haldepunkt for stordrifts- og breiddefordelar. I enkelte segment kan det likevel

vere stordriftsfordelar knytte til mellom anna utbygging og drift av teknologiske system, særleg der det er store investeringar. Ein viss kritisk storleik kan òg vere nødvendig for at det skal vere lønsamt å opparbeide kompetanse for å hevde seg i marknaden for nye, avanserte produkt og tenester. Tilsvarende kan det vere visse breiddefordelar i distribusjon av bank- og forsikringsprodukt. Mange fusjonar og oppkjøp er nok likevel først og fremst motiverte ut frå meir strategiske omsyn. Ein større institusjon kan mellom anna ha større finansiell moglegheit til å kjøpe opp andre institusjonar, og såleis stå friare i val av strukturelle løysingar. Dei kan også vere mindre utsette for uønskte oppkjøp frå andre.

Men det har òg blitt vist til problem som ofte kan oppstå ved fusjonar og oppkjøp, og som truleg er med på å forklare at det er vanskeleg å talfeste fusjonsgevinstar empirisk. Mellom anna kan kulturane i dei institusjonane som skal vere med i eit nytt selskap, vere svært ulike. Vidare kan kostnadene til sjølve fusjonen eller oppkjøpet og den etterfølgjande integreringa vere høge. Det har blitt vist til at ein ved danning av større, meir samansette institusjonar kan spreie risiko, men ein kan òg ta på seg nye risiki som ein manglar erfaring med å handtere.

Det er såleis ikkje haldepunkt for at det finnast ein bestemt strategi for å lykkast, og at storleik er noko kriterium i ein slik strategi. Det viktigaste er truleg å ha ein klar og truverdig forretningsstrategi. Det er òg viktig å utvikle høg kompetanse på kjerneområda for den strategien som er valt, og å bli god på marknadsføring og drift av denne verksemda.

Dersom ein meiner at storleik er viktig for å kunne vere konkurransedyktig, må dette vurderast opp mot dei verknader høg konsentrasjon kan ha. Det må mellom anna vurderast ut frå at større institusjonar kan føre til større systemproblem, dersom det oppstår ei krise i institusjonen. Den norske marknaden er liten. Det er difor også grenser for kor langt ein kan gå i å tillate større norske institusjonar å slå seg saman, utan at dei får ein for dominerande marknadsposisjon, totalt eller i større segment. Eit alternativ om ein meiner det er viktig med store institusjonar, er å tillate samanslåing med utanlandske institusjonar. Ettersom norske institusjonar er små i internasjonal målestokk, vil hovudkontoret i eit eventuelt slikt fusjonert føretak truleg bli lagt til utlandet.

Departementet vil understreke at det ikkje er noko mål i seg sjølv å oppretthalde ein bestemt struktur på finansmarknaden. Endringar i strukturen vil vere ein viktig og naturleg del av utviklinga i alle marknader, og oppstår som følgje av ei rekkje enkeltvedtak som eigarane gjer på bakgrunn av vurderingar av mellom anna lønsemd og strategi. For myndigheitene er det eit mål å utforme ein strukturpolitikk som gir finansnæringa tilstrekkelege moglegheiter til vidare utvikling, samtidig som ein unngår at strukturutviklinga kjem i konflikt med viktige samfunnsmessige omsyn.

Dei verkemidla staten har i strukturpolitikken er konsesjonspolitikken og den statlege eigarskapen i dei to største forretningsbankane.

I konsesjonssaker på finansmarknadsområdet blir det lagt vekt på soliditets- og konkurransemessige omsyn. Det følgjer av Kredittmeldinga 1997 at departementet vil leggje opp til ei restriktiv linje med omsyn til oppkjøp og konsentrasjon av dei største norske finansinstitusjonane og grupperingane. Det er dessutan eit mål å ha grupperingar med regional forankring heimehøy-

rande her i landet og å søkje å unngå utflytting eller svekking av finansmiljøet i Noreg. Norske og utanlandske institusjonar vil i samsvar med Noreg sine internasjonale skyldnader bli handsama likt i høve til dei strukturpolitiske retningslinjene.

Den statlege eigarskapen i norske forretningsbankar har opphav i bankkrisa først på 1990-talet. Etter at situasjonen på finansmarknaden normaliserte seg igjen, blei eigardelane reduserte eller selde ut. Staten har nå ein eigardel i DnB på 52,2 prosent (60,6 prosent medrekna Postbanken). Eigardelen skal reduserast ned mot 1/3, tilstrekkeleg til å hindre utflytting av hovudkontorfunksjonar. Staten har ein eigardel i Kreditkassen på 34,67 prosent. Desse eigardelane er grunna i omsynet til stabil norsk eigarskap i finansnæringa.

Det er viktig å skilje staten si rolle som regulator og som eigar. Staten sine eigarinteresser i DnB og Kreditkassen blir ivaretekne av Statens Bankinvesteringsfond. I retningslinjene for verksemda til Bankinvesteringsfondet er det lagt vekt på at fondet ikkje skal delta i den daglege drifta av bankane. I avsnitt 2.1 i denne meldinga er det lagt opp til at Bankinvesteringsfondet skal nominere representantar til styret i DnB og Kreditkassen i samsvar med staten sin eigardel. I sine vurderingar skal Bankinvesteringsfondet leggje forretningsmessige kriterium til grunn. Saker av særleg vekt skal leggjast fram for departementet før Bankinvesteringsfondet treffer vedtak.

Det å redusere eigardelen i DnB eller Kreditkassen under 1/3, ville vere i strid med dei retningslinjene Stortinget har gitt for den statlege eigarskapen. På denne bakgrunnen er tilbodet frå MeritaNordbanken på aksjane i Kreditkassen, og der fristen for å akseptere var sett til 29. oktober 1999, ikkje akseptert. Statens Bankinvesteringsfond har vurdert MeritaNordbanken sitt bod. Då denne avgjerda vart lagt fram for departementet, viste fondet til at det ikkje er grunnlag for å slutte at Bankinvesteringsfondet ville ha konkludert annleis om avgjerda skulle ha vore fatta på reint forretningsmessig grunnlag.

Regjeringa viser til at dei aller fleste utvikla land har sentrale finansinstitusjonar med nasjonal eigarskap. Regjeringa meiner at det også i Noreg er viktig at det blir oppretthalde ein langsiktig norsk eigarskap i dei sentrale finansinstitusjonane som i omfang er tilstrekkeleg til å kunne forhindre ei uønskt utvikling. Spørsmålet om nasjonal eigarskap er knytt til dei spesielle funksjonane finansnæringa har i økonomien. Det går fram av Kredittmeldinga 1997 at formålet med nasjonal eigarskap er å sikre nærleik mellom kundane og leiings-, strategi- og utviklingsfunksjonar i finansinstitusjonen. Det kan vere viktig å ha institusjonar der den øvste leiinga også på sikt har tilstrekkeleg kjennskap til særskilde forhold knytte til norsk økonomi og kundeforhold i Noreg. Ein må tru at hovudkontor i same land som kundane bur, i særleg grad kan ha mykje å seie for hushaldningar, små og mellomstore føretak og kommunar, som i motsetning til større føretak i liten grad har den internasjonale marknaden som eit reelt alternativ.

Private investorar kan ikkje påleggjast å oppretthalde eigarskapen sin i norske finansinstitusjonar verken på kort eller lang sikt, og ein må gå ut frå at dei gjennomgåande vurderer sin eigarskap ut frå marknadsmessige forhold til ei kvar tid. Regjeringa meiner difor at staten er den einaste som kan sikre ein langsiktig norsk eigarskap i dei sentrale finansinstitusjonane med den eigarkontroll som ein eigardel på over 1/3 vil gi. Regjeringa sitt utgangspunkt er at

dei største institusjonane i denne og andre samanhengar bør ha mest mogleg like rammevilkår. Det er difor naturleg å ha ei felles haldning til spørsmål om norsk eigarskap og eigarkontroll når det gjeld dei to største bankane der staten allereie eig aksjar. Det er opp til staten sjølv å avgjere om den vil behalde eller avhende eigardelar som ledd i gjennomføringa av den eigarstrategien som det blir lagt opp til for å sikre det nivået på norsk eigarkontroll i desse to bankane som blir rekna som nødvendig. Regjeringa går i samsvar med dette inn for å føre vidare eigarskapsstrategien med eige av minst 1/3 som det blei lagt opp til mellom anna i Revidert nasjonalbudsjett 1997 og Statsbudsjettet 1998.

Raske endringar både i samfunnet generelt og i finansmarknaden understrekar at norske finansinstitusjonar må ha høve til strategiske og strukturelle tilpassingar som kan vere nødvendige for å sikre ei tilfredsstillande inntening. Det gjeld også løysingar der andre nordiske bankar deltar. Noko av den interessa utanlandske institusjonar nå viser for å overta norske institusjonar, kan ha samanheng med norske reglar for eigarskap. Etter gjeldande hovudregel kan ikkje eigardelen overstige 10 prosent, om ikkje føretaket er heilått. Det visast til nærare omtale av gjeldande rett i Ot. prp. nr. 9 (1999-2000).

Regjeringa ønskjer å leggje til rette for nordiske samarbeidsavtalar og strategiske alliansar på finansmarknaden ved i slike tilfelle å opne for større eigardelar enn det den generelle 10 prosentregelen gir moglegheit for. Banklovkommisjonen har i NOU 1998:14, Finansforetak m. v., foreslått å utvide høvet til å få dispensasjon til å eige større minoritetspostar i samband med strategisk samarbeid. Utreiinga frå Banklovkommisjonen har vore på høyring, og forslaget har fått brei tilslutning frå høyringsinstansane. Departementet fremmar i dag ein proposisjon der ein i hovudsak sluttar seg til dette forslaget, jf. Ot.prp. nr. 9 (1999-2000).

Det er foreslått at vedkomande store minoritetseigar også skal kunne stemme for aksjane sine. Banklovkommisjonen har foreslått at eigardelane skal kunne vere på inntil 30 prosent. Det er vist til at dette er noko under den eigardelen som vil gi negativ kontroll på generalforsamlinga. Ein minoritetseigar med 30 prosent vil kunne få stor innverknad, avhengig av korleis resten av aksjane er fordelte. Det er ikkje vanleg at alle aksjonærane møter eller er representerte på generalforsamlingane i større, børsnoterte selskap. Dette vil mellom anna innebere at ein stor aksjonær vil kunne oppnå negativ kontroll med ein eigardel som ligg eit stykke under 1/3 av aksjane. Departementet foreslår difor at grensa for slike store eigarpostar blir sett til 25 prosent.

I Ot.prp. nr. 9 (1999-2000) blir det òg foreslått nærare krav til korleis avgjerder om å inngå slik avtale om strategisk samarbeid skal bli fatta i finansinstitusjonane og hos konsesjonsmyndigheitene. På grunn av at avtalen både skal vere langsiktig og ha eit omfattande innhald, meiner departementet at vedtak bør treffast av generalforsamlinga, med fleirtal som for vedtektsendring. Dette vil normalt innebere eit krav om 2/3 av dei gjevne stemmene. Tilsynsmyndigheitene vil måtte vurdere dei enkelte avtalane konkret i samband med eventuelle søknader om dispensasjon.

2.3.5 Oppsummering

Ut frå ei samla vurdering meiner Regjeringa at dei retningslinjene for strukturpolitikken som er trekte opp i Kredittmeldinga 1997, gir eit godt utgangspunkt også framover.

I eigarskapspolitikken vil Regjeringa leggje til grunn at:

- det er eit mål å sikre langsiktig norsk eigarskap
- staten er den einaste som kan sikre at tilstrekkeleg norsk eigarskap og eigarkontroll oppretthaldast. Staten må difor eige over 1/3 av aksjane i dei to største forretningsbankane og såleis handsame dei på same måten i høve til målet om nasjonal eigarskap.

I konsesjonspolitikken vil Regjeringa byggje vidare på retningslinjene frå Kredittmeldinga 1997 og leggje til grunn at:

- dei gjeldande retningslinjene er kvalitative og utelukkar ikkje bestemte strukturelle løysingar. Når søknader om konsesjon handsamast, vil det bli lagt stor vekt på omsynet til konkurranse og soliditet. Utviklinga internasjonalt mot større einingar og med auka konkurranse over landegrensene vil ha mykje å seie for konkurransesituasjonen. Konsesjonssøknader om oppkjøp og konsentrasjon av dei største norske finansinstitusjonane og grupperingane vil bli vurderte ut frå marknads- og konkurransetilhøva. Med dagens marknadssituasjon synest det ikkje vere aktuelt å tillate at dei to største forretningsbankane blir slått saman.

Retningslinjene stenger ikkje for nordiske/internasjonale samarbeidsløysingar med norsk deltaking, og der den utanlandske eigardelen er noko større (inntil 25 prosent) enn forutsett i gjeldande lovgjeving.

Ein moglegheit til å gi konsesjon til store eigardelar, slik det er omtala ovanfor, vil opne for samarbeid mellom norske og enten andre norske eller utanlandske finansinstitusjonar, kombinert med ein vesentleg minoritetseigarskap, enten einsidig eller gjensidig.

Ut frå desse retningslinjene vil det vere opp til institusjonane å finne fram til organisasjons- og driftsformer som gir grunnlag for lønsam drift. Det må understrekast at eventuelle søknader om fusjonar eller oppkjøp må vere forretningsmessig funderte. I tilfelle med institusjonar der staten har eigardelar, må løysingane vere forretningsmessig interessante, også for staten som eigar. Det er opp til myndigheitene sitt skjønn å avgjere kva for konkrete forslag som er i samsvar med retningslinjene.

3 Regelverksutvikling og forvaltningssaker på finansmarknadsområdet

3.1 Regelverksutvikling på finansmarknadsområdet

Nedanfor følger ei oversikt over endringar i regelverket på finansmarknadsområdet som Finansdepartementet har stått for i 1998. Ein har i mindre grad enn i Kredittmeldinga 1997 prøvd å føre framstillinga fram utover årsskiftet, men har avgrensa omtalen i hovudsak til 1998. Kredittmeldinga 1997 inneheld òg ei framstilling som på enkelte punkt omfattar endringar frå første halvdel av 1998. Desse sakene blir ikkje omtala på ny her. Ein viser til Kredittmeldinga 1997 kapittel 3.

3.1.1 Bank- og finansieringsverksemd

Finansdepartementet fastsette 15. mai 1998 «forskrift om endring av forskrift 22. oktober 1990 nr. 875 om minstekrav til kapitaldekning i finansinstitusjoner». Endringa fører til ei skjerping av regelverket (sjå Kredittmeldinga 1997 for nærare omtale). I Revidert nasjonalbudsjett for 1998 går det òg fram at Finansdepartementet har vedteke å gi retningslinjer for ei innstramming i vilkåra for godkjenning av ny tidsavgrensa ansvarleg lånekapital. Kredittilsynet har ved brev 23. juni 1998 til Finansdepartementet gitt uttrykk for at finansinstitusjonar i hovudsak ikkje bør kunne få ta opp ny ansvarleg lånekapital til innrekning i institusjonen sin kapital, om kjernekapitaldekninga er lågare enn 7 prosent. Søknader skal likevel behandlast individuelt, og godkjenning bør kunne givast dersom kjernekapitaldekninga ligg relativt nær 7 prosent-grensa og institusjonen har låg risikoprofil og/eller kan dokumentere svært god risikostyring for kreditt- og marknadsrisiko. I brev av 17. juli 1998 slutta Finansdepartementet seg i all hovudsak til Kredittilsynet sine retningslinjer.

Den 7. juli 1998 fastsette Finansdepartementet forskrift om at finansieringsverksemdslova kapittel 2a om finanskonsern òg skal gjelde for Postbanken BA.

Finansdepartementet fastsette 15. juli 1998 endringar i forskrift 22. oktober 1990 om minstekrav til kapitaldekning i finansinstitusjonar og verdipapirforetak. Endringane opnar for ei gunstigare vekting av visse rente- og valutaavtalar som blir motrekna (såkalla «nettingavtalar»), og gjennomfører EØS-reglane som svarar til europaparlaments- og rådsdirektiv 96/10/EF (nettingdirektivet).

Finansdepartementet endra i forskrift 17. august 1998 nr. 815 forskrift 17. juli 1994 nr. 717 «om grenseoverskridande tenesteyting av utanlandske bankar og andre kredittinstitusjonar med hovudsete i annan stat innanfor Det europeiske økonomiske samarbeidsområde o.a.»

Finansdepartementet fastsette 9. september 1998 «forskrift om endring av forskrift 7. februar 1994 nr. 118 om legitimasjonskontroll og tiltak mot hvitvas-

king av penger». Endringa tek sikte på å gjere det enklare for institusjonane å praktisere regelverket om tiltak mot kvitvasking av pengar.

Finansdepartementet fastsette 17. september 1998 «forskrift om opplysningsplikt overfor låntakere og om avtale om lån til forbruker». Forskrifta gjennomfører forbrukarkredittdirektiv 87/102/EØF slik det gjeld etter endring ved direktiv 90/88/EØF. Forskrifta erstattar vidare forskrift 1. juni 1990 nr. 432 om opplysningsplikt om priser mv. Einskilde av reglane i forskrifta er baserte på utkast til lov i Banklovkommissjonens delutgreiing NOU 1994:19 «Finansavtaler og finansoppdrag». Sidan reglane som er foreslått av Banklovkommissjonen, er meir omfattande enn reglane i forbrukarkredittforskrifta, er det aktuelt å endre forskrifta i 1999 ettersom Justisdepartementet sitt forslag til lov om finansavtaler og finansoppdrag i Ot.prp. nr. 41 (1998 - 99) blei vedteke i Stortinget 8. juni 1999 (jf. Besl. O. nr. 81 (1998 - 99)). Forslaget frå Justisdepartementet er basert på Banklovkommissjonens forslag. Forskrifta er meint å skulle sikre låntakar informasjon om dei plikter vedkomande tek på seg ved å inngå ein kredittavtale, og å gi informasjon som gjer at låntakaren får det nødvendige grunnlaget for å kunne samanlikne kostnadene ved ulike låneopptak.

Finansdepartementet fastsette 2. desember 1998 visse endringar i «forskrift 16. desember 1988 nr. 1222 om minstekrav til likvider for forretnings- og sparebanker». Endringane gjaldt kva som skal reknast som likvide midlar for oppfylling av likviditetskravet. Forskrifta blei òg utvida til å gjelde for Postbanken BA.

For å gi høve til å opprette konserngrupper mellom gjensidige forsikringselskap (kundeiege) og sparebankar (sjølviege) var det naudsynt med ei lovendring i finansieringsverksemdslova. Lovendringa blei vedteken i Stortinget og sanksjonert i statsråd den 4. juni 1999.

3.1.2 Forsikringsverksemd og pensjonsordningar

Det er i 1998 opna for at premiefondsmidlar, med samtykke frå bedrifta, kan nyttast til å dekkje underskot i ei pensjonskasse òg om premiefondet i utgangspunktet utgjer mindre enn ti gonger årspremien. Ei slik nytting av premiefondsmidlar krev dispensasjon frå «forskrift 28. juni 1968 nr. 3 om private tenestepensjonsordningar i henhold til skatteloven § 44 første ledd, bokstav k». Retten til å gi dispensasjon er i dette høvet delegert til Kredittilsynet. Det er ein liberal dispensasjonspraksis i slike saker.

Eit utval under leiing av professor Erling Selvig la i februar 1998 fram ei utgreiing om eit lovverk om private tenestepensjonsordningar med skattefavourisering, kalla «Utkast til lov om foretakspensjon, NOU 1998:1». Sjå nærare omtale i Kredittmeldinga 1997.

Kredittilsynet sende i mars 1998 ut eit rundskriv med ei lang rekkje tolkingar og presiseringar av forskrift 23. april 1997 om kapitalforvaltninga til forsikringsselskapa.

«Forskrift 19. februar 1993 nr. 117 om forsikringsvirksomhetslovens anvendelse på pensjonskasser og pensjonsfond» § 33 sjette ledd blei endra 19. mars 1998 slik at høvet for pensjonskassene til å gjere tilleggsavsetningar i forsikringsfondet etter tilsvarende reglar som gjeld for livsforsikringsselskap, jf.

forsikringsverksemdslova § 8 - 2, blei utvida til å gjelde òg for skatteåra 1997 og 1998.

I «forskrift 19. mai 1995 nr. 481 om beregning av solvensmarginkrav og solvensmarginkapital for norske livsforsikringsselskaper» blei det 27. mars 1998 gjort einskilte tekniske endringar. Endringane inneber at dei nye forsikringsklassene V (forvaltning av midlar i pensjonskasser og andre pensjonsinnretningar) og VI (kapitaliseringsprodukt som er sparekontraktar inngått under IPA), jf. «forskrift 18. september 1995 nr. 797 om inndeling i forsikringsklasser som grunnlag for konsesjonstildeling», blir underlagde dei same krava til solvensmargin som respektive forsikringsklasser III og IV.

I «forskrift 19. mai 1995 nr. 482 om beregning av solvensmarginkrav og solvensmarginkapital for norske skadeforsikringsselskaper» blei det 24. april 1998 gjort einskilte tekniske endringar. Mellom anna blei tidsfristen for innrapportering av solvensberekningar til Kredittilsynet forlengd til 15. mai i etterfølgjande rekneskapsår. Tidlegare skulle denne rapporten følgje som vedlegg til selskapet si kapitaldekningsoppgåve. Selskap med løyve til å overta livsforsikring i form av reine risikoforsikringar som vara høgst eitt år, fekk vidare høve til å rekne med i selskapet sin solvensmarginkapital sikringsfond over 55 prosent av sikringsfondet si nedre grense, på tilsvarende måte som livsforsikringsselskap.

I tillegg til dei to nemnde forskriftene har Finansdepartementet fastsett tekniske endringar der omgrepet «ECU» har blitt endra til «EURO» som følgje av Noregs plikter etter EØS-avtalen i følgjande forskrifter:

- «Forskrift 1. desember 1993 nr 1074 om unntak for mindre gjensidige skadeforsikringsselskaper».
- Forskrift 13. april 1994 nr. 252 om krav til den ansvarlige kapitalen for etablerte kredittinstitusjoner».
- «Forskrift 14. oktober 1996 nr. 985 om startkapital for verdipapirforetak».

Finansdepartementet fastsette 4. mai 1998 endringar i «forskrift 23. april 1997 nr. 377 om forsikringsselskapers kapitalforvaltning» slik at grensa for kor stor del av dei forsikringstekniske avsetningane eit forsikringsselskap eller ei pensjonskasse kan plassere i aksjar, blei heva frå 20 til 35 prosent. Finansdepartementet viser til omtale av dette i Kredittmeldinga 1997. I samband med desse endringane uttala departementet i Revidert nasjonalbudsjett 1998 at det særleg er høve til å gjere tilleggsavsetningar som har medverka til at forsikringsselskapa har bygd opp bufferar som eit vern mot kortsiktige svingingar i aksjemarknaden. Finansdepartementet legg vekt på at aksjeplasseringa må svare til den risikoevna kvart einskilt selskap har, og at større eksponering for konjunkturavhengige svingingar i bufferkapitalen må følgjast opp av krav til dei systema selskapa har for kapitalforvaltning og risikostyring, og til tilsynsapparatet. Departementet uttala vidare at ein tok sikte på å gjennomføre ei endring eller oppheving av aksjegrensa når ei nærare tilsynsmessig oppfølging var avklara.

Finansdepartementet fastsette 17. juli 1998 endringar i forskrift 27. november 1991 nr. 757 om rett til overføring av oppsamla midlar knytte til kollektiv eller individuell livs- eller pensjonsforsikring (flyttforskrifta). Endringane tok til å gjelde 1. august 1998. Det blei presisert at fristar i forskrifta om overføring av midlar òg gjeld for oppseiing av forsikring. Det blei vidare fastsett særreglar om opphøyr for kollektiv pensjonsforsikring som er basert på at forsikrings-

forholdet må gå gjennom heile året for å sikre finansieringa av dei forsikringsytningane. Dette siste gjeld reelt berre for Kommunal Landspensjonskasse (KLP).

Ei arbeidsgruppe sett ned av Finansdepartementet la 20. august 1998 fram ein rapport om hovudspørsmål ved innskotsbasert tenestepensjon. Desse spørsmåla blei omtala i Nasjonalbudsjettet 1999.

3.1.3 Verdipapirhandel

Den 26. juni 1998 la Regjeringa fram Ot.prp. nr. 84 (1997 - 98) «Om endringer i verdipapirhandeloven og enkelte andre lover (begrensninger i adgangen for ansatte i finansinstitusjoner mv til å foreta handel i finansielle instrumenter for egen regning)». Bakgrunnen for endringane er nærare omtala i Kredittmeldinga 1997.

Lova blei vedteken 5. mai 1999. Nærare omtale vil bli gitt i Kredittmeldinga 1999.

Finansdepartementet fastsette 22. januar 1999 «forskrift om endringer i børsforskrifta». Bakgrunnen for denne revisjonen av børsforskrifta var endringar i verdipapirmarknaden og erfaringar ifrå praktiseringa av forskrifta av 17. januar 1994 nr. 30, og dessutan behovet for ei oppdatering i forhold til den nye verdipapirhandellova, den nye allmennaksjelova og EU-direktiv på området. På bakgrunn av den føreståande revisjonen av børsløva (jf. neste avsnitt) er det gjort mindre omfattande endringar enn det som elles hadde vore naturleg. I tillegg til ei rekkje tekniske endringar blei det gjort endringar i vilkåra for notering på børsen og i reglane som regulerer flytting mellom hovudlista og SMB-lista. Vidare blei det gjort ein del endringar i reglane om informasjonsplikta som dei børsnoterte foretaka har, mellom anna om informasjonsplikt ved avtale om erverv og avhending av egedelar eller verksemd, fusjon og fisjon, om resultatvarsel, krav om kvartalsrapportering. Det blei òg gjort endringar i reglane om selskapet sitt høve til å gi opplysningar med krav til teieplikt til utanforståande. Det blei fastsett nye reglar for notering av teikningsrettar og kjøpsrettar. Det blei òg gjort endringar i reglane om prospektkrav, mellom anna krava til opplysningar om kva for påløpte og forventta utgifter selskapet har i tilknytning til det høve som utløyser krav om prospekt. Dei sistnemnde endringane har sin bakgrunn i den vurderinga som blei gjort av fondsmeklarane si fortjeneste og konkurranseforholda i den norske verdipapirmarknaden. Ein ynskjer med forslaget å auke prismedvitet til dei som etter spør tenester i førstehandsmarknaden. Det blei vidare gjort ei rekkje endringar av teknisk karakter.

Finansdepartementet sette 6. januar 1997 ned eit utval for å utgreie alternative modellar for organisering av børsverksemd («børslovutvalet»). Utvalet kom med si innstilling den 15. desember 1998 kalla «Organisering av børsvirksomhet m.m.» i NOU 1999:3. Forslaget inneber mellom anna at føretak som driv børsverksemd, kan vere organiserte som allmennaksjeselskap eller som sjølveigande institusjon. Det er foreslått føresegnar om omdanning til allmennaksjeselskap, og at børsar skal vere underlagde alminneleg tilsyn av Kredittilsynet. Forslaget inneber ei rekkje endringar i forhold til dagens lov for børs organisert som sjølveigande institusjon. Vidare kan nemnast at forslaget inneheld krav til leiinga av børsen, eigaravgrensingsreglar og krav til ansvar-

leg kapital. Lovforslaget vidarefører i stor grad dei oppgåver og den myndigheit som børsar er tillagde etter gjeldande lov. Det blir stilt krav om offentlig løyve for å drive børsverksemd, og forslaget inneheld òg reglar for konsesjon og organisering av såkalla «autorisert marknadsplass».

3.1.4 Anna regelverk

Ved forskrift 5. februar 1998 blei det som følgje av Noregs plikter etter EØS-avtalen og i samsvar med merknader frå ESA i brev 18. februar 1997 gjort ein-skilde endringar i fleire forskrifter. Endring av «forskrift 22. september 1995 nr. 827 om forsikringstjenesteytelser og etablering av filial av forsikringsselskap med hovedsete i annen stat i det Europeiske økonomiske samarbeidsområdet m.m.» gjennomfører føresegner om koassuransé innanfor fellesskapet som fastsett i andre skadeforsikringsdirektiv (88/357/EØF). Endring av «forskrift 11. oktober 1995 nr. 854 om norske forsikringsselskapers forsikringstjenesteytelser og etablering av filial i annen stat i det Europeiske økonomiske samarbeidsområdet» gjennomfører føresegner i første skadeforsikringsdirektiv (73/239/EØF) om erklæring om medlemskap i nasjonal trafikkforsikringsordning. Endring av «forskrift 21. november 1989 nr. 1172 om kapitalkrav for utenlandske skadeforsikringsselskaper med filial i Norge» gjennomfører krava i første skadeforsikringsdirektiv om solvenskrav for filialar frå tredje-land.

Finansdepartementet fastsette i forskrift 15. juli 1998 endring av «forskrift 20. mars 1990 nr. 177 om eiendomsmegling». Kredittilsynet fekk myndigheit til å godkjenne studieplan og eksamenskrav for bestått eigedomsmeklareksamen. Kredittilsynet fekk vidare myndigheit til å godkjenne utanlandsk eigedomsmeklareksamen når det er aktuelt.

Finansdepartementet oppheva 3. november 1998 «forskrift 25. mars 1983 nr. 732 om valutameglervirksomhet».

Finansdepartementet fastsette 30. november 1998 «forskrift om utveksling av opplysningar med tilsynsmyndigheter fra land i og utenfor EØS-området», med sikte på å styrkje tilsynsarbeidet. Forskrifta inneheld reglar om Kredittilsynet si teieplikt, og mellom anna vilkår for utveksling av opplysningar med andre tilsynsmyndigheter og avgrensingar i høvet til å vidareformidle opplysningar som er mottekne frå utanlandske myndigheter. Endringane er i tråd med rådsdirektiv 95/26/EØF, det såkalla BCCI - direktivet.

Ny rekneskapslov, jf. «lov 17. juli 1998 nr. 56 om årsregnskap mv (regnskapsloven)», tok til å gjelde ved årsskiftet 1998/1999. Den nye lova inneber at finansielle omløpsmidlar blir vurderte til verkeleg verdi, at eigedelane i dotterselskap og tilknytt selskap blir vurderte etter eigenkapitalmetoden i selskapsrekneskapen, og at fusjonar i utgangspunktet blir behandla som oppkjøp. Vidare er den særlege vurderingsregelen for obligasjonar som blir haldne til forfall, fjerna for bankar og skadeforsikringsselskap.

I samsvar med den nye rekneskapslova har Finansdepartementet i 1998 fastsett følgjande forskrifter, overgangsreglar o.a.:

- «Forskrift 16. desember 1998 nr. 1234 om innsending av årsregnskap m.v. til Regnskapsregisteret og rett til innsyn i årsregnskap m.v.»
- «Forskrift 16. desember 1998 nr. 1235 om bruk av bokføringsregler i lov om regnskapsplikt m.v og enkelte andre lover»
- «Forskrift 16. desember 1998 nr. 1236 om overgangsregler til lov om års-

- regnskap m.v».
- «Forskrift 16. desember 1998 nr. 1237 om årsregnskap, for utenlandske foretak som driver virksomhet på norsk sokkel, unntatt petroleumsutvinning og rørledningstransport, eller foretak som driver midlertidig virksomhet på land».
 - «Forskrift 16. desember 1998 nr. 1238 om adgang til å føre konsernregnskap som nevnt i lov om årsregnskap m.v (regnskapsloven) § 3 - 7 første ledd på annet språk enn norsk»
 - «Forskrift 16. desember 1998 nr. 1240 om årsregnskap m.m for banker, finansieringsforetak og morselskap for slike.»
 - «Forskrift 16. desember 1998 nr. 1241 om årsregnskap m.m for forsikringsselskap».
 - «Forskrift 16. desember 1998 nr. 1242 om overgangsregler, til forskrift om årsregnskap m.m for forsikringsselskaper og til lov om årsregnskap m.v (regnskapsloven)».
 - «Forskrift 16. desember 1998 nr. 1243 om årsregnskap, m.m for verdipapirfond».

Finansdepartementet publiserte forskriftene i eit hefte som blei utgjeve 16. desember 1998, same dag som forskriftene blei fastsette. I heftet gjorde departementet merksam på

- at det må reknast med endringar i forskriftene om årsrekneskap for forsikringsselskap og verdipapirfond,
- at forskrifter om årsrekneskap for inkassoforetak og pensjonskasser vil bli fastsette etter komande årsskifte, og
- at departementet tek sikte på å fastsetje forskrift om rekneskap for skattepliktige som driv petroleumsutvinning og rørledningstransport før nyttår.

I samhøve med dette har Finansdepartementet i 1999 fastsett nye forskrifter om årsrekneskap for verdipapirfond (28. mai), inkassoverksemd (28. mai) og pensjonskasser (5. juli). Forskrifta om årsrekneskap for bankar m.v. blei endra 28. mai 1999. «Forskrift om endring i forskrift om regnskap for skattepliktige som driver petroleumsutvinning og rørledningstransport» blei fastsett ved kgl. res. 16. april 1999 med heimel i lov 13. juni 1975 nr. 35 om skattlegging av undersjøiske petroleumsforekomster m.v. § 8 (fremma av Finansdepartementet).

Departementet viser til at fastsetjing av «forskrift om regnskapssystem, registrering, dokumentasjon og oppbevaring av regnskapsregler», som utfyller reglane i kapittel 2 i den nye rekneskapslova, blei utsett til etter årsskiftet (vedteken 6. mai 1999), og tek til å gjelde 1. juli 1999.

Finansdepartementet sitt forslag til ny lov om revisjon og revisorar som blei framsett i Ot.prp. nr. 75 (1997 - 1998), blei med einskilde mindre endringar vedteke av Stortinget 15. januar 1999. Lova byggjer på revisorlovutvalet si utgreiing i NOU 1997:9. Lovforslaget er nærare omtala i Kredittmeldinga 1997. I lova blir praksistida for registrerte og statsautoriserte revisorar utvida frå to til tre år. Det blir innført krav om at revisorar som reviderer årsrekneskap for revisjonspliktige, må gå gjennom etterutdanning i samsvar med reglar fastsette av departementet. I lova blir krava til revisors rolle som objektiv og sjølvstendig kontrollør av årsrekneskapen skjerpa. Samtidig blir det foreslått reglar som skal gjere det mogleg å avgrense økonomisk kriminalitet.

Ved lov 15. januar 1999 nr. 3, som tok til å gjelde 1. februar 1999, er det lagt til ei ny lovføresegn i kredittilsynslova § 4a. Lovføresegna gir Kredittilsynet fullmakt til å gi pålegg til slike som ikkje har konsesjon til å drive verksemd som er under tilsyn, men som likevel driv slik konsesjonspliktig verksemd. Kredittilsynet har fått heimel til å gi pålegg om stans i slik verksemd, og til å krevje opplysningar frå føretaket.

Finansdepartementet har kome til at det vil foreslå å opne opp for etablering av frittstående vekslingskontor i Noreg. Vurderinga er gjort på bakgrunn av høyringsfråsegna til ein rapport frå Noregs Bank som blei send til Finansdepartementet med brev av 30. april 1998. I rapporten går det fram at Noregs Bank meiner det er tilrådeleg å opne for etablering av frittstående vekslingskontor i Noreg. Departementet tek sikte på å fremme forslag til reglar som regulerer vekslingskontor, i samband med den pågåande revisjonen av finanslovgivinga, som er ei oppfølging av arbeidet til Banklovkommisjonen.

3.2 Viktige forvaltningssaker

Finansdepartementet gav 30. mars 1998 løyve til at Statnett SF kan opprette eigenforsikringsselskapet Statnett Forsikring AS. Løyvet blei avgrensa til å gjelde teikning av forsikring og gjenforsikring for selskap i Statnett-konsernet, jf. aksjelova § 1 - 2. Det blei gjort unntak frå eigargrensa i forsikringsverksemdslova § 2 - 2 første ledd.

I brev 5. mai 1998 fekk Storebrand ASA samtykke frå Finansdepartementet til å setje ned aksjekapitalen med 500 millionar kroner ved innløyising av preferanseaksjane til selskapet.

Finansdepartementet gav 10. juni 1998 løyve til at Telenor AS kan opprette eigenforsikringsselskapet Telenor Forsikring AS. Løyvet blei avgrensa til å gjelde teikning av forsikring og gjenforsikring for selskap i Telenor-konsernet, jf. aksjelova § 1 - 2. Det blei gjort unntak frå eigargrensa i forsikringsverksemdslova § 2 - 2 første ledd.

Finansdepartementet gav 10. juli 1998 løyve til at Den norske Bank ASA kan etablere Vital Kapitalforvaltning ASA som eit verdipapirføretak i konsernet, jf. finansieringsverksemdslova § 2a - 3 andre ledd og 2a - 7 andre ledd. Det blei mellom anna sett vilkår om at plasseringa av Vital Kapitalforvaltning ASA i DnB-konsernet vil bli vurdert av Kredittilsynet i samband med DnBs søknad om godkjenning av konsernstruktur etter den holdingmodellen som er beskrevet i finvl. § 2 - 2 andre ledd bokstav a. I brev av 2. juli 1998 hadde Finansdepartementet avslått søknad frå DnB om godkjenning av å organisere konsernet etter ein dotter-dottermoell. Ein føresetnad frå Finansdepartementet i brevet av 2. juli 1998 var at DnB skulle sende ny søknad om godkjenning av ein konsernstruktur etter ein holdingmoell. Slik søknad blei send til Kredittilsynet, som ved brev av 6. november 1998 godkjende konsernstrukturen.

Finansdepartementet gav 16. juli 1998 Gjensidige Skadeforsikring løyve til å etablere Gjensidige Vekterservice AS, og til å kjøpe opp Alarm og Låskompaniet AS. Det blei gjort unntak frå reglane i forsikringsverksemdslova § 7 - 2 om høvet til å eige meir enn 15 prosent av aksjane i eit føretak som driv forsikringsframand verksemd.

I brev 24. juli 1998 fekk DnB Finans AS løyve frå Finansdepartementet til å kjøpe 49 prosent av aksjane i leasingselskapet Unilizings SIA i Latvia. Samstundes godkjende Finansdepartementet endringar i organiseringa av DnB-konsernet.

Wilh. Wilhelmsens Pensjonskasse klaga på Kredittilsynet sitt vedtak som påla pensjonskassa å fordele premiefondsmidlane på dei respektive føretaka i konsernet pr. 31. desember 1997. I vedtak frå 19. august 1998 tok ikkje Finansdepartementet klagen til følgje. Finansdepartementet grunngav vedtaket med at det mellom anna følgjer av «forskrift 19. februar 1993 nr 117 om forsikringsvirksomhetslovens anvendelse på pensjonskasser og pensjonsfond» §§ 10, 14 og 15 at overskot og premiefondsmidlar skal fordelast på dei respektive føretaka som er omfatta av pensjonskassa pr. 31. desember kvart år. Reglane skal mellom anna sikre ei fordeling mellom føretaka etter tilskotsprinsippet.

Finansdepartementet gav 14. september 1998 løyve til etablering av Storebrand Helseforsikring, der Storebrand ASA og Deutsche Krankenversicherung AG eig 50 prosent kvar. Selskapet fekk løyve til å drive skadeforsikringsverksemd med det formålet å dekkje utgifter som dei forsikra har til medisinsk undersøking og behandling. Det blei mellom anna sett vilkår om at selskapet sin administrerende direktør skal godkjennast av Kredittilsynet. Vidare blei det sett vilkår om at minst ein av styremedlemmene skal vere eksterne, det vil seie at dei ikkje skal ha tillitsverv eller vere tilsette i Storebrand Helseforsikring AS, Storebrand-konsernet, Deutsche Krankenversicherung-konsernet eller annan finansinstitusjon.

I brev 23. oktober 1998 fekk Sparebank 1 Kredittkort AS løyve frå Finansdepartementet til å drive finansieringsverksemd. Samstundes fekk Sparebank 1 Gruppen AS løyve til å eige 100 prosent av aksjane i Sparebank 1 Kredittkort AS.

Telenor Link AS fekk ved vedtak i Finansdepartementet 9. november 1998 løyve til å etablere eit system for forskotsbetaling av varer og tenester over Internett (Direkte Internett Penger). Fleire selskap har fått løyve til å etablere alternative betalingssystem, til dømes system for betaling av varer og tenester over mobiltelefon.

Kredittilsynet gav 10. november 1998 Innovasjonsmarkedet AS løyve som verdipapirføretak. Saka reiste einskilde prinsipielle spørsmål om forholdet til børslova. I brev 28. april 1998 til Kredittilsynet konkluderte Finansdepartementet med at verksemda ikkje måtte ha konsesjon etter børslova. Sjå omtale i Kredittmeldinga 1997.

Kredittilsynet har, på bakgrunn av eit brev frå Statens pensjonskasse 14. februar 1997, gjort ei vurdering av om private livsforsikringsselskap (utanom KLP) kan tilby kommunale pensjonsordningar som tilfredsstillar krava til tilslutning til Overføringsavtalen. Kredittilsynet konkluderte i brev 16. desember 1998 med at det er mogleg. Tilsynet legg til grunn for vurderinga at det må vere forsikringsteknisk dekning for ytringane frå pensjonsordninga, og at det ikkje er mogleg for livsforsikringsselskapa å gi garantiar eller anna form for sikring av ytingar som ikkje kan forsikrast, eller ytingar/krav som det ikkje er mogleg å legge inn føresetnader for i premiefastsetjinga etter forsikringstekniske prinsipp. Kredittilsynet konkluderte òg med at det ikkje er mogleg å sikre kommunale føretak i private livsforsikringsselskap, med unntak av KLP.

Finansdepartementet gav Eksportfinans ASA 16. desember 1998 løyve til å kjøpe alle aksjane i Kommunekreditt Norge AS. Løyvet blei gitt på vilkår av at eigarane i Eksportfinans ASA innretta seg etter hovudreglane i eigaravgrenssingsreglane innan 31. desember 2000, fordi lova ikkje gav heimel til å forlenge dette unntaket. I «lov 11. mai 1999 om endringar i lov om finansieringsvirksomhet og finansinstitusjoner» blei det gitt eit slikt lovgrunnlag. I brev 9. juni 1999 gjekk Finansdepartementet - med utgangspunkt i den lovendringa og presiseringane for den - bort frå konsesjonsvilkåret om at eigarane i Eksportfinans ASA måtte innrette seg etter hovudreglane i eigaravgrenssingsreglane innan 31. desember 2000.

Finansdepartementet gav 21. desember 1998 DnB ASA dispensasjon for dei fast tilsette i DnBs filialar i London, New York og Singapore frå kravet i verdipapirhandellova § 8 - 6 om at tilsette i verdipapireføretak ikkje kan kjøpe visse finansielle instrument for eiga rekning. Dispensasjonen blei gitt på vilkår av at Den norske Bank ASA skal underrette Kredittilsynet om alle endringar i regelverket om eigenhandel som har noko å seie for dei tilsette ved filialane i London, New York eller Singapore. Det blei ikkje gitt dispensasjon for dei tilsette i Stockholm fordi slik dispensasjon berre kan givast der dei tilsette er omfatta av eventuelle tilsvarande reglar i vertsstaten. Dei tilsette i Stockholm er ikkje omfatta av dei tilsvarande svenske reglane om eigenhandel fordi dei berre omfattar heimstatens føretak.

Finansdepartementet gav 7. mai 1999 Den Danske Bank/DDB Fokus Invest løyve til å kjøpe alle aksjane i Fokus Bank ASA. Løyvet blei mellom anna gitt på vilkår av at overdraging av ein vesentleg del av verksemda i Fokus Bank ASA ikkje kan gjerast utan Finansdepartementet si godkjenning.

Finansdepartementet gav 4. juni 1999 løyve til Gjensidige Skadeforsikring, Gjensidige Livsforsikring og Sparebanken NOR til å etablere finanskonsernet Gjensidige NOR. Løyvet blei mellom anna gitt med heimel i dei lovendringane i finansieringsverksemdslova som tok til å gjelde same dag, (sjå nærare omtale i avsnitt 3.1.1)

Finansdepartementet gav 14. oktober 1999 DnB ASA og Postbanken AS løyve til å fusjonere. For nærare omtale av fusjonen, sjå kapittel 2 avsnitt 2.1.1.

4 Verksemda til Noregs Bank i 1998

4.1 Årsmeldinga for 1998

Årsmeldinga 1998 for Noregs Bank blei handsama og godkjend i hovudstyremøte 10. mars 1999. Etter § 28 i «lov av 24. mai 1985 nr. 28 om Norges Bank og pengevesenet (sentralbankloven)» skal årsmelding og årsrekneskap sendast til departementet for å leggjast fram for Kongen og gjerast kjende for Stortinget. Etter § 5 i instruks skal Riksrevisjonen sende «et eksemplar av de i § 2 nevnte dokumenter til Stortinget sammen med sine mulige bemerkninger om resultatet av kontrollen». Årsmeldinga følgjer denne meldinga som uttrykt vedlegg.

Det følgjer av sentralbanklova § 2 siste ledd at «Riksrevisjonen fører kontroll med statsrådens myndighetsutøvelse etter instruks fastsatt av Stortinget». Stortinget har fastsett ein slik instruks 10. april 1987 «for Riksrevisjonens kontroll vedrørende Norges Bank». Etter § 2 i denne instruksen «skal statsråden, snarest mulig etter at Norges Banks årsregnskap og årsberetning er motatt i departementet, oversende til Riksrevisjonen:

1. Bankens årsregnskap, fastsatt av representantskapet, med revisjonens beretning
2. Hovedstyrets årsberetning
3. Representantskapets uttalelse om hovedstyrets protokoller og eventuelt om andre forhold vedrørende banken
4. Statsrådens beretning vedrørende departementets og regjeringens myndighetsutøvelse i saker som gjelder Norges Bank.»

Departementet reknar instruksen § 2 nr. 4 for oppfylt ved at dei forholda som § 2 nr. 4 omhandlar, blir omtala i samband med at den årlege kredittmeldinga blir lagd fram om hausten. Dette er i samsvar med praksis tidlegare år. Dokumenta som er nemnde i instruksen § 2 nr. 1 - 3, sender departementet til Riksrevisjonen når departementet mottek dei frå Noregs Bank.

4.1.1 Leiing og administrasjon

4.1.1.1 Hovudstyret

Hovudstyret har sju medlemmer som er oppnemnde av Kongen, jf. § 6 i sentralbanklova. Sentralbanksjefen er leiar og visesentralbanksjefen nestleiar i hovudstyret. Hovudstyret blir supplert med to medlemmer som representerer dei tilsette i banken når styret har oppe administrative saker. Hovudstyret hadde 29 møte i 1998. Boks 4.1 viser samansetjinga av hovudstyret i 1998.

Boks 4.1 Hovudstyret i Noregs Bank

Hovudstyret var i 1998 samansett slik (vararepresentantar i parentes):

Sentralbanksjef Kjell Storvik, leiar

Visesentralbanksjef Jarle Bergo, nestleiar

Konsulent Esther Kostøl, 1998 - 2001 (nestleiar Eystein Gjelsvik)

Gardbrukar Lars Velsand, 1996 - 1999 (ordførar Åse Grønlien Østmo)

Politisk rådgivar Marianne Andreassen, 1998 - 2001 (fylkesrådmann Ottar Brage Guttelvik)

Dagleg leiar Sylvi Røssland Sørfonn, ¹ 1996 - 1999 (husmor Oddbjørg Venås)

Administrerande direktør Torgeir Høien, 1998 - 2001 (advokat Ingrid O. Tveit)

Representantar for dei tilsette:

Mekanikar Espen Halvorsen (fullmektig Marit Hoftvedt Moe)

Avdelingssjef Sonja Blichfeldt Myhre (fullmektig Arne Ege)

¹Sylvi Sørfonn Røssland er oppnemnd som medlem i hovudstyret for den tida hovudstyremedlem statsråd Dagfinn Høybråten etter sentralbanklova ikkje kan fungere som medlem i hovudstyret.

4.1.1.2 Representantskapet

Stortinget oppnemner eit representantskap med 15 medlemmer og vel leiar og nestleiar, jf sentralbanklova § 7. Boks 4.2 viser samansetjinga av representantskapet i 1998.

Boks 4.2 Representantskapet i Noregs Bank

Representantskapet var i 1998 samansett slik (vararepresentantar i parentes):

Skolesjef Mary Kvidal, leiar, 1998 - 2001 (rektor Steinar Frithjof Dreyer)

Skipsreiar Jens Marcussen, nestleiar, 1998 - 2001 (avdelingsleiar Nils-Olav Skilbred)

Magister Paul Thyness, 1996 - 1999 (rådmann Søren Fredrik Voie)

Siviløkonom Odd Rambøl, 1996 - 1999 (lærer Ragnhild Weiseth)

Sekretær Berit I. Hultmann, 1998 - 2001 (fagopplæringssjef Frode R. Svendsen)

Gardbrukar Inge Høyen, 1996 - 1999 (kontorsjef Ingunn Rongved)

Statsautorisert revisor Gerd Leira, 1996 - 1999 (fylkesvaraordførar Astri Wessel)

Spesialkonsulent Veslemøy Rabe, 1996 - 1999 (skolesjef Jon Bjørnebekk)

Husmor Reidun Romfo, 1996 - 1999 (ordførar Rigmor Aasrud Jahren)

Ass. fylkesrådmann Johan Solheim, 1996 - 1999 (salssjef Armand Bjørnholt)

Advokat Morten Steenstrup, 1996 - 1999 (informasjonsdirektør Bente Lier)

Kontorleiar Aslaug Mildrid Sofie Eriksen, 1998 - 2001 (prosjektleiar Odd Erik Hansgaard)

Lektor Hans Hammond Rossbach, 1998 - 2001 (ordførar Olav Pedersen)

Grosserar Hakon Lunde, 1998 - 2001 (distriktsbanksjef Dag Sandstå)

Rektor Per Aas, 1998 - 2001 (kyrkjeverje Trude Brosvik)

4.1.1.3 Personale

Noregs Bank hadde pr. 31. desember 1998 til saman 1 142 heil- og deltidstilsette. Dette er 11 fleire enn ved utgangen av 1997. Auken i 1998 kjem av at det blei tilsett 22 personar i Noregs Bank Kapitalforvaltning, som forvaltar Statens petroleumsfond på vegner av Finansdepartementet. Ser ein bort frå dette, var det ein nedgang på 11 tilsette i 1998 i høve til 1997.

Tabell 4.1 viser fordelinga av dei fast tilsette i banken på hovudkontoret og andre einingar.

Tabell 4.1: Fordeling av dei fast tilsette i Noregs Bank på hovudkontoret og andre einingar

	1994	1995	1996	1997	1998
Hovudkontoret	623	618	599	594	629
Avdelingane utanfor Oslo	459	443	424	397	375
Seteltrykkeriet og den Kongelege Mynt	171	159	159	151	149
Sum	1 253	1 220	1 182	1 142	1 153

Kilde: Tala i tabell 4.1 er henta frå lønssystemet til Noregs Bank, og viser kor mange personar som var tilsette i Noregs Bank pr. 31. desember 1998. Tala er mellom anna påverka av talet på deltidstilsette og av det ofte går litt tid frå ein sluttar i ei stilling og til den enste byrjar. Tala let seg difor ikkje samanlikne direkte med den faktiske bruken av årsverksressursar gjennom året.

4.1.1.4 Bruken av ressursar i Noregs Bank

På det internadministrative området var 1998 prega av at ein har ført vidare arbeidet med å sikre ei effektiv ressursutnytting i banken, og av dei utvida oppgåvene banken har fått i samband med forvaltninga av Statens petroleumsfond.

Noregs Bank har i brev av 2. juli 1999 til Finansdepartementet gjort greie for utviklinga i ressursbruken. Der står det mellom anna:

«Banken arbeidde i 1998 vidare med å sikre ein effektiv og målretta ressursbruk. Slik det tidlegare er gjort greie for, inneber den planen som hovudstyret i 1996 vedtok om ressursbruk og dimensjonering i Noregs Bank, at talet på årsverk skal reduserast med i overkant av hundre i treårsperioden 1997 - 99. Gjennom 1998 fann det stad ein reduksjon på nær femti årsverk slik at det ved inngangen til 1999 står att om lag tretti årsverk av den samla reduksjonen som skal gjennomførast i planperioden. Reduksjonane har i første rekkje samanheng

med at oppfølginga av engasjement for SND og sjekkavrekninga for Posten no er avvikla. Det har elles funne stad ein monaleg reduksjon innan bank- og administrasjonsområdet ved distriktsavdelingane.

Samstundes fann det i 1998 stad ein auke i årsverksramma for Noregs Bank Kapitalforvaltning (KAP). Medan KAP i 1997 hadde ei ramme på fjorten faste årsverk, blei dette auka til førtiåtte årsverk i 1998. I tillegg har det blitt bygd opp støtte- og kontorfunksjonar andre stader i banken. Sjølv om ikkje alle desse årsverka blei nytta i løpet av året, er det auken i og rundt KAPs verksemd som er forklaringa på at talet på fast tilsette i banken samla sett viser ein mindre auke frå 1997 til 98.

Når det elles gjeld kostnadene, viser internrekneskapen for 1998 eksklusive produksjonsverksemdene netto kostnader på 526,3 mill. kroner. Dette er 21,0 mill. kroner mindre enn i 1997. Nedgangen i høve til 1997 skuldast at inntektene auka meir enn kostnadene. Det er særleg inntektene ifrå KAP og setel- og mynthandsaminga som syner auke.

Driftsinntektene auka frå 59 mill. kroner i 1997 til 144 mill. kroner i 1998. Dei auka driftsinntektene kjem i første rekkje av at verksemda i KAP starta å gi inntekter, men òg innan setel- og myntområdet har det vore ein forholdsvis sterk auke i inntektene frå forretningsverksemda.

Personalkostnadene auka frå 404 mill. kroner til 425 mill. kroner. Auken kan i all hovudsak forklarast med at KAP starta opp verksemda i 1998.

Andre kostnader auka med 43 mill. kroner frå 202 mill. kroner i 1997 til 245 mill. kroner i 1998. Dei store kostnadsaukane var på postane eksterne konsulenttenester og EDB-kostnader. Kostnadsauken skuldast hovudsakleg oppstart av verksemda i KAP og arbeidet med år 2000-oppgradering i banken.

Ved den Kongelege Mynt (DMK) var netto driftskostnader i 1998 på 69,2 mill. kroner, etter eit bidrag på 3,7 mill. kr frå forretningsverksemda. For 1997 var netto driftskostnader på 45,9 mill. kroner etter eit bidrag på 8,9 mill. kroner frå forretningsverksemda.

Hovudstyret handsama i 1997 dokumentet «Perspektiv og mulige veivalg for DKM». Hovudmålsetjinga i dette notatet var å definere tiltak som kunne redusere kostnadsgapet mellom kjøp av mynt eksternt og produksjon av mynt ved DKM. Det er i 1998 arbeidd vidare med produktutvikling og tiltak for å betre resultata og oppnå auka effektivitet. Ytterlegare effektivisering av produksjonen ved DKM vil likevel vere naudsynt for å redusere kostnadsgapet.

Aktiviteten ved DKM har vore prega av overgangen til den nye myntrekkja, med stor produksjon av 5- og 1-kronemynt. Det blei i 1998 produsert 218 mill. myntar, ein auke på 43 prosent i høve til det budsjetterte volumet. Einkronemynten stod for 62 prosent. Det totale volumet tilsvarer 1150 tonn, som er den høgaste tonnasje mynt levert i DKM si historie. Auken kjem i første rekkje av etterspurnaden etter den nye 1-krona og i nokon monn òg etter 50-øringen. Leveransane av 1-kroner var om lag 140 mill. stk mot opprinneleg budsjettert 80 mill. stk. Det er framleis stor etterspurnad etter 1-kroner, og prognostisert volum for 1999 er førebels 55 prosent høgare enn budsjettet. Den nye 5-krona blei lansert 15. september som planlagt.

I tillegg til eigen produksjon kjøpte DKM i 1998 4,8 mill. stk 1-kroner frå Canada. Føremålet var å samle informasjon om kostnader, kvalitet og administrasjon ved eksternt kjøp.

Det har vore stor aktivitet på forretningsverksemda ved DKM, særleg er aktiviteten på medaljeområdet stor. Diverse myntprosjekt og

sal av myntsett gir også eit tilfredstillande resultat. Kapasiteten har vore godt utnytta, og staben har til tider vore styrkt med innleigd hjelp.

Forretningsverksemda hadde ei omsetning på 37,9 mill. kroner mot 43,4 mill. kroner i 1997. Nedgangen skuldast i hovudsak ei bevisst nedtrapping av mindre lønsame eksportleveransar.

I Noregs Banks Seteltrykkjeri (NBS) var netto driftskostnader i 1998 på 22,5 mill. kroner, etter eit tilskott på 6,7 mill. kr frå forretningsverksemda. For 1997 var netto driftskostnader på 16,7 mill. kroner etter eit bidrag på 6,5 mill. kroner frå forretningsverksemda.

Det har vore høg aktivitet innanfor basisverksemda i NBS i 1998 med kraftig auke i produksjon av 50-, 200- og 500-kronesetlar. Det blei levert 81,7 mill. setlar i 1998, 30 prosent meir enn i 1997. På grunn av dette er utferdinga av ny 1000-krone blitt forskuva i høve til dei opprinnelege planane. Det er i staden blitt produsert eit nytt opplag av 6. utgåve av 1000-kronesetelen med levering i 1998 og 1999.

Aktivitetsnivået har i 1998 vore høgt samanlikna med tidlegare år, også for pass, medan frimerkeproduksjonen har vore redusert samanlikna med 1997. Som ei følgje av at det ikkje har vore mogleg å få lønssam frimerkeproduksjon med gjeldande prisar og reduserte volum, er kontrakten med Postens Frimerketeneste sagt opp.

Det er utført mykje arbeid for å finne fram til nye tryggingselement som kan verne spesielt høgvalørsetlane mot kopiering. Eit element som skal verke til å hindre bruk av moderne fargekopieringsmaskiner, er utvikla i samarbeid med dei andre europeiske seteltrykkjeria. Det er utvikla ein ny 500-kronesetel, og ein har arbeidd med å utvikle reisepass som inneber mellom anna personalisering av pass. NBS har fått tinging på pass til eit prøveprosjekt frå Justisdepartementet for å teste ut eit totalsystem. Dette omfattar om lag 130 000 reisepass for fire politidistrikt.

I kasseområdet fall inngangen av setlar til Noregs Bank totalt med 4,5 prosent i høve til 1997. Inngangen av 200-kronesetlar auka med 36,3 prosent, og 500-kronesetlar auka med 15,5 prosent, medan inngangen av 100-kronesetlar fall med 37,0 prosent. Bruken av 20-kronemyntar aukar. Inngangen til Noregs Bank auka med 27,8 prosent frå 1997 til 1998. Samla har auken i inngangen for mynt vore på 5,8 prosent. Gebyrinntekter frå sal av mynt pakka i rull og setlar av minibankkvalitet auka frå 33 mill. kroner i 1997 til 40 mill. kroner i 1998, ein auke på 21,2 prosent.

I samband med utskiftinga av den norske mynttrekkja blei det i 1998 frakta 1 153 tonn koparnikkel og 18 tonn nysølv for resirkulering til bruk i produksjonen av nye norske myntar. Totalt er det resirkulert til saman 3 892 tonn koparnikkel og 824 tonn nysølv sidan starten i 1993.

For ei vidare omtale av ressursbruken viser ein elles til omtala i bankens årsmelding for 1998.»

Departementet viser til arbeidet Noregs Bank har gjort med å sikre ei effektiv ressursutnytting. Ein er innforstått med at det har vorte naudsynt med ein auke i ressursbruken for kapitalforvaltninga i Noregs Bank i samband med oppbygginga av petroleumsfondet.

4.1.2 Nærare om verksemda til Noregs Bank i 1998

Etter sentralbanklova § 1 skal Noregs Bank mellom anna vere utøvande og rådgivande organ i penge-, kreditt- og valutapolitikken. Banken skal gi ut set-

lar og mynt og fremje eit effektivt betalingssystem. Vidare skal banken overvake penge-, kreditt- og valutamarknadene.

Det følgjande er ei kort framstilling av verksemda i 1998 som byggjer på årsmeldinga frå Noregs Bank. For ein meir utfyllande gjennomgang viser ein til årsmeldinga. Ein viser òg til omtalen av penge-, kreditt- og renteutviklinga i nasjonalbudsjettpublikasjonane.

4.1.2.1 *Betalingsmiddel og betalingsformidling*

Noregs Bank har oppgåver knytte til betalingssystema som heilskap. Noregs Bank står for oppgjær av krav og skyldnader mellom bankane og pengeoppgjær i verdipapirhandelen, og har oppgåver knytte til statens økonomiforvaltning. Som setelbank står Noregs Bank for produksjon og distribusjon av setlar og mynt.

Betalingssystemet er ein viktig del av infrastrukturen i det finansielle systemet. Svikt her kan ha store samfunnsøkonomiske konsekvensar og kostnader. Noregs Bank har lagt særleg vekt på å avgrense risikoen for at problem i ein finansinstitusjon eller ein delmarknad skal forplante seg til andre institusjonar og marknader gjennom betalingssystema.

Noregs Bank sitt nye system for oppgjær av pengeposisjonar mellom bankane og Noregs Bank (NBO) blei innført 24. november 1997. Det blei i 1998 arbeidd vidare med å etablere eit nytt grensesnitt mellom NICS (Norwegian Interbank Clearing System) og NBO, som gjer det mogleg for bankane å sende bruttotransaksjonar elektronisk til Noregs Bank via NICS. Den 12. mars 1999 blei grensesnittet etablert, og frå då av kunne bankane og Noregs Bank i fellesskap ta i bruk eit fullverdig system for bruttooppgjær i sann tid. Målet med systemet er å redusere risikoen og auke effektiviteten i betalingsoppgjæret. Systemet er i samsvar med internasjonale standardar.

ØMU-landa sitt felles system for grensekryssande betalingar i euro, TARGET, blei sett i verk den 4. januar 1999. Målet med systemet er å gjere ei effektiv gjennomføring av pengepolitikken mogleg og å gjere grensekryssande betalingar sikrare og meir effektive. Noregs Bank var i 1998 i jamleg kontakt med ESB for å diskutere ei framtidig norsk tilknytning til TARGET via Noregs Bank. Førebels finst det ikkje ei slik tilknytning, men norske bankar har tilgang til TARGET direkte via filialar i EU-land eller via korrespondentbankar.

Noregs Bank er oppgjærssbank for pengeoppgjæret knytt til dei verdipapirtransaksjonane som blir avrekna i verdipapirsentralen (VPS). Arbeidet med prosjektet «Nytt VerdiPapir Oppgjørssystem (VPO)», som skal sikre betre risikohandtering i verdipapiroppgjæret, skal tilpassast reglane som følgjer ved innarbeiding av rådsdirektiv 98/26 om endeleg oppgjær i betalingssystem i verdipapiroppgjærssystem i norsk rett.

Dei 20 største valutabankane i verda (G20) starta i 1996 arbeidet for å etablere eit system som skulle kunne redusere risiko i valutahandel. Ei gruppe med noko mindre bankar (G40) der DnB er med, har arbeidd aktivt for at fleire bankar og fleire valutaer skal vere med. Bankane i desse to gruppene har saman etablert selskapet Continuous Linked Settlement (CLS). I ein fleirvaluta oppgjærssbank selskapet skal etablere (CLSB), er det planlagt at oppgjæret av valutakontraktar skal skje simultant. Gjennom 1998 har Noregs Bank stått i kontakt med andre sentralbankar og selskapet bak CLS med tanke på å få

med norske kroner som ein av dei aktuelle valutaene CLS vil operere i. Arbeidet blir vidareført i 1999.

Ved utgangen av 1998 var det setlar for 42 837 millionar kroner i sirkulasjon hos publikum, føretak og bankar. Gjennomsnittleg var det setlar for 40 487 millionar kroner i sirkulasjon i 1998. Dette er ein auke på 5,8 prosent i forhold til 1997. Dei siste fem åra har setelomløpet auka med 29,5 prosent. Målt i verdi stod 1000-kronesetelen for 68,4 prosent, ein reduksjon på 1,4 prosentpoeng frå 1997. 500-kronesetelen sin del av setelomløpet aukar framleis, frå 10,6 prosent i 1997 til 12,0 prosent i 1998. 200-kronesetelen blei lansert som ein ny valør i setelutgåve VII i 1994, og stod i 1998 for 9,0 prosent av setelomløpet, mot 6,9 prosent i 1997. 100-kronesetelen sin del av omløpet er redusert frå 11,1 prosent i 1997 til 8,6 prosent i 1998. 50-kronesetelen har ein liten og temmeleg stabil del av setelomløpet på 1,8 prosent i 1998.

Omfanget av setelinngangen til Noregs Bank er mellom anna ei følgje av betalingsvanane til publikum og av kva betalingsmiddel dei vel. I 1998 blei det levert inn 494 millionar setlar frå bankar og Postverket til Noregs Bank for sortering og resirkulering. Dette er ein nedgang på 4,5 prosent i høve til 1997. Innføring av 200-kronesetelen og marknadsføring av 500-kronesetelen til bruk i minibankar, saman med prising av setlar i minibankkvalitet, er tiltak Noregs Bank har sett i verk for å redusere talet på setlar som trengst for å dekkje behovet.

Setelbehandlinga i Noregs Bank er viktig for å sikre at norske setlar som er i sirkulasjon, har god kvalitet og er ekte. Noregs Bank samarbeider med Kriminalpolitisentralen, bankforeiningane, sentralleiinga i Posten, postkontor og bankar for å spreie informasjon om mellom anna sikringselementa i ekte setlar. Ei eiga meldeteneste sikrar at informasjon om forfalskingar og anna misleghald raskt kjem ut til Noregs Banks distriktsavdelingar, bankar, postkontor og lokale politikammer.

Årsgjennomsnittet for verdien av mynt i omløp var 3 090 millionar kroner i 1998. Dette er ein auke på 5,2 prosent frå 1997. 20-kronemynten som blei lansert i 1994, stod i 1998 for 25,2 prosent av omløpet rekna i verdi, ein oppgang frå 22,3 prosent i 1997. 10-kronemynten hadde 33,3 prosent av omløpet, ned frå 34,4 prosent. Ein ny 5-kronemynt blei sett i omløp 15. september 1998. Den gamle 5-kronemynten er ikkje lenger tvunge betalingsmiddel frå 5. september 1999. Gamle 5-kronemyntar kan løysast inn i Noregs Bank fram til 5. september 2009. Med den nye 5-kronemynten er innføringa av ei ny norsk mynttrekkje, som starta med innføringa av 20-kronemynten 1. november 1994, gjennomført.

Myntinngangen til Noregs Bank gjekk opp frå 838,1 millionar mynt i 1997 til 886,8 millionar mynt i 1998, ein auke på 5,8 prosent. Auke i myntbruk til betalingsautomatar i samband med mellom anna bomvegar, parkeringsanlegg, spel og lokaltrafikk er ei årsak til denne oppgangen.

Gebyrinntektene frå sal av setlar i minibankkvalitet var 20 millionar kroner i 1998, det same som inntektene frå sal av mynt i rull. Dette er ein inntektsauke på 14,3 prosent for minibanksetlar og 28,2 prosent for mynt pakka i rull.

Forretningsverksemda i kasseområdet i Noregs Bank gav 41 millionar kroner i inntekt i 1998, ein auke på 21 prosent i forhold til 1997.

4.1.2.2 Oppgåver og rådgiving i samband med penge-, kreditt- og valutapolitikken

Noregs Bank skal etter sentralbanklova §§ 1 og 3 vere rådgivande organ for Regjeringa og Finansdepartementet i penge-, kreditt- og valutapolitikken. Noregs Bank skal uttale seg i spørsmål som blir lagde fram for banken av Kongen eller departementet, og skal varsle departementet når banken meiner det er nødvendig at andre enn banken treffer tiltak i penge-, kreditt- eller valutapolitikken (§ 3).

I tråd med dette er det ei fast ordning at Noregs Bank sender brev til departementet i samband med at nasjonalbudsjettet blir lagt fram. Brevet som gjeld nasjonalbudsjettet for 1999, er teke inn som vedlegg til årsmeldinga frå Noregs Bank. I vedlegget finn ein òg andre brev og fråsegner frå Noregs Bank.

«Forskrift 6. mai 1994 nr. 331 om kursordninga til den norske krona» gir nærare retningslinjer for gjennomføringa av pengepolitikken. I § 2 i forskrifta heiter det mellom anna at «Norges Banks løpende utøvelse av pengepolitikken skal rettes inn mot stabilitet i kronens verdi målt mot europeiske valutaer, med utgangspunkt i kursleiet siden kronen begynte å flyte den 10. desember 1992. Ved vesentlige endringer i kursen skal virkemidlene innrettes med sikte på at kursen etter hvert bringes tilbake til utgangssleiet».

I brev av 21. oktober 1998 til Finansdepartementet om det økonomiske opplegget for 1998 la Noregs Bank vekt på korleis ein kunne sikre at kronekursen, som var vesentleg svekt i forhold til utgangssleiet, skulle vende tilbake til dette leiet. I brevet heiter det mellom anna:

«Det er gjensidig sammenheng mellom prisstigningen og utviklingen i valutakursen. Over tid er en pris- og kostnadsvekst om lag på linje med utviklingen i andre europeiske land en forutsetning for å kunne holde en stabil valutakurs mot disse landene. Samtidig har kursutviklingen stor betydning for pris- og kostnadsveksten gjennom virkningen av valutakursen på importprisene.

Over tid vil et troverdig mål om stabil valutakurs mot europeiske valutaer innebære at rentenivået må tilpasses utviklingen i europeiske renter. Det følger derfor av ansvarsdelingen i den økonomiske politikken at finanspolitikken på lang sikt må innrettes mot å skape rom for en nedgang i rentenivået ned mot europeiske renter, uten at det av dette oppstår varige ubalanser og press i økonomien.»

Arbeidet med å analysere pris- og kostnadsutviklinga blei vidareført, mellom anna ved at banken publiserer kvartalsvise inflasjonsrapportar. I rapportane vurderer ein utviklinga i prisar og faktorar bak prisutviklinga, og banken gir overslag for prisveksten 18 månader fram i tid. I inflasjonsrapport nr. 4 blei det publisert mellomlangsiktige prognosar for norsk økonomi.

Noregs Bank innrettar verkemidla sine med omsyn til å stabilisere kursutviklinga for krona med utgangspunkt i det kursleiet som er definert i valutafor-skrifta. Banken påverkar dei korte rentene gjennom å fastsetje ein «korridor» for rentenivået i pengemarknaden via dei såkalla signalrentene, foliorenta og D-lånsrenta. Folio-renta er renta bankane får på innskota sine på foliokonto i Noregs Bank, og D-lånsrenta er renta bankane må betale når dei nyttar låne- retten som er knytt til denne foliokontoen og tek opp daglån i Noregs Bank.

Grunna depresieringspress på krona blei desse rentene heva sju gonger i løpet av 1998 med til saman 4,5 prosenteningar. Rentekorridoren blei heva frå 3,50 - 5,50 prosent ved inngangen til 1998 til 8,00 - 10,00 prosent ved utgangen av 1998.

Ved bruk av instrument som påverkar likviditeten i pengemarknaden, motverkar Noregs Bank dei sesongprega svingingane i likviditeten til bankane som mellom anna følgjer av inn- og utbetalingar på staten sine konti i Noregs Bank. Innanfor «rentekorridoren» kan Noregs Bank påverke rentenivået i pengemarknaden ved å tilføre eller trekkje inn likviditet frå banksystemet. Dei viktigaste verkemidla i denne samanhengen er gjenkjøpsavtalar i statspapir og utlegging av kortsiktige lån eller innskot med fast rente (F-lån og F-innskot). Gjenkjøpsavtalar har hatt løpetid på mellom ei og to veker. I 1998 blei det lagt ut 23 F-lån, 65 F-innskot og 21 gjenkjøpsavtalar. Dette er ein auke jamført med 1997 i alle instrument. Likviditeten blir òg påverka av emisjonar av statspapir og av Noregs Bank sin handel med statspapir. Sentralbanken brukte ikkje valutaswappar (avtale om bytte av valuta) i 1998. Sentralbanken fastset rammer for bankane sine D-lån i Noregs Bank. Desse rammene blei auka frå 7 til 15 prosent av forvaltningskapitalen fråtrekt D-lån den 15. desember 1998.

Den operative retningslinja for Noregs Banks utøving av pengepolitikken er at banken skal føre vidare ein stabil valutakurs mot europeiske valutaer. Ved vesentlege endringar i valutakursen skal verkemidla i pengepolitikken rettast inn med sikte på at valutakursen etter kvart skal bringast tilbake til utgangsløiet. Det er samtidig avgrensa kor sterke verkemiddel i form av renteendringar og kjøp og sal av valuta Noregs Bank kan nytte for å halde kronekursen stabil. Dette er ein viktig forskjell frå det fastkursregimet ein hadde inntil 10. desember 1992.

Oppbygginga av Statens petroleumsfond inneber at Noregs Bank over lengre tid skal kjøpe valuta som i omfang tilsvare oppbygginga av petroleumsfondet. Fram til og med 1. juli kjøpte Noregs Bank regelmessig utanlandsk valuta til Statens petroleumsfond og Statens petroleumsforsikringsfond. Samla kjøp i første halvår 1998 var 25,2 milliardar kroner, mens det i same periode blei selt valuta ut frå pengepolitiske formål for 0,1 milliard kroner. Etter 1. juli blei det ikkje kjøpt valuta til oppbygging av petroleumsfondet. Med verkstad frå 1. august blei det inngått ein avtale mellom Noregs Bank og Finansdepartementet om direkte overføring til Noregs Bank av valutainntekter staten mottek via SDØE (Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda).

I andre halvdel av 1998 var krona under depresieringspress, og Noregs Bank selde valuta for vesentlege beløp. I juli og august blei det selt valuta for 6,6 milliardar kroner. Intervensjonane blei innstilte frå slutten av august til midten av oktober, jamfør pressemeldingar frå Noregs Bank 24. august og 16. oktober 1998. I fjerde kvartal selde Noregs Bank valuta for motverdien av 29,1 milliardar kroner.

I 1995 etablerte Noregs Bank ei ordning med primærhandlarar for dei store statsobligasjonslåna. Primærhandlarane, som omfattar bankar og verdipapirforetak, gjekk frå 2. januar 1998 over frå å stille bindande kjøps- og sals-

prisar til å stille indikative prisar over Oslo Børs i dei store statslåna. Ved utgangen av 1998 var det til saman åtte primærhandlarar.

Etter sentralbanklova § 24 skal Noregs Bank forvalte dei offisielle internasjonale reservane. Forvaltninga blir utført etter retningslinjer som er gitt av hovudstyret i Noregs Bank og lagde fram for Finansdepartementet. I 1998 blei det vedteke nye retningslinjer for forvaltninga gjeldande frå 8. juni. Målt ved rekneskapsførte tal omrekna til marknadsprisar ved årsslutt var verdien på Noregs Banks internasjonale reservar 145,0 milliardar kroner ved utgangen av 1998. Av dette utgjorde netto valutareservar (internasjonale valutareservar fråteke gull og fordringar på IMF og justert for inngåtte, men ikkje oppgjorde valutahandlar) 130,7 milliardar kroner. Ved utgangen av 1997 var netto valutareservar 161,1 milliardar kroner. Dei viktigaste faktorane bak nedgangen i valutareservane var nedbetaling av utanlandsgjelda til staten med 16,9 milliardar kroner og overføring til Statens petroleumsfond med 32,9 milliardar kroner. Dette blei berre delvis motverka av eit positivt resultatelement på 30,6 milliardar kroner.

Dei internasjonale reservane er samansette av gull, fordringar på Det internasjonale valutafondet (IMF), kortsiktige bankinnskott og investeringar i rentepapir og aksjar. Reservane er i dei nye retningslinjene delte inn i fire ulike porteføljor, etter kva formål dei skal tene:

1. *Immuniseringsporteføljen*, som skal koordinerast med statsgjelda i utanlandsk valuta slik at rente- og valutakursrisikoen samla blir minst mogleg.
2. *Petrobufferporteføljen*, som skal samle opp daglege valutakjøp og overføringar frå SDØE som skal nyttast til oppbygging av petroleumsfondet. Det skal overførast valuta kvart kvartal frå petrobufferporteføljen til petroleumsfondet.
3. *Likviditetsporteføljen*, som i første rekkje skal kunne nyttast til intervensjonar i valuta- og pengemarknaden og av den grunn er plassert kortsiktig.
4. *Den langsiktige porteføljen*, som har ein noko lengre horisont enn likviditetsreservane, med sikte på å oppnå høg avkastning på lang sikt, men som òg skal kunne nyttast til intervensjonar.

Noregs Bank Kapitalforvaltning (KAP) forvaltar immuniseringsporteføljen, petrobufferporteføljen og den langsiktige porteføljen, mens Marknadsoperasjonsavdelinga forvaltar likviditetsporteføljen. Ved utgangen av året utgjorde immuniseringsporteføljen 7,8 milliardar kroner, petrobufferporteføljen 0,1 milliard kroner, likviditetsporteføljen 26,3 milliardar kroner og den langsiktige porteføljen 96,5 milliardar kroner.

Noregs Bank forvaltar Statens petroleumsfond på vegner av Finansdepartementet. Forvaltninga skjer med grunnlag i «lov 22. juni 1990 nr. 36 om Statens petroleumsfond».

Marknadsverdien av fondet sin portefølje av utanlandske verdipapir var ved slutten av 1997 på 113,4 milliardar kroner. Nye midlar blei overførte i 1998, og 31. desember 1998 var marknadsverdien av fondet på 171,8 milliardar kroner.

Forvaltninga i 1998 var i tråd med forskrifta som blei fastsett av Finansdepartementet 3. oktober 1997. Finansdepartementet fastsette òg ein ny referanseportefølje for fondet, med 40 prosent eigenkapitalinstrument og 60 prosent renteberande instrument. I dei fem første månadene av 1998 blei mengda av

eigenkapitalinstrument i referanseporteføljen gradvis auka til 40 prosent, og frå 1. juni gjaldt den nye forskrifta fullt ut.

Avkastninga på Statens petroleumsfond var i 1998 0,2 prosentpoeng høgare enn avkastninga på referanseporteføljen.

Noregs Bank hadde ikkje erfaring med investeringar i eigenkapitalinstrument. For å kunne gjere slike investeringar på ein trygg måte måtte ein byggje opp ein ny organisasjon. Dette arbeidet blei starta i 1997, og frå 1. januar 1998 blei Noregs Bank Kapitalforvaltning oppretta som ei eiga eining direkte under sentralbanksjefen. Det er bygd opp kontrollapparat for verksemda både innanfor den nye organisasjonen og i andre delar av sentralbanken.

Dei nye investeringane i eigenkapitalinstrument blei i 1998 utførte av fire eksterne forvaltarar, som òg stod for det meste av forvaltninga i dette året. Desse fire hadde som oppgåve å halde porteføljane nær opp til referanseporteføljen. Men frå 30. november 1998 blei det avtala at ein mindre del av eigenkapitalporteføljen skulle forvaltast av andre eksterne forvaltarar, som fekk større høve til å avvike frå referanseporteføljen.

Noregs Bank har lang erfaring med internasjonale investeringar i rentebearande verdipapir, og det meste av renteforvaltninga i 1998 har vore gjort av sentralbanken.

Noregs Bank gir tilrådingar til Finansdepartementet og Kredittilsynet i samband med høyringar om lover, forskrifter og anna regelverk for finansmarknadene og finansinstitusjonane. Viktige høyringssaker i 1998 var mellom anna framlegg til ny lov om finansføretak, framlegg om endringar i kapitaldekningsreglane for finansinstitusjonane, framlegg om auke i livselskapa sin tilgang til plassering i aksjar, framlegg til nye handelsreglar ved Oslo Børs og ei utgreiing om fondering av folketrygda. Høyringsfråsegnene frå Noregs Bank i desse og andre høyringssaker er tekne med som vedlegg i årsmeldinga frå banken for 1998.

Som hovudregel blir Noregs Bank dessutan beden av Kredittilsynet om å gi tilråding i saker som gjeld søknader frå finansinstitusjonar om løyve til nye tablering, oppkjøp, fusjon, endring i konsernstruktur, o.a. Dei viktigaste sakene som blei behandla i 1998, er omtala i årsmeldinga frå sentralbanken.

Noregs Bank utarbeider mellom anna rapportar om stabiliteten i det finansielle systemet og om resultat- og balanseutviklinga i finansinstitusjonane. Bakgrunnen for dette arbeidet er at sentralbanken har som oppgåve å medverke til eit robust og effektivt finansielt system. Rapportane blir sende til Finansdepartementet og Kredittilsynet. Utdrag av rapportane blir publiserte i kvartalsskrifta frå banken, Penger og Kreditt og Economic Bulletin. Noregs Bank uttalar i Penger og Kreditt nr. 1999/2: «Fjorårets renteøkning og finansielle uro bidro til å snu en utvikling med kraftig gjeldsvekst og oppbygging av ubalanser i det finansielle systemet. Kredittveksten har avtatt det siste året, og bankene har klart å snu utviklingen med svekket soliditet. Konkurransepresset i finansnæringen er imidlertid fortsatt sterkt. Dette sammen med utsikter til et konjunkturuomslag i norsk økonomi, med økt kredittrisiko og forventninger om økte utlånstap, representerer en betydelig utfordring for bankene.»

Samarbeidet mellom Kredittilsynet og Noregs Bank har følgd den ordninga som er etablert gjennom dei tidlegare åra. Noregs Bank er representert med ein observatør i styret for Kredittilsynet. Det er nær og regelbunden kon-

takt mellom leiingane i dei to institusjonane, der mellom anna gjennomgang av den økonomiske situasjonen og utviklinga i finansinstitusjonane er faste tema. Det er gjort nærare greie for samarbeidet i Kredittmeldinga 1996 kapittel 5 (St.meld. nr. 12 (1997-98)).

4.1.2.3 Finansstatistikk, valutastatistikk og valutaregulering

Statistikkarbeidet i Noregs Bank er avleidd av behovet for relevant og aktuell informasjon som grunnlag for utøving av pengepolitikken, rådgiving om økonomisk politikk og banken si overvaking av finansmarknader og betalingssystem, og dessutan for kontroll av utanlandsbetalingar. I tillegg har ein som mål å dekkje relevante behov for offisiell statistikk i samarbeid med Statistisk sentralbyrå (SSB), oppfylle internasjonale rapporteringsplikter og, i samarbeid med Kredittilsynet, dekkje delar av databehovet som følgjer av tilsyn med finansføretaka.

Noregs Bank vidareførte i 1998 produksjonen av statistikk for penge-, kreditt- og valutamarknadene stort sett etter same mønster som året før. Ved slutten av året innførte banken ein «Statistikkalender» som gir oversikt over planlagde datoar for publisering av dei viktigaste statistikkane i dei komande månadene. Statistikkalenderen er mellom anna tilgjengeleg på Internett.

Noregs Bank samarbeider nært med Kredittilsynet, Statistisk sentralbyrå og Verdipapirsentralen om datainnhenting og utarbeiding av statistikk for kreditt- og verdipapirmarknaden.

Frå og med 1996 har arbeidet med å hente inn, kontrollere, tilretteleggje og publisere den mest detaljerte statistikken for private og offentlege bankar, finansieringsselskap, kredittføretak og verdipapirfond blitt utført av Noregs Bank. Frå og med desember 1998 blei rapporteringa når det gjeld derivatposisjonane til finansføretaka, utvida. Statistikken blir gitt ut i publikasjonen «Finansstatistikk».

Basert på frivillige rapportar frå aktørane utarbeider Noregs Bank statistikk som viser prisar og utviklingstrekk i betalingsformidlinga. Statistikken blir publisert i Noregs Banks årlege rapport «Betalingsformidling». Rapporten for 1997 blei gitt ut i mai 1998.

Noregs Bank hentar kvart kvartal inn renterapportar frå alle bankar, livsforsikringsselskap, kredittføretak og statlege låneinstitutt. Rapportane gir rente- og provisjonssatsar pr. utgangen av kvartalet for spesifiserte utlans- og innskotsartar. På grunnlag av desse rapportane utarbeider ein oversikter som viser renteutviklinga for bankane totalt og for kvar av bankgruppene, for livsforsikringsselskapa og for kredittføretaka.

Noregs Banks databank for kvartalsvise finansielle sektorbalansar (Findatr) blir nytta i banken sitt modellarbeid, i pengepolitiske utgreingar og i arbeidet med finansiell stabilitet. Statistikkproduktet «Husholdningenes finansregnskap», som byggjer på Findatr, viser mellom anna utviklinga i fordringar og gjeld for hushaldningane. Gjennom 1998 har ein observert ei aukande ekstern interesse for data om den finansielle situasjonen for hushaldningane.

Valutastatistikken gir hovudgrunnlaget for utanriksrekneskapen som Statistisk sentralbyrå publiserer kvar månad. Informasjonsgrunnlaget er faste rapportar om betalingar mellom Noreg og utlandet, dels frå norske bankar,

dels frå føretak som har konto i utanlandske bankar eller oppgjersordning med utanlandske selskap.

I 1998 har ein vidareført arbeidet med å følgje opp kvaliteten på dei elektroniske rapportane til bankane om valutatransaksjonar i BRAVO-systemet. Dette arbeidet er viktig både for å betre kvaliteten på statistikken og for å kunne få best mogleg kvalitet på det materialet andre kontrollinstansar ønskjer å bruke i sine kontrollar. I overkant av 120 bankar rapporterer dagleg i det nemnde BRAVO-formatet, mens vel 20 av dei minste bankane rapporterer månadleg i eit papirbasert opplegg. Med verknad frå årsskiftet 1998 - 99 er det gjort visse endringar i dei beløpsgrensene som gjeld for spesifikasjon av informasjon i rapportane frå bankane til Noregs Bank.

Ved utgangen av 1998 var vel 770 føretak registrerte med rapportplikt på vel 3 900 aktive konti i utanlandske bankar eller oppgjersordningar med utanlandske forretningskontaktar. Noregs Bank har i 1998 gått ut med tilbod til eit tital større føretak om maskinell rapportering. Arbeidet med å få fleire selskap over på maskinell rapportering held fram i 1999.

I takt med den aukande transaksjonsmengda (spesielt gjeld det bankane sine rapportar) er det blitt arbeidd aktivt med å få betre rutinar for kvalitets- og etterkontroll. Det er mellom anna lagt vekt på å fange opp konti i utanlandske bankar og betalningar via desse, og andre former for oppgjør med utlendingar utanom norsk valutabank; det vil seie utlendingar som er underlagde rapportplikt til Noregs Bank.

Det er i 1998 følgt opp 169 saker i samband med manglande rapportering av konto- og/eller betalingsordningar. I tolv saker blei det fatta vedtak om ilegging av tvangsmulkt, og sakene blei oversende til Statens innkrevjingssentral for innkrevjing av tvangsmulkt. Dette er seks fleire enn i 1997, men framleis ein sær sars liten del sett i forhold til den store rapportmengda banken får inn.

For å betre dekningsgraden for veksestatistikken over valutastraumar, som gir motpostane til Noregs Banks operasjonar i valutamarknaden, blei rapportørgrunnlaget i 1998 utvida til 16 bankar. Det har vore stor interesse for denne statistikken i 1998, særleg i periodar med valutauro.

Av andre oppgåver på valutaregulerings- og kontrollområdet som det har vore arbeidd med i 1998, kan ein nemne følgjande:

Finansdepartementet bad i brev av 17. april 1997 Noregs Bank i samarbeid med Kredittilsynet om å vurdere om frittståande vekslingskontor (uavhengig av bankar) bør tillatast i Noreg. Samtidig blei det bede om forslag til korleis verksemda til vekslingskontora i tilfelle bør regulerast. Arbeidsgruppa som blei sett ned, leverte rapporten sin 30. januar 1998. Rapporten blei - saman med ei tilråding frå Noregs Bank - send til Finansdepartementet i brev av 30. april, sjå avsnitt 3.1.4.

Enkelte selskap har drive ei form for mellommannsverksemd ved betalingsformidling med utlandet. Dette er i strid med reglane i valutaforskrifter, kapittel 4. Desse sakene er til dels avslutta, dels vil dei bli følgde opp i 1999.

Det var 722 førespurnader frå kontroll- og tilsynsstyresmakter i 1998. Med dette som utgangspunkt er det søkt på 1045 namngitte føretak eller privatpersonar, noko som resulterte i tilbagemeldingar om 14 209 transaksjonar. Dette er ein sterk auke frå 1997.

Norske styresmakter har vedteke forskrifter om gjennomføring av FN-sanksjonar om økonomisk boikott av land og/eller landområde. I samband med dette har Finansdepartementet delegert oppgåva som kontroll- og lisensstyresmakt for finansielle transaksjonar til Noregs Bank. Ingen transaksjonar med tilknytning til dei landa som er omfatta av FN-sanksjonar (Irak og Libya), kan gjennomførast utan løyve frå Noregs Bank. Noregs Bank har i 1998 innvilga ti søknader om overføringar til/frå land som er underlagde FN-sanksjonar. Det er ikkje gjort endringar i sanksjonsforskriftene i 1998.

Noregs Bank har ansvar for dokumentbasert tilsyn med valutaaktiviteten i bankar, finansieringsselskap og kredittføretak. Institusjonar som har valuta-autorisasjon, kan fritt utføre ulike typar finansielle transaksjonar i utanlandsk valuta så lenge dei held seg innanfor dei fastsette rammene for valutarisiko. Rammene blei 1. februar 1998 endra frå 10 til 15 prosent av ansvarleg kapital for enkeltvalutaer og frå 20 til 30 prosent for samla valutaposisjon. Frå same tidspunkt slutta ein å sjå på norske kroner som enkeltvaluta. Det er ei tilpassing til reguleringa i andre land og er vurdert som rimeleg etter innføringa av kapitalkrav for valutarisiko. Frå 1. januar 1999 blir euro og dei valutaene som inngår i euro, rekna som ein valuta, som til saman ikkje kan overstige grensa for enkeltvalutaer. Årsmeldinga gir eit nærare oversyn over valutakontrollverksemda i Noregs Bank.

4.1.2.4 Anna verksemd

Noregs Bank yter driftskreditt til fiskeindustrien etter retningslinjer som Stortinget har fastsett. Garantiramma var på 150 millionar kroner for 1998, og er for inneverande år redusert til 50 millionar kroner. Ved inngangen til 1998 var seks engasjement knytte til ordninga, og av desse var to under avvikling. Disponert kreditt ved utgangen av 1998 var 17,3 millionar kroner. Noregs Bank har i 1998 òg administrert ein ekstraordinær kreditt retta mot fiskerinæringa. Ordninga er avvikla, men det står att nokre føretak som ikkje har innfridd låna sine.

Noregs Bank har i fleire år hatt eit samarbeid med Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND) om drift av ein rekneskapsdatabase. Dette samarbeidet vil bli avslutta i løpet av 1999.

Noregs Bank er oppgjersbank for oppgjær knytte til verdipapirtransaksjonar i Verdipapirsentralen og derivathandel i Norsk Oppgjerssentral. Årsmeldinga gir eit nærare oversyn over oppgjersverksemda i Noregs Bank.

Etter sentralbanklova § 3 skal Noregs Bank informere allmenheita om penge-, kreditt- og valutatilhøva. I tillegg til årsmeldinga på norsk gir Noregs Bank ut ein forkorta versjon på engelsk. Sentralbanken gir vidare ut kvartals-skrifta Penger og Kreditt og Economic Bulletin, der det siste har stoffval tilpassa utanlandske lesarar. Inflasjonsrapportane, som inngår i Penger og Kreditt, blir dessutan trykte som eigne publikasjonar. I samband med at Noregs Bank Kapitalforvaltning kom i drift, begynte banken i 1998 å gi ut eigne kvartals- og årsrapportar om forvaltninga av Petroleumsfondet. I banken sin skriftserie blei det gitt ut eit hefte om ØMU og pengepolitikken i Norden og eit doktorgradsarbeid, og som honnør til Kjell Storvik då han gjekk av som sentralbanksjef ved årsskiftet 1998 - 99, gav banken ut eit festskrift i form av eit hefte i serien, med tittel: Sentralbanken i forandringens tegn. Det blei sendt ut i alt

9 arbeidsnotat, som mellom anna dokumenterer forskings- og utgreiingsarbeid, 9 rundskriv til finansinstitusjonane med informasjon om reguleringar og regelverk, 36 pressemeldingar og 12 månadlege pressebulletengar om kreditt- og valutatilhøva. Banken sender òg ut ei rekkje større eller mindre statistikkprodukt og rapportar, mellom anna ein årleg rapport om Betalingsformidling, og heftet Finansstatistikk med 17 hefte i året. Bruken av Noregs Banks sider på Internett auka jamt gjennom året og kom opp i vel 110 000 kundebesøk pr. månad.

4.2 Rekneskap og budsjett for 1998

4.2.1 Balansen 31. desember 1998

Tabell 4.2 og 4.3 viser Noregs Banks balanserekneskap ved utgangen av 1998, samanlikna med tilsvarende tal for 1995, 1996 og 1997.

Tabell 4.2: Noregs Banks eigedelar 31. desember 1998. Millionar kroner

Eigedelar:	1995	1996	1997	1998
Internasjonale reservar	143 695,6	170 335,0	171 368,1	142 045,2
Av dette:				
Gull	284,8	285,0	283,6	284,8
Spesielle trekkrettar i IMF	2 925,7	2 290,0	2 545,4	3 147,0
Reserveposisjon i IMF	5 975,5	5 728,3	7 161,9	9 243,7
Lån til IMF	673,4	732,8	938,4	1 522,7
Plasseringar for Statens petroleumsfond		47 538,8	113 313,0	167 643,8
Andre fordringar på utlandet	7 784,8	17 213,5	11 824,1	12 192,7
Norske statssertifikat	6 388,5	1 727,3	1 963,2	1 716,7
Norske statsobligasjonar	11 668,9	10 685,9	8 682,5	7 709,5
Innanlandske utlån	10 608,1	719,2	7 982,1	19 774,2
Av dette:				
Forretningsbankar	5 449,1	235,8	6 251,5	7 435,2
Sparebankar	4 620,0	10,8	1 270,8	4 712,7
Andre innanlandske fordringar	1 568,0	959,9	685,7	736,9
Varige driftsmiddel	2 281,2	2 223,1	2 148,3	2 064,3
Sum eigedelar	183 995,1	251 402,7	317 967,0	353 883,6

Tabell 4.3: Gjeld og eigenkapital i Noregs Bank 31. desember 1998. Millionar kroner

Gjeld og eigenkapital:	1995	1996	1997	1998
Diverse gjeld til utlandet	8 626,9	18 185,4	12 724,0	13 325,5
Motverdien av spesielle trekkrettar	1 575,9	1 554,2	1 656,0	1 795,3
Setlar og mynt i omløp	42 068,7	43 323,7	46 014,4	46 070,2
Innanlandske innskott på foliokonto	102 711,7	158 882,3	217 934,0	232 552,7
Av dette:				

Tabell 4.3: Gjeld og egenkapital i Noregs Bank 31. desember 1998. Millionar kroner

Statskassa	94 912,2	80 585,9	84 387,4	51 193,2
Statens petroleumsfond	-	47 538,8	113 313,0	167 643,8
Innskot som gjeld skattefrie fonds-avsetjingar	20,8	17,6	0,1	9,9
Anna innanlandsk gjeld	200,5	440,3	379,5	771,2
Eigenkapital	28 790,6	28 999,1	39 249,0	59 358,7
Av dette				
Kursreguleringsfond	16 974,4	21 521,7	30 193,0	27 215,1
Overføringsfond	9 620,3	5 383,8	7 056,3	30 227,6
Oppskrivingsfond	2 195,9	2 093,6	1 999,7	1 916,0
Sum gjeld og egenkapital	183 995,1	251 402,7	317 967,0	353 883,6

4.2.1.1 Noregs Banks aktiva

Avkastninga på netto valutareservar utgjer 27 288 millionar kroner i 1998 mot 18 296 millionar kroner i 1997. Av avkastninga i 1998 utgjer valutakursgevinsten 14 703 millionar kroner mot ein valutakursgevinst på 5 704 millionar kroner i 1997.

Amerikanske dollar utgjorde 20,3 prosent av valutareservane ved utgangen av 1998 mot 12,6 prosent året før. Tilsvarende utgjorde tyske mark 27,8 prosent i 1998 mot 32,4 prosent ved utgangen av 1997.

Noregs Bank sine gullreservar er førte opp under internasjonale reservar med 284,8 millionar kroner. Den bokførte verdien er utrekna på grunnlag av den offisielle gullprisen som er fastsett av Det internasjonale valutafondet (IMF), som tilsvarar ein kilopris på 7 732,27 kroner. Marknadsverdien på gull er vesentleg høgare enn dette. Posten «Andre fordringar på utlandet» består mellom anna av den delen av Noregs kvote i IMF som er i norske kroner. Tilsvarende gjeldsbeløp er bokført under diverse gjeld til utlandet.

Noregs Bank si beholdning av norske verdipapir er sett saman av omsetjelege sertifikat og norske statsobligasjonar. I 1998 kjøpte sentralbanken statssertifikat i første- og andrehandsmarknaden for om lag 3,4 milliardar kroner. Då Noregs Banks beholdning av einskilte statssertifikat blei små, etterteikna Noregs Bank statssertifikat for 2,5 milliardar kroner.

Noregs Bank sin eigedomsmasse, maskinar og inventar utgjer 2 064 mill. kroner pr. 31. desember 1998.

4.2.1.2 Noregs Banks passiva

Setlar og mynt i omløp auka i 1998 med 0,1 milliardar kroner til 46,1 milliardar kroner, mot 46,0 milliardar kroner året før. Innskot frå statskassa minka i 1998 med 33,2 milliardar kroner til 51,2 milliardar kroner, mot 84,4 milliardar kroner året før. Eigenkapitalen auka med 20,2 milliardar kroner til 59,4 milliardar kroner, mot 39,2 milliardar kroner ved utgangen av 1997.

Statens petroleumsfond er plassert som kroneinnskot på særskild konto i Noregs Bank. Noregs Bank plasserer desse midlane særskilt i banken sitt eige namn i aktiva denominerte i utanlandsk valuta. Forvaltninga blir hand-sama i samsvar med forskrift 3. oktober 1997 nr. 1073 for forvaltning av Sta-

tens petroleumsfond. Fondet utgjorde 31. desember 1998 167,6 milliardar kroner, målt etter bokført verdi. Marknadsverdien av fondet sine verdipapir var på same tid 171,8 milliardar kroner.

4.2.2 Resultatrekneskapen for 1998

Tabell 4.4 viser Noregs Bank sin resultatrekneskap for 1998.

Tabell 4.4: Noregs Bank sin resultatrekneskap for 1997 og 1998.

Tal i heile tusen kroner	1997	1998
Renteinntekter utland	13 161 260	10 834 426
Avkastning, plassering for Statens petroleumsfond	4 873 926	21 571 499
Rentekostnader utland	658 599	391 526
Renteinntekter innland	819 358	1 073 030
Rentekostnader innland	10 390 837	26 635 916
Netto renteinntekter utland og innland	7 805 108	6 451 513
Netto kursreguleringar	6 974 001	17 719 009
Netto renteinntekter og kursreguleringar	14 779 109	24 170 522
Driftsinntekter	194 484	345 751
Driftskostnader	912 671	1 005 991
Driftsresultat før tap på utlån	14 060 922	23 510 282
Inngått/(tap) på utlån/fordringar	(5)	(7)
Overskot før ekstraordinære postar	14 060 917	23 510 275
Overskot	14 060 917	23 510 275
Overføringer:		
Overført frå kursreguleringsfondet	0	2 977 949
Overført frå overføringsfondet	3 810 984	3 400 644
Overført frå oppskrivingsfondet	93 877	83 679
Til disposisjon	17 965 778	29 972 547
Til statskassa frå overføringsfondet	3 810 984	3 400 644
Avsett til kursreguleringsfondet	8 671 316	0
Avsett til overføringsfondet	5 483 478	26 571 903
Disponert i alt	17 965 778	29 972 547

Noregs Bank hadde i 1998 eit overskot etter kursreguleringar på 23,5 milliardar kroner, mot 14,1 milliardar kroner året før.

Samla renteinntekter for Noregs Bank var for 1998 11,9 milliardar kroner, mot 14,0 milliardar kroner i 1997. Renteinntektene frå innanlandske sektorar var i 1998 på 1,1 milliardar kroner, mot 0,8 milliardar kroner i 1997. Renteinntektene frå utanlandske sektorar i 1998 var 10,8 milliardar kroner, mot 13,2 milliardar kroner året før.

Netto driftskostnader for Noregs Bank var i 1998 på 660,2 millionar kroner, mot 718,2 millionar kroner i 1997. Personalkostnadene i 1998 utgjorde 484,0 millionar kroner, mot 455,4 millionar kroner ved utgangen av 1997.

4.2.2.1 Disponering av overskotet i 1998

Retningslinjene for avsetjing og disponering av Noregs Bank sitt overskot blei fastsette i kgl.res. 7. februar 1986. Retningslinjene er endra fleire gonger, seinast ved kgl.res. 17. januar 1997, og har følgjande ordlyd:

«

1. Av Norges Banks overskudd avsettes til kursreguleringsfondet inntil dette har nådd 10 % av bankens fordringer i norske verdipapirer og 20 % av bankens netto valutareserver unntatt immuniseringsporteføljen og de midler som forvaltes for Statens petroleumsfond, andre fordringer/forpliktelser overfor utlandet og eventuelt andre engasjementer som av hovedstyret vurderes å ha ikke ubetydelig kursrisiko. Immuniseringsporteføljen svarer til den del av Norges Banks valutareserver som er skilt ut som egen portefølje der avkastning godskrives/belastes staten i samme års regnskap. Det samme gjelder for porteføljen til Statens petroleumsfond. Dersom kursreguleringsfondet er større enn det som følger av forholdstallene nevnt i pkt. 1, første avsnitt, skal det overskytende tilbakeføres til resultatregnskapet.
2. Eventuelt overskudd etter avsetning til, eller tilførsel fra kursreguleringsfondet, avsettes til overføringsfondet.
3. Fra overføringsfondet overføres hvert årsoppgjør til statskassen et beløp svarende til gjennomsnittet av brutto avsetninger til overføringsfondet ved de tre foregående årsoppgjør.
4. Eventuelle underskudd i Norges Banks regnskap dekkes ved overføringer fra kursreguleringsfondet.»

Ved utgangen av 1998 utgjør kursreguleringsfondet meir enn det som følgjer av punkt 1, 1. punktum i retningslinjene. Det overskytande, 2 997,9 millionar kroner, blir overført til disposisjon i samsvar med punkt 1, 4. punktum i retningslinjene. Kursreguleringsfondet utgjør etter dette 27 215,1 millionar kroner.

I samsvar med punkt 2 i retningslinjene blir det overført 26 571,9 millionar kroner til overføringsfondet.

I samsvar med punkt 3 i retningslinjene blir det overført 3 400,6 millionar kroner til statskassa.

5 Verksemda til Kredittilsynet i 1998

Kredittilsynet er det sentrale offentlege organet som fører tilsyn med at finansinstitusjonane innrettar seg etter dei rettslege rammevilkåra som til kvar tid gjeld for finansmarknaden. Mellom anna skal Kredittilsynet sjå til at lover og forskrifter blir følgde.

Kredittilsynet skal, ifølgje kredittilsynslova § 8 andre ledd, kvart år gi Finansdepartementet ei melding om verksemda. I meldinga omtalar Kredittilsynet organisatoriske forhold, rekneskap og generelle spørsmål knytte til tilsynsarbeidet. Vidare blir det gitt ein nærare omtale av arbeidet innanfor dei ulike tilsynsområda.

Etter § 1 i kredittilsynslova har Kredittilsynet tilsyn med finansinstitusjonar, under dette forretnings- og sparebankar, liv- og skadeforsikringsselskap, private, kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser og pensjonsfond, finansieringsføretak og forsikringsmeklarar. Etter kredittilsynslova § 1 nr. 13, jf. verdipapirhandelloya § 12-1, har Kredittilsynet ansvar for å føre tilsyn med verksemda til verdipapirføretak og oppgjerssentralar, og tilsyn med at reglane i verdipapirhandelloya blir følgde. Det same gjeld kontrollen med eigedomsmeklarar etter eigedomsmeklarlova § 2-7, kontrollen med inkassoverksemd etter lov om inkassoverksemd § 24, kontrollen med forvaltning av verdipapirfond etter lov om verdipapirfond § 8-2, jf. kredittilsynslova § 1 nr. 15, tilsynet med Postbanken BA etter kredittilsynslova § 1 nr. 10, tilsynet med sjøtrygdslag, jf. kredittilsynslova § 1 nr. 11, tilsynet med føretak som driv låneformidling, jf. kredittilsynslova § 1 nr. 7 og tilsyn med revisorar og revisjonsselskap som er godkjend etter revisorlova, jf. kredittilsynslova § 1 nr. 9. Kredittilsynet fører tilsyn med verksemda til filialar av kreditt- og finansinstitusjonar frå andre statar i dei høva der slikt tilsyn ikkje blir ført av myndigheitene i heimlandet. Det blir òg ført tilsyn med filialar av norske finansinstitusjonar i utlandet.

Kredittilsynet skal etter lova sjå til at dei institusjonane det har tilsyn med, verkar på ein formålstenleg og trygg måte i samsvar med lov og føresegner og med det formålet og dei vedtektene som ligg til grunn for kvar einskild institusjon. For å utføre tilsynsoppgåvene skal Kredittilsynet granske rekneskap og andre oppgåver frå institusjonane og elles gjere dei undersøkingar om deira stilling og verksemd som Kredittilsynet finn naudsynt, jf. kredittilsynslova § 3.

Kredittilsynet blir leidd av eit styre på fem medlemmer, oppnemnt av Kongen for ein periode på fire år, jf. kredittilsynslova § 2 andre ledd.

I 1998 hadde styret ei samansetjing som vist i boks 5.1.

Eit nytt styre for perioden fram til 31. desember 2001 blei oppnemnt ved kongeleg resolusjon 30. januar 1998.

Boks 5.1 Styret i Kredittilsynet

Professor dr.juris Erling
Selvig, leiar
H.r.advokat Else Bugge Fougner, nestleiar
Professor Asbjørn Rødseth
Advokat Eli Aas
Direktør Kolbjørn Almlid
Varamedlemmer:
Direktør Lisbet Hjort

Representantar for dei tilsette:
Rådgivar Aud Kogstad
Rådgivar Tor A. Hvidsten

Stedfortredande direktør i Noregs Bank, Asbjørn Fidjestøl, er observatør til styret, med fagdirektør Trond Eklund som varaobservatør.

Else Bugge Fougner hadde i 1998 permisjon frå styrevervet sitt.

Om administrasjon og personale heiter det i årsmeldinga (s. 56):

«Ved utgangen av 1998 var det 139 fast tilsatte, mot 134 ved utgangen av 1997. Av disse var 50 prosent kvinner. Kredittilsynet har generelt sett tilfredsstillende tilgang på gode søkere som er nyutdannet fra universitet og høyskoler. I tillegg legges det vekt på å knytte til seg medarbeidere med god kompetanse og bred erfaring fra bransjene.»

Mot slutten av 1998 førebudde Kredittilsynet overtakinga av tilsynet med rekneskapsførarar (autorisasjonsordninga). Ordninga blei lagd til Kredittilsynet med verknad frå 1. januar 1999.

Dei samla utgiftene til Kredittilsynet var 86,9 millionar kroner, ein auke på 10,7 prosent frå 1997. Utgiftene blir dekte ved innkrevjing frå dei tilsynspliktige.

Ein viser til Kredittilsynet si årsmelding for nærare omtale av administrative tilhøve og anna i Kredittilsynet. Årsmeldinga inneheld òg Kredittilsynet sitt syn på tilhøva i finansmarknaden og verksemdar under tilsyn. Årsmeldinga frå Kredittilsynet følgjer som uttrykt vedlegg til meldinga.

6 Verksemda i Statens Banksikringsfond i 1998

6.1 Det rettslege grunnlaget for Statens Banksikringsfond

Statens Banksikringsfond blei skipa ved «lov 15. mars 1991 nr. 2 om Statens Banksikringsfond.» Fondet har til formål å støtte opp om soliditeten i norske bankar gjennom å yte lån på særskilde vilkår (støttelån) til Forretningsbankenes sikringsfond og Sparebankenes sikringsfond. I særlege høve kan fondet òg kjøpe aksjar, grunnfondsbevis eller andre eigenkapitalinstrument i norske bankar og stille eigenkapitalgarantiar overfor norske bankar.

6.2 Organisasjon og leiing

Statens Banksikringsfond er organisert som eit eige rettssubjekt. Det øvste organet i fondet er eit styre som står for verksemda, og som forvaltar fondsmidlane. Før styret gjer vedtak som er særleg viktige, skal saka skriftleg leggjast fram for Finansdepartementet. Kongen kan i særskilde høve instruere styret i enkeltsaker. Denne retten er delegert til Finansdepartementet. Styret skal ha fått høve til å uttale seg skriftleg før departementet gjer vedtak om å instruere fondet. Departementet skal informere Stortinget om slikt vedtak.

Samansetjinga av styret for 1998 er vist i boks 6.1.

Boks 6.1 Styret i Statens Banksikringsfond

Konkurransedirektør Einar Hope, leiar
Justitiarius Rakel Surlien, nestleiar
Advokat Kristine Schei, styremedlem

Kredittilsynet og Noregs Bank peikar ut kvar sin representant som tek del i styremøta som rådgivarar. Rådgivarane i 1998 var avdelingsdirektør Sven-Henning Kjelsrud, Kredittilsynet og direktør Jan F. Qvigstad, Noregs Bank. Noregs Bank tek hand om sekretariatsfunksjonane. Forretningsfører for fondet var i 1998 direktør Jon A. Solheim. Det er gjort greie for arbeidsforma og saksbehandlinga til fondet i kredittmeldinga for 1991 og 1992.

Årsmeldinga om verksemda til Statens Banksikringsfond i 1998 blei gitt av styret 25. mars 1999, og følgjer som uttrykt vedlegg til meldinga.

6.3 Rekneskapen for 1998

Statens Banksikringsfond hadde i 1998 eit overskot på 186,9 millionar kroner. Hovuddelen av inntektene var utbyttet på aksjar i Den norske Bank, med 182

millionar kroner. Fondet hadde dessutan renteinntekter på til saman 9,1 millionar kroner.

Fondet hadde i 1998 kostnader på til saman 4,3 millionar kroner. Ein vesentleg del av desse kostnadene knyter seg til eit planlagt aksjesal.

Ved utgangen av 1998 hadde fondet 104 millionar aksjar i DnB som i rekneskapen var verdsette til 1 040 millionar kroner. Marknadsverdien på aksjane var på same tid 2 828,8 millionar kroner. Fondet eig dessutan 100 prosent av aksjane i Oslobanken, som er under avvikling.

Forvaltningskapitalen til fondet var ved utgangen av 1998 på 1 109,4 millionar kroner.

Dei likvide midlane til fondet er, med unntak av inneståande på driftskonto og mindre beløp knytte til fordringar, plasserte som kontolån til staten. Kontolån til staten utgjorde 63,4 millionar kroner ved utgangen av 1998. Fondet førte tilbake til staten 382 millionar kroner i 1998. Denne overføringa er ført direkte mot fondet sin eigenkapital.

6.4 Verksemda i 1998

6.4.1 Generelt

Fondet har følgd opp DnB, Kreditkassen og Fokus Bank ved å gå gjennom dei kvartalsvise rapporteringane frå bankane. Fondet har òg i 1998 arbeidd med forhold knytte til avviklinga av Oslobanken.

I årsmeldinga til Statens Banksikringsfond (SBF) frå 1998 er det gjort greie for avtaleverket mellom Statens Banksikringsfond og DnB, Kreditkassen og Fokus Bank. I årsmeldinga side 5 står det:

«SBFs avtaleverk med Kreditkassen og Den norske Bank ble i forbindelse med emisjonene i henholdsvis 1993 og 1994 reforhandlet og avløst av nye avtaler av henholdsvis 18. november 1993 og 31. januar 1994. SBFs avtale med Fokus Bank ble avløst av en ny avtale 30. mars 1995. De nye avtalene er tilpasset en normalisert situasjon i bankene og inneholder mer begrensede rapporteringskrav. De er beredskapsavtaler som sikrer SBF inngrepsmuligheter dersom bankene igjen skulle komme i en situasjon hvor de ikke oppfyller de lovbestemte krav til kapitaldekning. Avtalene faller bort på det tidspunkt Forretningsbankenes Sikringsfond (FS) har nådd sin lovbestemte størrelse eller på et tidligere tidspunkt når FS etter SBFs skjønn har tilstrekkelige midler til rådighet for sin lovbestemte virksomhet. Avtaletekstene om rapportering var opprinnelig noe forskjellig i de tre bankene. I 1995 ble avtaletekstene om rapportering noe endret, slik at de nå er identiske i de tre bankene.»

Det har frå styresmaktene si side vore lagt til grunn at eigardelane som Statens Banksikringsfond har i norske bankar, skal vere avgrensa i tid, og at den langsiktige eigarskapen skal forvaltast av Statens Bankinvesteringsfond. I samsvar med dette blei det ved lovendring 23. juni 1995 opna for at Statens Banksikringsfond kan overføre ansvaret for forvaltninga av aksjar til Statens Bankinvesteringsfond. Dette blei gjort i juli same år. Forvaltninga av aksjane til fondet skjer med grunnlag i ein avtale som dei to fonda inngjekk 12. januar 1995. Sjå omtale i Kredittmeldinga 1995, side 37.

«Lov om sikringsordningar for bankar og offentleg administrasjon mv av finansinstitusjonar» blei vedteken 6. desember 1996. I samband med framlegget til ny lov blei det tilrådd frå departementet at lov om Statens Banksikringsfond i løpet av relativt kort tid blir oppheva, og at verksemda i fondet blir avvikla. Departementet vil kome attende med forslag om oppheving av lov om Statens Banksikringsfond.

Våren 1997 vedtok Stortinget at det skulle opprettast ein granskingskommisjon som skulle gå gjennom årsakene til og handteringa av bankkrisa. Innstillinga frå utvalet blei levert til Stortinget 29. juni 1998 og behandla i Stortinget 6. mai 1999. For nærare omtale av innstillinga, sjå avsnitt 2.2. Etter oppmoding frå kommisjonen har SBF oversendt materiale om saker som blei behandla under bankkrisa. SBF har òg svara på brev frå kommisjonen.

Oslobanken under avvikling

Det blei vedteke i ekstraordinær generalforsamling 16. desember 1993 at Oslobanken skulle oppløysast, og ein valde eit avviklingsstyre som skulle stå for avviklinga av banken.

Fondet har i 1998 motteke halvårlege rapportar frå banken. Representantar frå fondet møtte på generalforsamlinga i Oslobanken den 27. mars 1998.

I 1998 fekk banken eit underskot på 22,1 millionar kroner. Aksjekapitalen i banken er tapt, og eigenkapitalen var negativ med 524,5 millionar kroner ved utgangen av 1998.

Oslobanken er no på det næraste avvikla. Det står berre att nokre få rettsaker. Styret i Oslobanken drøfta på møtet sitt 19. februar 1998 spørsmålet om avvikling av banken. Styret gjekk inn for å vente med å avvikle banken.

I samband med det avtaleverket som blei etablert i 1993 i samband med avviklinga av Oslobanken, stilte Forretningsbankenes sikringsfond ein garanti overfor Oslobanken som gjaldt eksisterande og framtidige skyldnader for banken. Ved avtale av 28. mai 1993 mellom Statens Banksikringsfond og Forretningsbankenes sikringsfond forplikta SBF seg til å skyte inn kapital i Oslobanken i den grad utbetalingane frå Forretningsbankenes sikringsfond i samband med garantien overfor Oslobanken sine kreditorar overstig 750 millionar kroner, men avgrensa til 250 millionar kroner. Dei overslaga som er gjorde til no, tyder på at utbetalingane frå Forretningsbankenes sikringsfond under garantien vil bli lågare enn 750 millionar kroner.

7 Verksemda i Statens Bankinvesteringsfond i 1998

7.1 Det rettslege grunnlaget for Statens Bankinvesteringsfond

Statens Bankinvesteringsfond blei oppretta ved eiga lov av 29. november 1991 med ein grunnkapital på 4 500 millionar kroner. Statens Bankinvesteringfond har som formål å stille ansvarleg kapital til rådvelde for norske bankar med utgangspunkt i forretningsmessige vurderingar, men kan i særlege tilfelle tileigne seg aksjar og grunnfondsbevis frå Statens Banksikringsfond, eller overta ansvarlege lån frå Statens Banksikringsfond utan at forretningsmessige vurderingar ligg til grunn for kjøpet.

7.2 Styre og administrasjon i Statens Bankinvesteringsfond

Statens Bankinvesteringsfond er eit eige rettssubjekt. Fondet har eit eige styre og ein administrerande direktør. Før styret gjer vedtak om bruk av midlar eller avhending av aktiva, skal saka skriftleg leggjast fram for Finansdepartementet. Finansdepartementet kan i særlege tilfelle instruere styret i enkelt saker. Styret skal ha løyve til å uttale seg før Finansdepartementet gjer slike vedtak.

Samansetjinga av styret er vist i boks 7.1.

Boks 7.1 Styret i Statens Bankinvesteringsfond

Advokat Erik Keiserud, leiar
Professor Hermod Skånland, nestleiar
Sjeføkonom Stein Reegård, medlem
Viseadministrerande direktør Anita Roarsen, medlem
Likestillingsombod Anne Lise Ryel, medlem

Erik Keiserud blei oppnemnd som leiar etter førstelagmann Arne Christensen 15. desember 1998.

Administrasjonen har tre fast tilsette. Siviløkonom Jan W. Hopland er administrerande direktør i fondet. I tillegg bruker fondet faste eksterne rådgivarar.

Årsmeldinga for arbeidet i Statens Bankinvesteringsfond i 1998 blei lagd fram av styret 16. februar 1999, og følgjer som uttrykt vedlegg til meldinga.

7.3 Rekneskap og balanse i 1998

Rekneskapen for 1998 viser eit årsresultat på 750,0 millionar kroner mot 855,2 millionar kroner i 1997. Inntektene utgjorde 756,4 millionar kroner og driftskostnadene 6,3 millionar kroner. Driftskostnadene er lågare enn året før. Av inntektene utgjør utbytte frå aksjar i DnB og Kreditkassen til saman 739,7 millionar kroner. Sum renteinntekter er lågare enn i fjor som følgje av mindre gjennomsnittsbeholdning av likvide midlar.

Bankinvesteringsfondet har ikkje gitt tilsegn om deltaking i ny ansvarleg kapital i 1998.

Marknadsverdien av Bankinvesteringsfondet sine investeringar utgjorde 13 927,3 millionar kroner pr. 31.12.98. Det er 8 830,2 millionar kroner meir enn bokført verdi. Meirverdien ved førre årsskifte utgjorde 11 536,2 millionar kroner.

Heile årsoverskotet på 750 millionar kroner er avsett som utbytte til staten.

Verdipapirporteføljen som Bankinvesteringsfondet forvaltar, hadde i 1998 eit samla nettoresultat på 931,1 millionar kroner etter frådrag av kostnader.

7.4 Verksemda i Statens Bankinvesteringsfond i 1998

Formålet med statleg medeigarskap skal vere å medverke til å sikre ein stabil eigarskap i dei to største forretningsbankane. Med statleg medeigarskap vil staten kunne påverke strategiske vegval i bankane og hindre vedtektsendringar som er i strid med nasjonale interesser. Det er ein føresetnad at den statlege medeigarskapen baserer seg på at bankane skal drivast på eit ordinært forretningsmessig grunnlag, jf. avsnitt 2.1 for nærare omtale.

DnB og Kreditkassen viste ei svak kursutvikling i 1998, men i overkant av den norske bankindeksen. Samla avkastning på aksjane i DnB og Kreditkassen medrekna utbytte var på høvesvis minus 16,8 og minus 4,4 prosent. Av delindeksane på Oslo Børs hadde finansindeksen minst nedgang i 1998. Mens totalindeksen fall med 26,7 prosent, fall finansindeksen berre med 2,4 prosent. Omsetnaden av aksjar i DnB og Kreditkassen har i 1998 vore svært god, med ein samla omsetnad på høvesvis 16,5 og 12,2 milliardar kroner. (Kjelde: Oslo Børs).

Ved utgangen av 1998 hadde Bankinvesteringsfondet eigardelar i DnB og Kreditkassen til ein bokført verdi på i alt 5 097,1 milliardar kroner. I tillegg til dette forvalta Bankinvesteringsfondet ein portefølje av aksjar i DnB for Banksikringsfondet med ein bokført verdi på 1 040,0 milliardar kroner. Samla marknadsverdi av porteføljen som Bankinvesteringsfondet forvalta pr. 31.12.98, var 16 756,1 milliardar kroner. Eigardelane i dei ulike bankane og marknadsverdien av desse er viste nedanfor:

Tabell 7.1: Eigardelane i dei ulike bankane

	31.12.98		31.12.97	
(Beløp i mill. kroner)	Eigedel	Marknadsverdi	Eigedel	Marknadsverdi
DnB	52,2 %	9 084,8	52,2 %	11 790,2
Kreditkassen	51,0 %	7 671,3	51,0 %	8 514,3
Sum		16 756,1		20 304,5

Utanlandsdelen på Oslo Børs auka noko i 1998. Delen auka sterkt i byrjinga av året, frå 31,2 prosent ved utgangen av 1997, men blei sterkt redusert i den urolege perioden i finansmarknaden på hausten, og enda på 31,7 prosent ved utgangen av 1998. (Kjelde: Oslo Børs). Den utanlandske delen av DnB-aksjane i marknaden blei redusert i løpet av året. Tabell 7.2 viser korleis aksjane i DnB og Kreditkassen, ved utgangen av 1998, var fordelte mellom Noreg og utlandet.

Tabell 7.2: Eigardelane til ulike grupper i prosent av total aksjekapital

	31.12.98		31.12.97	
	DnB	Kreditkassen	DnB	Kreditkassen
SBF/SBIF	52,2 %	51,0 %	52,2 %	51,0 %
Noreg elles	28,1 %	26,2 %	24,9 %	25,6 %
Utlandet	19,7 %	22,8 %	22,9 %	23,4 %
Sum	100,0	100,0 %	100,0	100,0 %
Utlandet sin del av aksjane i marknaden	41,2 %	46,5 %	47,9 %	47,8 %

Kilde: Oslo Børs

7.5 Nedsal av aksjar i DnB og Kreditkassen

Nokre bankar står i dag i Noreg som heilåtte dotterselskap i konsern. I samband med Finansdepartementet si godkjenning av DnB sitt oppkjøp av Vital Forsikring ASA blei det sett vilkår om at konsernet innan 1. november 1999 skulle organiserast med eit holdingselskap som konsernspiss. I 1999 blei lova om Statens Bankinvesteringsfond difor endra slik at Bankinvesteringsfondet òg kan vere eigar i holdingselskap som mellom anna eig bank.

I St.meld. nr. 1 (1997 - 98) Nasjonalbudsjettet 1998, som blei lagt fram 3. oktober 1997, gav regjeringa Jagland uttrykk for at den statlege aksjeeiga i DnB og Kreditkassen burde reduserast ned mot ein tredel, då det var regjeringa sitt syn at ein eigardel på ein tredel oppfyller målet med den statlege eigarskapen i finansnæringa. Sal burde skje etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå best mogleg avkastning for staten som eigar, i tråd med det som er lagt til grunn ved tidlegare sal av aksjar frå fondet. Aksjesala burde gjennomførast i 1998 med mindre særlege forretningsmessige tilhøve skulle tilseie at den aktuelle aksjehandelen heilt eller delvis burde utsetjast til 1999.

I St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 3 (1997 - 98) om endring i St.prp. nr. 1 om statsbudsjettet medregnet folketrygden 1998, la regjeringa Bondevik til grunn at Bankinvesteringsfondet og Banksikringsfondet ville selje aksjar i DnB og Kreditkassen slik at fondet sin eigardel i dei to bankane blei redusert til ein tredel. Ein tok sikte på at aksjesala skulle gjennomførast i 1998 med mindre marknadssituasjonen skulle tilseie seinare sal. Det blei sagt at ein i samband med sala skulle prøve å oppnå ein spreidd eigarskap i dei to bankane, og ein såg det som positivt om aksjane kunne få ei brei spreiding.

Med utgangspunkt i ei marknadsmessig og forretningsmessig vurdering starta arbeidet med eit nedsal i DnB først.

Den 17. mars 1998 kunngjorde Bankinvesteringsfondet i ei pressemelding at Warburg Dillon Read var vald til Global Co-ordinator og rådgivar for det planlagde samla nedsalet av aksjar i DnB. Tanken var at det planlagde salet skulle skje både som eit offentleg sal til publikum i Noreg og som ei institusjonell plassering til norske og utanlandske institusjonar. Det blei lagt særleg vekt på å leggje til rette for best mogleg spreiding blant private investorar i Noreg. DnB Markets fekk i oppdrag å leie det offentlege salet til publikum i Noreg saman med Christiania Markets og Karl Johan Fonds. Warburg Dillon Read skulle leie det institusjonelle salet med eit syndikat samansett av Alfred Berg, Fox-Pitt, Kelton, DnB Markets, Carnegie og Fondsfinans.

Avgjerda i styret og representantskapet i DnB 6. mai 1998 om at Finn A. Hvistendahl skulle slutte som konsernsjef, og at Svein Aaser blei tilsett som ny konsernsjef i DnB, medførte at salssyndikatet under leiing av Warburg Dillon Read rådde Bankinvesteringsfondet til å utsetje nedsalet av aksjar i DnB. Det internasjonale kursfallet på ettersommaren gjorde det naturleg å utsetje tidspunktet for eit nedsal til 1999 eller til dei forretningsmessige og marknadsmessige tilhøva synest å liggje betre til rette for det.

Fusjonen mellom DnB og Postbanken inneber at vurderinga av sal av aksjane førebels er utsett.

Den 21. januar 1999 offentliggjorde Bankinvesteringsfondet at Salomon Smith Barney var vald til Global Co-ordinator og rådgivar for nedsalet i Kreditkassen. Christiania Markets leidde det offentlege salet til publikum i Noreg saman med DnB Markets og Karl Johan Fonds. Salomon Smith Barney leidde det institusjonelle syndikatet saman med Alfred Berg, Carnegie og Banque Paribas som Co-leads, mens Christiania Markets, Fondsfinans og Pareto var Co-managers i den institusjonelle transjen.

Salet av aksjar i Kreditkassen blei gjennomført i mars 1999 som eit offentleg sal til publikum i Noreg, og som ei institusjonell plassering til norske og utanlandske institusjonar. Det blei selt 90 millionar aksjar til kr 30,60 pr. aksje for til saman 2,8 milliardar kroner. Overteikninga var 3,2 gonger tilbodet. Ved tildelinga blei massemarknaden prioritert og fekk fordelaktig allokering for å oppnå best mogleg spreiding blant private investorar i Noreg. 50 prosent av aksjane blei selde til norske privatpersonar og institusjonar.

7.6 Strukturelle tilhøve

Ei av oppgåvene til Bankinvesteringsfondet er å medverke til at dei vegval og strategiske vedtak bankane gjer, er i tråd med eigaren sine interesser. Også i 1998 har det skjedd viktige strukturendringar i finanssektoren både i Europa og i Norden. Bankinvesteringsfondet har følgd denne utviklinga, og har spesielt fokusert dei strukturelle endrinane og utviklingstendensane som gjeld banknæringa i Noreg.

Finansdepartementet avslo konsesjonssøknad frå DnB 29. januar 1998 om å kjøpe alle aksjane i Bolig- og Næringsbanken. Ved avgjerda blir det lagt til grunn ei struktur- og distriktpolitisk målsetjing om å oppretthalde minst eitt finansielt tyngdepunkt utanfor Oslo.

Styret i Kreditkassen sette 1. mai 1998 fram forslag om fusjon overfor styret i Storebrand. Forslaget frå Kreditkassen var mellom anna basert på eit byteforhold på 1,92 aksjar i Kreditkassen for 1 aksje i Storebrand.

Med det byteforholdet som var føreslått, ville ein eventuell fusjon ha ført til at Bankinvesteringsfondet sin eigardel i Kreditkassen blei redusert frå 51 til 26,5 prosent i morselskapet til det nye konsernet.

Ut frå dei forretningsmessige vurderingar som låg føre, såg Bankinvesteringsfondet positivt på den industrielle grunngevinga for ein fusjon.

Den 3. mai fekk Kreditkassen melding om at styret i Storebrand ikkje aksepterte det framsette tilbodet, og framlegget om fusjon mellom Kreditkassen og Storebrand ASA fall bort.

Den 15. september 1998 blei styra i Kreditkassen, Fokus Bank ASA («Fokus Bank») og Postbanken BA («Postbanken») samde om ein integrasjonsavtale.

I integrasjonsavtalen mellom partane blei det avtala byteforholdet fastsett til 1 aksje i Fokus Bank mot 2,3836 i Kreditkassen. Eigarane i Fokus, Postbanken og Kreditkassen ville fått høvesvis 19,2, 19,7 og 61,1 prosent av aksjane i den nye banken. Den statlege eigardelen i den fusjonerte eininga ville til saman ha utgjort 50,9 prosent, fordelt med 19,7 prosent på Samferdselsdepartementet og 31,2 prosent på Bankinvesteringsfondet.

Styret i Bankinvesteringsfondet gav også dette framlegget positiv behandling, og deltok i dei valkomiteane som førebudde den formelle fusjonsprosessen.

Den 10. november 1998 fann styra i Kreditkassen og Fokus Bank at det ikkje var tilstrekkeleg grunnlag for å skrive under på den framlagde fusjonsplanen mellom dei tre bankane. Dette kom av at det ikkje låg føre ein tilfredsstillande avtale om bruken av Posten sitt distribusjonsnett i samsvar med integrasjonsavtalen mellom dei tre bankane av 15. september 1998.

Styra i DnB og Postbanken inngjekk ein avtale med sikte på samanslåing av dei to finanskonserna 23. mars 1999.

Det blei annonsert at den nye banken kjem til å ha ein forvaltningskapital på 315 milliardar kroner. Personkundar i DnB vil få tilgang til distribusjon gjennom 900 postkontor i tillegg til det ordinære filialnettet til DnB.

Etter avtalen får staten aksjar i DnB tilsvarende 4,2 milliardar kroner basert på siste omsetningskurs for DnB-aksjen på 30,40 kroner den 19. mars 1999, i tillegg til ein kontantsum på 0,3 milliardar kroner frå Postbankens frie eigenkapital. Proforma eigarskap i det fusjonerte konsernet vil gi eigarane av DnB og Postbanken høvesvis 82,3 og 17,7 prosent. Statleg eigardel i DnB straks etter ei gjennomføring vil vere 60,6 prosent.

Styret i Bankinvesteringsfondet ser positivt på planane om ein fusjon, på grunnlag av at det kjem til å styrkje den konkurransemessige situasjonen til banken og dermed auke aksjekursen, og røysta for fusjonsframlegget på den ekstraordinære generalforsamlinga 30. juni 1999, der i alt 99,9 prosent av dei avgitte stemmene var for framlegget.

For ei nærare omtale av fusjonen sjå avsnitt 2.1.

8 Verksemda til Folketrygdfondet i 1998

8.1 Innleiing

Stortinget fastsette 20. juni 1997 eit nytt regelverk for administrasjon av Folketrygdfondet og for forvaltning av midlane, revisjon o.a. i medhald av § 23 - 11 fjerde ledd i lov av 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd. Det nye regelverket erstatta det regelverket som blei fastsett av Stortinget 15. februar 1990 med seinare endringar, siste gongen 21. juni 1996. Ein erstatta det gamle regelverket av formelle grunnar mellom anna som følgje av at ein endra lova om folketrygd. Etter reglane skal styret for fondet sende årsmelding og rekneskap til Finansdepartementet, som på si side skal leggje fram melding for Stortinget. Årsmeldinga og rekneskapen for 1998 blei sende til departementet i brev av 5. mars 1999, og følgjer som uttrykt vedlegg til denne meldinga.

8.2 Styre og administrasjon

I samsvar med regelverket for Folketrygdfondet forvaltar eit styre med ni medlemmer midlane til fondet. For kvar medlem skal det oppnemnast ein varamedlem. Samansetjinga av styret er vist i boks 8.1.

Boks 8.1 Styret i Folketrygdfondet.

Björg Ven, Oslo, leiar
varamedlem: Inger-Johanne Lund, Oslo
Per Gunnar Olsen, Oslo, nestleiar
varamedlem: Kjell Samuelsen, Borgenhaugen
Stein Blindheim, Molde
varamedlem: Linda Orvedal, Flåm
Anne Breiby, Ålesund
varamedlem: Kjell E. Helland, Ranheim
Tove Lehre, Lillehammer
varamedlem: Svein Kiran, Oslo
Per Arne Olsen, Tolvsrød
varamedlem: Terje Søviknes, Lysekloster
Anna Kristine Jahr Røine, Fetsund
varamedlem: Ola Prestegarden, Tretten
Oddvar Skaiaa, Grimstad
varamedlem: Johanna Myklebust, Blaksæter
Harald Ellefsen, Trondheim
varamedlem: Anne Berit Andersen, Søgne

Björg Ven blei oppnemnd som leiar for fondet etter Henrik J. Lisæth den 15. mai 1998. Samstundes blei Oddvar Skaiaa og Harald Ellefsen oppnemnde som nye medlemmer i styret med Johanna Myklebust og Anne Berit Andersen som personlege varamedlemmer. Medlemmene Henrik J. Lisæth og Arne Synnes og varamedlemmene Eva Teigene og Eleonore Bjartveit gjekk samstundes ut av styret.

Direktøren for fondet blir oppnemnd av Kongen med utgangspunkt i råd frå styret. Cand.oecon. Tore Lindholt blei oppnemnd som administrerande direktør for fondet den 27. mars 1992 for ein åremålsperiode på seks år. Ved kgl. res. den 13. mars 1998 blei Lindholt oppnemnd for ein åremålsperiode på seks nye år.

Administrasjonen i Folketrygdfondet har gradvis blitt styrkt dei siste åra ved ein auke i talet på tilsette. Ved utgangen av 1998 hadde fondet 20 tilsette, men den effektive bemanninga i 1998 var om lag 16 årsverk. Dei samla administrasjonsutgiftene til fondet, inklusive husleige, løn, styrehonorar o.a., utgjorde 19,6 millionar kroner i 1998.

8.3 Reglar for plasseringsverksemda

Styret for Folketrygdfondet har ansvaret for forvaltninga av midlane til fondet innanfor dei retningslinjene Stortinget har fastsett og eventuelle nærare retningslinjer som er gitt av Kongen i medhald av § 9 i fondet sitt regelverk. Stortinget vedtok enkelte endringar i regelverket for Folketrygdfondet i 1998.

Etter forslag frå Regjeringa i Nasjonalbudsjettet 1999 blei Folketrygdfondet gitt høve til å investere også i utanlandske selskap som er noterte på norsk børs. Fondet kunne tidlegare berre investere i norske selskap noterte på Oslo Børs. Ei slik endring i regelverket gjer handlingsrommet til Folketrygdfondet noko større, samstundes som det blir lettare for Finansdepartementet å følgje opp resultat til fondet. Folketrygdfondet sine resultat kan etter denne endringa meir direkte målast mot utviklinga på Oslo Børs generelt. Departementet la i Nasjonalbudsjettet 1999 vekt på at slike årlege målingar av Folketrygdfondet sine resultat ikkje er til hinder for at Folketrygdfondet kan og bør ha eit langsiktig perspektiv på investeringane sine.

Folketrygdfondet fekk i samband med Stortinget si behandling av Nasjonalbudsjettet 1999 òg høve til å delta i marknaden for gjenkjøpsavtalar. Ein gjenkjøpsavtale er eit utlån av til dømes obligasjonar for ein gitt periode. Utlånet har form av eit sal og eit gjenkjøp der salsprisen og den framtidige gjenkjøpsprisen blir fastsette samstundes. Den framtidige gjenkjøpsprisen av til dømes obligasjonar blir fastsett på bakgrunn av terminrenta. Departementet la i forslaget sitt vekt på at risikoen knytt til slik handel er liten, og på at ei slik endring i regelverket til Folketrygdfondet kan gjere likviditetsstyringa lettare for Noregs Bank. Finansdepartementet bør kunne fastsetje nærare retningslinjer for slike handlar, mellom anna rammer for kor mykje fondet skal kunne investere i denne marknaden.

Desse endringane i Folketrygdfondet sitt regelverk er nærare omtala i St.meld. nr. 1 (1998 - 99) Nasjonalbudsjettet 1999.

§ 5 i regelverket for Folketrygdfondet lyder etter desse endringane:

«Styret har ansvaret for at fondets midler anbringes med sikte på best mulig avkastning under hensyntaken til betryggende sikkerhet og den nødvendige likviditet.

Fondets midler kan plasseres i norske ihendehaverobligasjoner og sertifikater, som kontolån til statskassen og som innskudd i Postbanken og forretnings- og sparebanker. Innenfor en ramme på 20 prosent av forvaltningskapitalen kan fondets midler plasseres i aksjer i selskaper notert på norsk børs og, etter godkjenning fra Finansdepartementet, aksjer i norske selskaper ellers hvor aksjene er gjenstand for regelmessig og organisert omsetning, børsnoterte grunnfondsbevis i norske sparebanker, kredittforeninger og gjensidige forsikringselskaper, og børsnoterte konvertible obligasjoner og børsnoterte obligasjoner med kjøpsrett til aksjer i norske selskaper. Fondet kan delta i emisjoner i ikke-børsnoterte aksjer i norske selskaper umiddelbart før børsintroduksjon, dersom det er klargjort på emisjonstidspunktet at de aktuelle aksjene vil bli børsnotert kort tid etter emisjonen.

Annet ledd er ikke til hinder for at Folketrygdfondet kan beholde aksjer i norsk selskap som i forbindelse med oppkjøp, fusjon e.l. endrer status til å bli utenlandsk selskap.

Fondet kan videre, innenfor den samlede rammen på 20 prosent av fondskapitalen, gå inn med egenkapitalinnskudd i form av ikke-børsnoterte papirer, i tilfelle hvor fondet står i fare for å lide betydelige tap på plasseringer i obligasjoner. Dette må i så fall være ledd i en koordinert aksjon, hvor en dominerende gruppe av kreditorene deltar, og hvor siktemålet for fondet alene er å trygge fondets egne interesser.

Folketrygdfondet kan eie andeler for inntil 15 prosent av total aksjekapital eller grunnfondsbeviskapital i ett enkelt selskap. Styret kan ta opp kortsiktige lån dersom dette finnes hensiktsmessig.

Folketrygdfondet kan, etter nærmere retningslinjer fastsatt av Finansdepartementet, inngå salgs- og gjenkjøpsavtaler knyttet til egenkapitalinstrumenter og rentebærende instrumenter der erververen av instrumentene etter avtalen har plikt til å tilbakeføre disse til selger.»

Heimelen i § 9 i reglementet til å gi nærare retningslinjer om forvaltninga blei delegert til Finansdepartementet ved kongeleg resolusjon 17. januar 1992. Slike retningslinjer er av generell karakter, til dømes ved at ein fastset kvantitative rammer for verksemda.

Finansdepartementet fastset, med heimel i § 9 i retningslinjene, kvart år ramma for Folketrygdfondet sin auke i investeringar i private og kommunale obligasjonar og sertifikat (utan statsgaranti), bankinnskott og aksjar. Folketrygdfondet kan på førehand kome med innspel til ramme. I brev av 22. desember 1997 til departementet foreslår fondet ein auke av ramma for private og kommunale plasseringar på 2,5 milliardar kroner i 1998. Fondet skriv at det er «<...>av stor betydning for avkastningsutviklingen at FTF har anledning til å plassere en del av kapitaltilveksten i ikke-statlige verdipapirer. For avkastningsraten har selve aktivaallokeringen, dvs. porteføljens fordeling på hovedgrupper av aktiva, vesentlig større betydning enn sammensetningen innenfor hovedgruppene. Det er derfor viktig at fondet har en rammemessig handlegfrihet som muliggjør en best mulig aktivaallokering ut fra de avkastningsmuligheter som markedsutviklingen åpner for».

Finansdepartementet fastsette i brev av 23. februar 1998 ei ramme for private og kommunale plasseringar på 2,0 milliardar kroner, det vil seie den same

ramma som gjaldt i 1997. Annan plasseringsauke skulle skje i statsgaranterte papir eller som kontolån til statskassa. Departementet legg i si vurdering av ramma vekt på at Folketrygdfondet sine plasseringar i den private marknaden i realiteten inneber at staten må auke si opplåning frå anna hald tilsvarande. Dette følgjer av at statlege budsjettoverskot blir kanaliserte til petroleumsfondet, og at staten difor vil ha monalege opptak av lån i tida framover, mellom anna knytte til refinansiering av eksisterande gjeld. Når Folketrygdfondet plasserer avkastninga si i statlege verdipapir, er fondet i så fall med på å dekkje dei lån staten har bruk for. Departementet la i si vurdering også til grunn at Folketrygdfondet sjølv utan nokon auke i behaldninga av private og kommunale papir kan auke sine nettoplasseringar i aksjemarknaden opp til grensa som Stortinget har vedteke på 20 prosent av forvaltningskapitalen ved å omplassere eksisterande bankinnskot og private og kommunale obligasjonar. Den øvre grensa for eigenkapitalplasseringar for Folketrygdfondet svara ved utgangen av 1998 til vel 20 milliardar kroner. Fondet sine eigenkapitalplasseringar var på same tid på vel 12 milliardar kroner, mens dei samla plasseringane i private og kommunale obligasjonar og sertifikat var på meir enn 26 milliardar kroner.

Folketrygdfondet kan plassere fritt i første- og andrehandsmarknaden for norske statsobligasjonar, statssertifikat og statsgaranterte papir innanfor ein samla portefølje på inntil 5 milliardar kroner. Reglane for plasseringane i statspapir blei fastsette i brev frå Finansdepartementet 15. desember 1992. Dei andre plasseringane i denne gruppa skal som hovudregel vere kontolån til staten med vilkår knytte til underliggjande statslån. Etter kvart som den eksisterande porteføljen av stats- og statsgaranterte papir forfell, må den delen som overstig 5 milliardar kroner, såleis replasserast som kontolån.

8.4 Folketrygdfondet sin balanse i 1998

Stats- og statsgaranterte obligasjonar og sertifikat (medrekna kontolån til statskassa knytt til underliggjande statslån) er hovudplasseringsforma til Folketrygdfondet. Ved utgangen av 1998 var 66,1 milliardar kroner plasserte i denne kategorien papir (rekna til kostpris), eller 63 prosent av dei samla plasseringane til fondet. Tilsvarande tal ved utgangen av 1997 var 61,2 milliardar kroner, dvs. 62,4 prosent av dei samla plasseringane.

Fondet sine samla plasseringar i private og kommunale obligasjonar og sertifikat utgjorde om lag 26,4 milliardar kroner ved utgangen av 1998, mot 26,6 milliardar kroner ved utgangen av 1997. Dette svara til høvesvis 25,2 og 27,1 prosent av dei samla plasseringane. Bankinnskota var på 234 millionar kroner ved det siste årsskiftet.

Folketrygdfondet har frå juni 1991 hatt høve til å plassere i eigenkapitalinstrument i form av børsnoterte aksjar, grunnfondsbevis og konvertible obligasjonar (jf. St.prp. nr. 69 for 1990 - 91 og Innst. S. nr. 228 for 1990 - 91). Den øvre ramma for plasseringar i aksjar blei, jf. over, utvida frå 15 til 20 prosent av fondet sin forvaltningskapital ved Stortinget sitt vedtak 28. oktober 1994. Øvre grense for eigenkapitalplasseringar var ved utgangen av 1998 21,6 milliardar kroner rekna på grunnlag av fondskapitalen rekna til kostpris inklusive opprente, ikkje utbetalte renter. Eigenkapitalplasseringane til fondet var på same

tid på i alt 12,1 milliardar kroner (kostpris) fordelte på 50 ulike selskap. Av dette utgjorde plasseringar i grunnfondsbevis vel 0,4 milliardar kroner. Eigenkapitalplasseringane svara til 11,2 prosent av dei samla plasseringane til fondet. Plasseringane i eigenkapitalinstrument auka frå utgangen av 1997 til utgangen av 1998 med 1,9 milliardar kroner. Marknadsverdien av dei samla eigenkapitalplasseringane til fondet i form av aksjar, grunnfondsbevis og konvertible obligasjonar var ved utgangen av 1998 på 14,1 milliardar kroner. Fondet hadde såleis ein urealisert kursvinst på slike verdipapir på 2,0 milliardar kroner. Folketrygdfondet sine samla urealiserte kursvinstar (netto) og opprente ikkje utbetalte renter utgjorde 6,3 milliardar kroner ved utgangen av 1998.

Folketrygdfondet sine aksjar på Oslo Børs utgjorde om lag 3,4 prosent av heile børsen i 1998. Folketrygdfondet skriv i sin årsrapport mellom anna følgjande: «For å unngå at fondet får en høyere markedsandel i aksjemarkedet enn det som er likviditetsmessig tjenlig og risikomessig forsvarlig, har fondet ikke funnet det riktig å utnytte mer enn ca. 60 prosent av den ramme som er fastsatt for fondets plasseringer i aksjer og andre egenkapitalinstrumenter».

8.5 Resultatet til Folketrygdfondet

Det verdikorrigerte resultatet til Folketrygdfondet (dvs. medrekna urealiserte vinstar) var i 1998 på 145 millionar kroner. Dette svara til ein avkastningsrate på 0,1 prosent rekna på basis av fondet sin kapital ved inngangen til året. Avkastninga i 1997 var på 8,4 prosent. Avkastninga på fondet sine plasseringar i renteinstrument (obligasjonar, sertifikat og bankinnskott) var i 1998 på 4,4 prosent, mens avkastninga på aksjar var på - 23,4 prosent. Dette var 3,3 prosent betre enn avkastninga til totalindeksen på Oslo Børs. Folketrygdfondet hadde frå 1993 til utgangen av 1998 ei gjennomsnittleg årleg avkastning på eigenkapitalplasseringane på vel 16 prosent, dvs. på linje med børsindeksen.

Samla renteinntekter i 1998 var 6 550 millionar kroner, mens motteke aksjeutbytte var på 352 millionar kroner. Fondet hadde gjennom året ein auke i urealiserte verdipapirvinstar på aksjar og obligasjonar på - 6,7 milliardar kroner. Dei urealiserte kursvinstane var fordelte med - 4,6 milliardar kroner på aksjeporteføljen og - 2,1 milliardar kroner på dei resterande verdipapira.

Finans- og tolldepartementet

til rår:

Tilråding frå Finans- og tolldepartementet av 29. oktober 1999 om Kredittmeldinga 1998 blir send Stortinget.

Vedlegg 1

Saker behandla av Finansdepartementet i 1998 etter finansieringsverksemdslova, forsikringsverksemdslova, banklovene og enkelte andre lover

Oversikta gir opplysning om søkjar, vedtak, heimat, dato, saksnummer og om det er stilt vilkår. Oversikta er ikkje fullstendig. Det er mellom anna ikkje teke med vedtak om oppnemning til råd og verv, innsyn i dokument, fritak frå teieplikt o.a.

Forkortingar:

finl. - lov 10. juni 1988 nr. 40 om finansieringsvirksomhet og finansinstitusjoner

forsl. - lov 10. juni 1988 nr. 39 om forsikringsvirksomhet

spbl. - lov 24. mai 1961 nr. 1 om sparebanker

fbl. - lov 24. mai 1961 nr. 2 om forretningsbanker

ktl. - lov 7. desember 1956 nr. 1 om tilsynet for kredittinstitusjoner, forsikringsselskaper og verdipapirhandel m.v. (Kredittilsynet)

vphl. - lov 19. juni 1997 nr. 79 om verdipapirhandel

fvl. - lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova)

Løyve til å drive forsikringsverksemd og endring av vilkår

Kor mange: 6

30.3.1998 - 98/1657

Statnett SF - Løyve til å drive forsikringsverksemd og gjenforsikring innanfor all skadeforsikring bortsett frå klasse 14 (kredittforsikring) og klasse 15 (kausjonsforsikring). Unntak frå eigaravgrensingsregelen slik at Statnett SF kan eige 100 pst. av aksjane i Statkraft Forsikring AS. Vilkår.

Heimat: forsl. § 2-1, aksjelova § 1-2, finl. § 2-2, (1), (2) nr. 9, forsl. § 1-2, (3).

8.5.1998 - 98/541

KLP Forsikring - Løyve for Kommunal Landspensjonskasse til å drive forsikringsverksemd etter forsikringsklasse I (uavhengig av kundegrupper). Vidareføring av tidlegare gitte dispensasjonar frå reglane i forsikringsverksemdslova. Vilkår.

Heimat: forsl. § 2-1(1), forskrift 18. september 1995 nr. 797 «om inndeling i forsikringsklasser som grunnlag for konsesjonstildeling (klasseforskrifta)» § 1, forsl. § 13-8.

19.6.1998 - 98/291

Telenor AS - Løyve til at Telenor Forsikring AS kan drive forsikringsverksemd og gjenforsikring innanfor all skadeforsikring bortsett frå kredittforsikring (klasse 14) og kausjonsforsikring (klasse 15). Unntak frå eigaravgrensingsregelen slik at Telenor AS kan eige 100 pst. av aksjane i Telenor Forsik-

ring AS. Avslag på søknad om unntak frå plikta til å ha aktuar og frå kravet om kontrollkomité.

Heimel: forsl. § 2-1, jf. forskrift 18. september 1995 nr. 797 «om inndeling av forsikringsklasser som grunnlag for konsesjonstildeling (klasseforskrifta)» § 3, aksjelova § 1-2, finl. § 2-2(2) jf. (1), forsl. § 1-2(3), §§ 5-5, 5-6, 5-7, 8-7 og forskrift 1. juni 1990 nr. 434 om aktuar § 11.

2.9.1998 - 98/5457

Skogbrand Forsikringsselskap Gjensidig - Avslag på søknad om dispensasjon frå dei generelle plasseringsavgrensingane for visse renteberande eigedelar.

Heimel: forsl. § 7-4(1)(2) jf. § 13-8 jf. forskrift 23.04.1997 nr. 377 «om forsikringsselskapers kapitalforvaltning (kapitalforvaltningsforskrifta)» § 7(3).

3.9.1998 - 98/291

Telenor AS - Endring av vilkår sett i brev av 19. juni 1998 frå Finansdepartementet til Telenor AS. Kravet om at dagleg leiar i Telenor Forsikring AS må vere tilsett på heiltid fell bort. Framleis vilkår om at dagleg leiar må vere tilsett i selskapet.

Heimel: fvl. § 35.

17.11.1998 - 98/7661

Telenor Mobil AS - Løyve til at Telenor Mobil AS kan drive finansieringsverksemd knytt til tenesta «Telebrus». Telenor Mobil AS blir elles unnateke frå reglane i finansieringsverksemdslova for verksemda knytt til tenesta «Telebrus». Vilkår.

Heimel: finl. § 1-2, finl. § 1-3(2), finl. § 3-3.

Løyve til å drive finansieringsverksemd og endring av vilkår

Kor mange: 6

6.4.1998 - 98/4057

Canon Norge Finans AS - Løyve til at Canon Norge Finans AS kan drive finansieringsverksemd. Canon Norge Finans AS blir unnateke frå reglane i finansieringsverksemdslova.

Heimel: finl. § 3-3, finl. § 1-3 (2).

15.5.1998 - 98/267

Bergensbanken ASA - Oppheving av vilkåret i departementsvedtaket av 25. april 1994 som set ei øvre grense for Bergensbanken ASA sine utlån til shippingrelaterte engasjement på 20 prosent av utlånsporteføljen til konsernet.

Heimel: finl. § 2a-3(5).

29.9.1998 - 98/7623

Ellos Konto AS - Løyve til at Ellos Konto AS kan drive finansieringsverksemd. Ellos Konto AS blir unnateke frå reglane i finansieringsverksemdslova. Vilkår.

Heimel: finl. § 3-3 jf. finl. § 1-2(1), finl. § 1-3(2).

23.10.1998 - 98/6436

Sparebank 1 Gruppen AS - Løyve til at Sparebank 1 Kredittkort AS kan drive finansieringsverksemd. Løyve for Sparebank 1 Kredittkort AS til å ha identisk kontrollkomité med morselskapet Sparebank 1 Gruppen AS. Samtykke til at representantskapet i Sparebank 1 Kredittkort AS kan ha seks medlemmer. Godkjenning av kontokortordninga til Sparebank 1 Kredittkort AS. Løyve for Sparebank 1 Gruppen AS til å eige 100 pst. av aksjane i Sparebank 1 Kontokort AS. Godkjenning av endring i organiseringa av finanskonsernet Sparebank 1 Gruppen AS. Vilkår.

Heimel: finl. § 3-3(1), finl. § 2a-11, finl. § 3-10(1), finl. § 3-1 jf. forskrift 5.10.1989 nr. 1025 «om finansieringsforetaks virksomhet med kontokort» § 2, finl. § 2a-3(2), finl. § 2a-6(2), finl. § 2a-7.

9.11.1998 - 98/7959

Telenor Link AS - Løyve til å drive finansieringsverksemd som består i å motta midlar frå andre for vidareplassering i finansinstitusjon i tilknytning til tenesta «Direkte Internett Penger». Verksemda blir unnateke frå reglane i finansieringsverksemdslova. Vilkår.

Heimel: finl. § 1-3(2), finl. § 3-3.

16.12.1998 - 98/5509

Eksportfinans ASA - Saka er omtala under punktet «Vedtak i samsvar med finansieringsverksemdslova kapittel 2a om finanskonsern».

Løyve til å drive verksemd med kontokort

Kor mange: 2

28.1.1998 - 98/533

Europay Norge AS - Løyve til at Europay Norge AS kan endre selskapet sine vedtekter slik at selskapet kan ha hand om internettbetalingar og yte kort-innehavarane kreditt.

Heimel: finl. § 3-3(1), jf. forskrift 5.10.1989 nr. 1025 «om finansieringsforetaksverksemd med kontokort» § 2.

23.10.1998 - 98/6436

Sparebank 1 Gruppen AS - Saka er omtala under punktet «Løyve til å drive finansieringsverksemd og endring av vilkår».

Dispensasjon frå eigaravgrensingsreglane

Kor mange: 2

24.2.1998 - 98/2616

Landsbanken AS - Avslag på søknad om forlenging av dispensasjon frå eigaravgrensingsreglane slik at Landsbanken AS kan eige inntil 98 prosent av Landsbanken Finans AS.

Heimel: finl. § 2-2 (1) og (2) nr. 3.

29.5.1998 - 98/5122

Orkla ASA - Avslag på søknad frå Orkla ASA om dispensasjon frå eigaravgrensingsreglane slik at dei kan eige meir enn 10 prosent av aksjekapitalen i Storebrand ASA.

Heimel: finl. § 2-2(1), (2) nr. 9.

Vedtak i samsvar med finansieringsverksemdslova kapittel 2a om finanskonsern

Kor mange: 13

29.1.1998 - 98/1363

Den norske Bank ASA - Avslag på søknad om løyve til å kjøpe 100 prosent av aksjane i Bolig- og Næringsbanken ASA. Det blei lagt vekt på struktur- og distriktspolitiske mål om å oppretthalde minst eitt finansielt tyngdepunkt utanfor Oslo.

Heimel: finl. § 2a-3(2).

11.2.1998 - 97/4472

Storebrand ASA - Løyve til at Storebrand ASA kan eige 100 prosent av aksjane i verdipapirføretaket Storebrand Asset Management. Vilkår. Avslag på søknad om å overdra Storebrand ASA sine aksjar i Storebrand Asset Management til Storebrand Investment Management.

Heimel: finl. § 2a-3(2), § 2a-7(2).

5.5.1998 - 98/3378

Storebrand ASA - Samtykke til at Storebrand ASA set ned aksjekapitalen med 500 millionar kroner ved innløyasing av 100 millionar preferanseaksjar.

Heimel: finl. § 2a-12(2).

7.5.1998 - 98/502

Vesta Forsikring AS - Løyve til at Vesta Forsikring AS kan kjøpe alle aksjar i Aktiv Forsikring AS. Godkjenning av konsernstruktur. Vilkår.

Heimel: finl. § 2a-3(2), forsl. § 3-6(2), finl. § 2a-7(2).

2.7.1998 - 98/5399

Vital Forsikring AS - Medhald i klage over Kredittilsynet sitt vedtak om maksimalt innskot i DnB, slik at Vital kan ha eit samla innskot på oppgjerskonti (likviditet for betalingsformidling) i DnB på gjennomsnittleg 400 millionar kroner pr. kalendermånad, med eit absolutt tak på 1 milliard. Vitals innskot på skattetrekkskonto i DnB kjem i tillegg. Uttala at det konkrete omsynet til Vitals behov for likviditet, betalingsformidling og skattetrekkskonto her må gå framfør det generelle separasjonsprinsippet.

Heimel: finl. § 2a-8(4).

2.7.1998 - 98/6159

Den norske Bank ASA - Avslag på søknad frå Den norske Bank ASA om organisering av konsernselskapa DnB og Vital Forsikring ASA etter ein dotterdottermodell. Uttala at DnB-konsernet bør organiserast etter ein holding-modell.

Heimel: finl. § 2-2(2)a og c, § 2a-3(6), § 2a-5, § 2a-6.

10.7.1998 - 98/4058

Den norske Bank ASA - Løyve til at Den norske Bank ASA kan etablere Vital Kapitalforvaltning ASA i konsernet, i første omgang som eit heilått dotterselskap av banken. Vilkår.

Heimel: finl. § 2a-3(2), § 2a-7(2).

16.7.1998 - 98/3487

Gjensidige Skadeforsikring - Løyve til at Gjensidige Skadeforsikring kan eige meir enn 15 prosent av Gjensidige Vekterservice AS. Uttala at verksemda i Gjensidige Vekterservice AS blir rekna for å vere forsikringsframand verksemd, og at ein slik dispensasjon difor er føresetnaden for ein eigardel på meir enn 15 prosent Godkjenning av endringar i eigastrukturen, mellom anna kjøpet av alle aksjar i Alarm og Låskompaniet AS. Vilkår.

Heimel: forsl. § 7-1, § 7-2(2), finl. § 2a-7(2).

24.7.1998 - 98/4431

DnB Finans AS - Løyve til DnB Finans AS sitt kjøp av 49 prosent av aksjane i leasingselskapet Unilizings SIA Latvia. Godkjenning av endringar i organiseringa av DnB-konsernet. Vilkår.

Heimel: finl. § 2a-3(4) (6), § 2a-6(2), § 2a-7(2).

31.8.1998 - 98/6829

Chase Manhattan Bank Norge AS - Godkjenning av at Chase Manhattan Bank Norge AS blir avvikla. Vilkår.

Heimel: fbl. § 31.

4.9.1998 - 98/5809

Christiania Bank og Kreditkasse - Løyve til at Christiania Bank og Kreditkasse ASA kan utføre oppdrag for andre føretak i konsernet utan å nytte motmeklar.

Heimel: finl. § 2a-8(5) jf. fvl. § 35(1)a.

23.10.1998 - 98/6436

Sparebank 1 Gruppen AS - Saka er omtala under punktet «Løyve til å drive finanseringsverksemd og endring av vilkår».

16.12.1998 - 98/5509

Eksportfinans ASA - Løyve til at Eksportfinans ASA kjøper alle aksjar i Kommunekreditt Norge AS. Løyve til å endre vedtektene. Det blei sett frist til 31. desember 2000 med å innrette seg etter eigenavgrensingsreglane. Godkjenning av organiseringa med Eksportfinans ASA som morselskap og Kommunekreditt Norge AS som dotterselskap.

Heimel: finl. § 2a-3(2), finl. § 2a-6(2), finl. § 2-2(2) nr. 8 og nr. 9.

Samarbeidsavtalar mellom finansinstitusjonar

Kor mange: 7

16.1.1998 - 98/910

Sparebanken NOR, Bergens Skillingsbank, Christiania Bank og Kreditkasse, Finansbanken, Svenska Handelsbanken, Skandinaviska Enskilda Banken - Godkjenning av samarbeidsavtale om å utvikle vilkåra i forsikringspolisar innanfor området panthavarforsikringar.

Heimel: finl. § 2-7(1).

5.2.1998 - 98/433

Storebrand Skadeforsikring AS - Godkjenning av samarbeidsavtale mellom Storebrand Skadeforsikring AS og Opel Bank GmbH Norway Branch. Punkt 3 i avtalen om konkurranseavgrensing ikkje godkjend.

Heimel: finl. § 2-7.

6.2.1998 - 98/1893

Postbanken BA - Godkjenning av samarbeidsavtale mellom Postbanken BA, Bikuben Girobank A/S (Danmark), Postipannki Oy (Finland) og Postgirot Bank AB (Sverige).

Heimel: finl. § 2-7.

9.2.1998 - 98/245

Lokal Forsikring AS - Godkjenning av fire samarbeidsavtalar som er inngått mellom Lokal Forsikring AS og brannkassene i Nore og Trøgstad.

Heimel: finl. § 2-7(1).

18.2.1998 - 98/2213

Spareskillingsbanken AS - Godkjenning av fem samarbeidsavtalar som Spareskillingsbanken har inngått med andre finansinstitusjonar.

Heimel: finl. § 2-7.

3.4.1998 - 98/2248

Nordenfjeldske Livsforsikring AS - Godkjenning av samarbeidsavtale mellom Nordenfjeldske Livsforsikring AS og Nordlandsbanken AS. Vilkår.

Heimel: finl. § 2-7(1).

3.4.1998 - 98/2311

Nordenfjeldske Livsforsikring AS - Godkjenning av samarbeidsavtale (distribusjonsavtale) mellom Nordenfjeldske Livsforsikring AS og Fokus Bank ASA. Vilkår.

Heimel: finl. § 2-7.

Oppretting av filial og dotterselskap i utlandet

Kor mange: 3

19.1.1998 - 98/1008

Christiania Bank og Kreditkasse ASA - Løyve i ettertid til at Christiania Bank og Kreditkasse ASA kan etablere/eige selskapa Seccon Ltd. og Nordic Container Ltd. som 100 prosent åtte dotterselskap av konsernet sitt dotterselskap Christiania Finance S.A. i Luxembourg. Vilkår. Godkjenning av at Seccon Ltd. og Nordic Container Ltd. er ein del av konsernstrukturen i Christiania Bank og Kreditkasse ASA.

Heimel: finl. § 2a-3(4), finl. § 2a-6(2).

27.1.1998 - 98/1349

Vesta Forsikring AS - Løyve til at Vesta Forsikring AS kan etablere selskapet Skandia Insurance Services (UK) Ltd. Vilkår. Godkjenning av endring i konsernstruktur.

Heimel: finl. § 2a-3(4), finl. § 2a-7(2).

9.2.1998 - 97/6726

Vesta Forsikring AS - Løyve til at Vesta Forsikring AS kan etablere filial i Singapore. Vilkår.

Heimel: finl. § 2a-3(4).

Avvikling av verksemd

Kor mange: 2

17.3.1998 - 98/355

Stiftelsen Norske Liv - Godkjenning av avvikling av stiftelsen Norske Liv.

Heimel: finl. § 2-24(1) og (2).

5.5.1998 - 98/1306

Bergensbanken ASA - Godkjenning av at Bergensbanken avviklar verksemda i AS LIBRA.

Heimel: finl. § 3-6(1).

Unntak frå kapitaldekningskrav o.a.

Kor mange: 1

16.1.1998 - 98/911

Gjemnes Sparebank - Avslag på klage over vedtak i Kredittilsynet om at Gjemnes Sparebank måtte bringe si behaldning av grunnfondsbevis innanfor den grensa som er gitt i sparebanklova § 24 tredje ledd nr. 2.

Heimel: spbl. § 24(3) nr. 2.

Vedtak i samband med styre, kontrollkomitear o.a.

Kor mange: 2

9.7.1998 - 98/2390

Christiania Bank og Kreditkasse ASA - Løyve til at fire av sju styremedlemmer i Norske Liv AS samstundes kan vere tilsette eller ha tillitsverv i CBK-konsernet fram til etter ordinær generalforsamling i banken våren 2000, og at styreformann kan veljast frå dette fleirtalet.

Heimel: forsl. § 13-8(3), jf. § 5-1(1).

14.8.1998 - 98/6175

Christiania Bank og Kreditkasse ASA - Samtykke til at to av fire styremedlemmer i K-fondsforsikring AS samtidig kan være tilsett eller ha tillitsverv i CBK-konsernet.

Heimel: forsl. § 13-8, jf. § 5-1(1).

Vedtak i samband med verdipapirhandel

Kor mange: 5

11.2.1998 - 98/957

DnB Markets - Avslag på søknad frå DnB Markets om dispensasjon frå regelen om at ingen kan eige meir enn 20 prosent av aksjekapitalen i ein oppgjerssentral.

Heimel: vphl. § 6-1(7).

16.3.1998 - 98/2208

ABG Securities AS - Avslag på søknad om dispensasjon frå verdipapirhandellova § 8-6 for dei tilsette i ABG Securities AS sin svenske filial.

Heimel: vphl. § 8-6 jf. § 7-10(1).

1.7.1998 - 98/3220

Norsk Oppgjørssentral ASA - Løyve for Norsk Oppgjørssentral ASA til å drive verksemd som oppgjørssentral.

Heimel: vphl. § 6-1(1).

7.8.1998 - 98/5806

Harlow Butler (Norway) AS - Forlengt løyve for Harlow Butler (Norway) AS til å drive valutameklarverksemd for ein periode på tre år.

Heimel: lov 14. juli 1950 nr. 10 om valutamegling § 1.

12.12.1998 - 98/3884

Den norske Bank ASA - Dispensasjon for tilsette i filialane til Den norske Bank ASA i London, New York og Singapore til å handle verdipapir for eiga rekning. Det blei vist til «forskrift 11. juni 1997 nr. 593 om minstekrav til internregler for verdipapirforetak, finansinstitusjoner m.v. om egenhandel i finansi-

elle instrumenter for visse ansatte». Vilkår. Det blei ikkje gitt dispensasjon for dei tilsette i Den norske Banks filial i Stockholm. Uttala at dei tilsette i Stockholm ikkje blir rekna for å vere omfatta av tilsvarande reglar i vertsstaten.

Heimel: vphl. § 8-6, jf. § 7-10.

Vedtak i samband med eigedomsmekling

Kor mange: 1

16.2.1998 - 97/1326

Privatperson - Godkjenning av eigedomsmeklareksamen frå Statens Skola för Vuxna Norrköping.

Heimel: Lov 16. juni 1989 nr. 53 om eiendomsmecling § 1-1(2).

Andre vedtak

Kor mange: 14

17.4.1998 - 98/3272

Zürich Protector Forsikring AS - Avslag på klage over at Kredittilsynet nekta å godkjenne ei vedtektsendring om at retten til å velje selskapet sitt styre blir overført frå representantskapet til generalforsamlinga.

Heimel: forsl. § 5-1(2), § 3-2(1).

20.4.1998 - 98/846

Aust-Agder Kriesenter for kvinner - Medhald i klage over Kredittilsynet sitt vedtak om å avslå Arendal Kommunale Pensjonskasse sin søknad om godkjenning av Arendal Bystyre sitt vedtak. Arendal Bystyre sitt vedtak om at Arendal Kommunale Pensjonskasse skal omfatte Aust-Agder Kriesenter for kvinner blei godkjend.

Heimel: forsl. § 13-8(1) jf. § 7-6(1).

5.5.1998 - 98/3064

Bystasjonen Parfymeri - Avslag på klage over Statistisk sentralbyrå sitt avslag på søknad frå Bystasjonen Parfymeri om fritak frå oppgaveplikt for detaljomsetningsindeksen.

Heimel: lov 16. februar 1990 nr. 54 «om offisiell statistikk og Statistisk sentralbyrå (statistikklova)» § 2-2.

11.5.1998 - 98/4427

Bedrift-Service AS - Avslag på klage over Statistisk sentralbyrå sitt avslag på søknad frå Bedrift-Service AS om fritak frå oppgaveplikta for detaljomsetningsindeksen.

Heimel: statistikklova § 2-2.

29.5.1998 - 98/4295

Handleguiden AS - Avslag på klage frå Handleguiden AS om Einingsregisteret si registrering av Foreningen Handleguiden i Einingsregisteret.

Heimel: lov 3. juni 1994 nr. 15 «om einingsregisteret» §§ 1(2), 17, lov 21. juni 1985 nr. 79 «om enerett til firma og andre forretningskjennetegn (firma-lova)» §§ 1-1, jf. 3-1.

8.6.1998 - 98/4790

Husflidhjørnet - Avslag på klage over Statistisk sentralbyrå sitt avslag på søknad om ettergiving av oppsamla tvangsmulkt på grunn av manglande inn-sending av statistikkskjema.

Heimel: statistikklova § 2-3.

14.8.1998 - 98/6275

Privatperson (revisor) - Avslag på klage over Kredittilsynet sitt vedtak om å ileggje revisor «streng irettesettelse».

Heimel: fvl. § 34(1).

19.8.1998 - 98/5334

Wilh. Wilhelmsens Pensjonskasse - Avslag på klage over Kredittilsynet sitt vedtak om å påleggje Wilh. Wilhelmsens Pensjonskasse å føreta ei fordeling av årsoverskotet og premiefondsmidlar på dei respektive føretaka innanfor Wilh. Wilhelmsen ASA.

Heimel: ktl. § 4 nr. 9, forskrift 19.02.1993 nr. 117 «om forsikringsvirksomhetslovas anvendelse på pensjonskasser og pensjonsfond (pensjonskasseforskriften)» §§ 10, 14, 15, forsl. § 7-10, § 8-1.

28.8.1998 - 98/6610

Trondheim Kommunale Pensjonskasse - Oppheving av Kredittilsynet sitt vedtak om å nekte medlemskap i Trondheim Kommunale Pensjonskasse for føretaket Eurotrem AS. Uttala at ein føresetnad for Kredittilsynet sin kompetanse til å fatte bindande vedtak er at det finst eit vedtak frå bystyret og styret i føretaket, i samsvar med framgangsmåten i pensjonskassen sine vedtekter § 1-1 fjerde ledd.

Heimel: fvl. § 34.

31.8.1998 - 98/6418

Chase Manhattan Bank Norge AS - Innvilging av søknad om fritak frå plikta til å betale avgift til Forretningsbankenes sikringsfond for 1998. Vilkår.

Heimel: banksikringslova § 2-9(3), § 2-10.

14.10.1998 - 98/4790

Privatperson - Avvising av klage over Statistisk sentralbyrå si avvising av klage over ilegging av tvangsmulkt for brot på opplysningsplikta. Klagen ikkje framsett i tide.

Heimel: statistikklova § 2-3 jf. kapittel 3 i forskrift «om gjennomføring og utfylling av statistikklova, fvl.» § 31.

22.10.1998 - 98/8064

Informasjonsteknologi Sør ANS - Avslag på klage over registrering av enkeltmannsføretaket IT Sør Marit Joreid i Einingsregisteret. Uttala at registrering i Einingsregisteret ikkje gir firmavernrettslege verknader.

Heimel: einingsregisterlova § 17.

4.12.199 8 - 98/8462

Birkenes Sparebank og Vegusdal Sparebank - Godkjenning av samanslutning av Birkenes Sparebank og Vegusdal Sparebank med Birkenes Sparebank som overtakande bank.

Heimel: spbl. § 47, jf. § 5.

16.12.199 8 - 98/8686

Langevåg Bok & Papir AS - Avslag på klage over at Statistisk sentralbyrå har avslått søknad om fritak frå plikta til å levere oppgåve til lønsstatistikken.

Heimel: statistikklova § 2-2.
